


Rådmannen er i gang med innsparingane.



Illustrasjon: Linkhermit



Innhald

Pusterom	4
1 Kvam herad som samfunnsutviklar	5
1.1 Visjon	5
1.2 Mål og tiltak	5
1.3 Grunnleggjande føresetnader	11
1.4 Folketal	12
2 Kvam herad som arbeidsgjevar	13
2.1 Organisasjonskart for Kvam herad	13
2.1 Arbeidsgjevarpolitikk	13
2.2 Mål og tiltak	14
2.2.1 Rekruttera og behalda arbeidskraft	15
2.2.1 Heiltidskultur	16
2.2.2 Omstilling	17
2.2.3 Sjukefråvær	18
2.2.4 Helse, miljø og tryggleik	20
2.2.5 Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering	20
3 Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer	21
3.1 Brutto driftsinntekter	23
3.2 Brutto driftsutgifter	25
3.3 Finansresultat	29
3.4 Netto driftsresultat	31
3.5 Fondsmidlar	32
3.6 Investeringar	32
3.7 Balanse	33
4 Kvam herad som tenesteytar	34
4.1 Mål og tiltak	36
4.2 Økonomiske rammer for tenesteproduksjonen	37
4.3 Finans og fellespostar	38
4.3.1 Om tenestene	38
4.3.2 Mål og tiltak	38
4.3.3 Økonomiske rammer	38
4.4 Styring og kontrollverksemd	40
4.4.1 Om tenestene	40
4.4.2 Mål og tiltak	41
4.4.3 Økonomiske rammer	43
4.5 Administrasjon	44
4.5.1 Om tenestene	44
4.5.2 Mål og tiltak	44
4.5.3 Økonomiske rammer	47
4.6 Barnehage	48
4.6.1 Om tenestene	48
4.6.2 Mål og tiltak	50
4.6.3 Økonomiske rammer	52
4.7 Grunnskuleopplæring	53
4.7.1 Om tenestene	53
4.7.2 Mål og tiltak	55
4.7.3 Økonomiske rammer	58

4.8	Kommunehelse	59
4.8.1	Om tenestene.....	59
4.8.2	Mål og tiltak.....	60
4.8.3	Økonomiske rammer.....	68
4.9	Pleie og omsorg	69
4.9.1	Om tenestene.....	69
4.9.2	Mål og tiltak.....	70
4.9.3	Økonomiske rammer.....	78
4.10	Sosialteneste	79
4.10.1	Om tenestene.....	79
4.10.2	Mål og tiltak.....	80
4.10.3	Økonomiske rammer.....	83
4.11	Barnevern.....	84
4.11.1	Om tenestene.....	84
4.11.2	Mål og tiltak.....	86
4.11.3	Økonomiske rammer.....	88
4.12	Vatn, avlaup, avfall og renovasjon.....	89
4.12.1	Om tenestene.....	89
4.12.2	Mål og tiltak.....	90
4.12.3	Økonomiske rammer.....	92
4.13	Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø	93
4.13.1	Om tenestene.....	93
4.13.2	Mål og tiltak.....	94
4.13.3	Økonomiske rammer.....	97
4.14	Kultur.....	98
4.14.1	Om tenestene.....	98
4.14.2	Mål og tiltak.....	99
4.14.3	Økonomiske rammer.....	104
4.15	Kyrkja.....	106
4.15.1	Om tenestene.....	106
4.15.2	Økonomiske rammer.....	106
4.16	Samferdsel	107
4.16.1	Om tenestene.....	107
4.16.2	Mål og tiltak.....	107
4.16.3	Økonomiske rammer.....	108
4.18	Bustad	109
4.18.1	Om tenestene.....	109
4.18.2	Mål og tiltak.....	109
4.18.3	Økonomiske rammer.....	110
4.19	Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft.....	111
4.19.1	Om tenestene.....	111
4.19.2	Mål og tiltak.....	111
4.19.3	Økonomiske rammer.....	114
4.20	Brann og ulukkesvern	115
4.20.1	Om tenestene.....	115
4.20.2	Mål og tiltak.....	115
4.20.3	Økonomiske rammer.....	116
4.21	Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	117
4.21.1	Om tenestene.....	117

4.21.2	Økonomiske rammer.....	117
4.22	Fellestema: Kommunale bygg.....	118
4.22.1	Om tema.....	118
4.22.2	Mål og tiltak.....	118
4.23	Fellestema: Sosiale utgifter.....	120
4.24	Fellestema: Avskrivningar.....	121
4.25	Særtema: Kvam familie- og læringscenter.....	122
4.26	Særtema: Driftsprosjekt.....	124
5	Kvam herad – Årsrekneskap.....	125
5.1	Hovudoversikt - drift.....	126
5.1.1	Skjema 1A.....	129
5.1.2	Skjema 1B.....	129
5.2	Hovudoversikt – investering.....	130
5.2.1	Skjema 2 A.....	132
5.2.2	Skjema 2B.....	133
5.3	Balanse.....	136
5.4	Notar.....	138
5.4.1	Rekneskapsprinsipp.....	138
5.4.2	Arbeidskapital.....	139
5.4.3	Godtgjersler og honorar.....	139
5.4.4	Pensjonsnote.....	140
5.4.5	Varige driftsmidlar.....	141
5.4.6	Aksjar og partar.....	142
5.4.7	Sal av finansielle anleggsmiddel.....	142
5.4.8	Låneportefølje.....	143
5.4.9	Garantinote.....	144
5.4.10	Obligasjonsportefølje.....	144
5.4.11	Avsetjingar og bruk av avsetjingar.....	145
5.4.12	Kapitalkonto.....	146
5.4.13	Gebyrfinansierte sjølvkostnader.....	147
6	Statuskommentar til budjettvedtak, sak 094/15 og budsjettendringar.....	149
7	Vedleggoversikt.....	152

Pusterom

Teksten til budsjettokumentet for 2016 starta med eit vers frå You'll never walk alone, ein tekst som handla om håp, tru og det å aldri gje opp sjølv i mørke stunder. Då budsjettet vart utarbeidd stod verda midt i ei enorm humanitær krise og om lag 60 millionar menneske i verda var på flukt. Situasjonen skapte mykje uvisse for kommunane i Noreg. Kommunane vart oppmoda til å mobilisera sterkt og ta i mot fleire flykningar enn nokon gong før. I Kvam skulle me i tillegg ta i mot mange einslege mindreårige flykningar. Dette var ei ny oppgåve for kommunen. Ved inngangen til 2016 var det òg mykje uvisse rundt kommunereforma sin innverknad på eigen kommune og kommunane rundt oss. Det var òg varsla endringar i kommunane sitt inntektssystem.

Når året er omme, og ein skal gjera opp status ved årsslutt, gløymer ein lett desse føresetnadane som låg til grunn då ein gjekk inn i året, og alle hendingane som gav endra føresetnader gjennom året. 2016 vart ikkje slik som det såg ut hausten 2015. Flykningstraumen inn til landet vart brått endra og for kommunen vart året prega av oppbygging og nedbygging av denne tenesta. Kommunereforma kom brått i gang etter nyttår, krov mykje arbeidsinnsats, og kokte bort i kålen. Sjølv om endringane i inntektssystemet ikkje var spesielt positive for ein kommune som står utanfor kommunereforma, får ikkje dette noko å seia før i 2017.

Når netto driftsresultat i 2016 vart på 17,6 millionar, så er det 21,8 millionar kroner betre enn budsjettet. Dette bør i utgangspunktet utløysa store jubelbrøl. Det kunne vore nokså freistande. Men med tanke på kva som skjer i 2017 og i 2018 vel rådmannen i staden å vera nøktern optimist. Det er pusterommet dette gode resultatet gjev oss som gledar rådmannen, men fortset me med fornuftig styring av heradet framover kan robek-spøkelset vera parkert for lang tid framover.

Årsmeldinga er eit omfattande dokument som lett kunne vore mykje kortare. Når rådmannen likevel vel å leggja fram eit dokument på over 33000 ord så er det med eit ynskje om å informera om den breie verksemda til Kvam herad, og ikkje minst for å synleggjera den raude tråden i det me gjer. No når fleire og fleire planar er komne på plass, er det lettare å laga ei årsmelding som knyt saman mål og resultat. Rådmannen kjem til å arbeida vidare med å utvikla styringssystema til heradet slik at måloppnåinga skal verta endå betre.

Mål- og resultatstyring er ein liten del av styringssystemet til heradet. LEAN er ein viktig premis for å utvikla organisasjonen vidare. LEAN kom godt i gang i 2016. I 2017 vil rådmannen intensivera arbeidet endå meir, slik at me kan visa fram endå fleire målbare gevinstar av arbeidet. Allereie no ser me at gjennom å utvikla ein LEAN-kultur, eller ein kultur for kontinuerleg forbetring, så vil me gje organisasjonen eit løft som me kan leva på lenge. Rådmannen vil prioritera leiarutvikling i tråd med LEAN-filosofien og organisasjonsutvikling etter prinsippa om mestringsorientert leing, for å skapa langsiktige resultat vidare.

Pusterom og organisasjonsutvikling til trass, beinhard disiplin og sterkt økonomifokus vil vera nødvendig dei neste åra også. Me kan ikkje rekna med at alle dei ekstraordinære inntektene vert med oss inn i 2017. Det vil framleis vera naudsynt å gjera politiske og administrative grep både med struktur, tenestnivå og effektivisering dei neste åra for å få fram varige endringar som gjev oss ein sunn kommuneøkonomi.

Rådmannen vil takka kommunepolitikarar, leiarar og medarbeidarar for god økonomistyring i 2016.

Arild McClellan Steine
- rådmann -

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat 2016
<p>Stadutvikling</p> <p><i>Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.</i></p>	Sentra våre skal framstå som estetisk vakre slik at det vert attraktivt å bu, vitja og etablere seg der.	Kvam herad skal aktivt bidra med vidare planlegging, sikring og opparbeiding av fellesareal i sentrumsområda.	Moglegheitsstudie i Øystese Reg.plan Ålvik sentrum Arbeid med ny arealplan
	Sentra våre skal framstå som trafikksikre og trygge for mjuke trafikantar	Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegssystem i, rundt og gjennom sentra.	Gang- og sykkelveggar på strekninga Vikøy – Laupsa er i ferd med å verta ferdigstilt som del av «Kvammapakke»-prosjekta. I samband med barnehageprosjekta, er det laga gang- og sykkelfortau. Forbetra haldeplassar ved busshaldeplass ved Øystese barneskule
	Sentra våre skal vidareutviklast med eit stort engasjement	Kvam herad skal leggja til rette for brei medverknad, med idédugnader og folkemøte, der spesielt barn og unge skal vera invitert.	Innspelsmøte i samband med studie i Øystese. Idédugnad for utvikling av Haugamyrdrettspark
	Me vil at fellesareala og infrastrukturen i tettstadane skal framstå som attraktive, tiltrekkjande og tilgjengelege	Kvam herad skal ha ansvaret for at den felles infrastrukturen vert bygd ut.	Brukt prispengar for «Attraktiv stad 2013» til delbetaling av ny utescene i Norheimsund sentrum
	Me vil at sentrumsområda skal vera mangfaldige og ha ei blanding av service, kontor og bustad	Kvam herad skal i si planlegging sørgja for at sentrumsområda får ein god variasjon mellom service, kontor og bustad.	Starta arbeid med Kvam Famle- og læringscenterhus i Norheimsund sentrum
	Me vil ha trygge og gode tettstadar og lokalsamfunn	Kvam herad skal, med godt og tverrfagleg ROS-arbeid, driva med førebyggjande arbeid for å hindra ulukke og skadar.	ROS-analyse ferdigstilt i 2015. Revidert trafikksikringsplan i 2016. Utbygging av gang- og sykkelveggar som førebyggjande tiltak.
	Me vil ha aktive handelsentra	Det skal leggjast til rette for at det skal vera attraktivt å etablere seg med forretningar i sentrum.	Moglegheitsstudie i Øystese.
	Me vil at den framtidige gjennomgangstrafikken skal gå utanom Norheimsund	Me planlegg trafikken i tunnel.	Ikkje utført arbeid i 2016

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat 2016
<p>Bustad</p> <p>Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.</p>	Me vil ha eit meir variert og godt tilgjengeleg bustadtilbod i heile kommunen.	Kvam herad skal til ei kvar tid sjå til at det er godkjente areal- og reguleringsplanar i heile kommunen.	Ny arealplan under utarbeiding. Det er per i dag godkjente bustadplanar i heile kommunen.
	Me vil ha tett utnytting i sentra og spreidd i grendene.	Kvam herad skal i si planlegging følgja opp arealstrategiane for senterstruktur og utnytting av LNF-område.	Arealstrategiane vert brukt i reguleringsplanarbeid og som grunnlag til ny arealplan
	Me vil at det skal vera tilrettelagt rimelege bustadformer for førstegongsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing.	Kvam herad skal bidra med god rettleiing, god utnytting av verkemidlar og god planlegging.	Kvam herad tok opp 10 mnok i lån frå Husbanken og lånte ut 8,5 mnok av husbankmidlane. Kommunen har selt tomt og lagt til rette for bustadbygging i regi av Kvam bustadstifting.
	Me vil at Kvam herad skal vera ein aktiv pådrivar for bustadbygginga i Kvam.	Kvam herad skal oppretta eit eige bustadkontor, som skal ha ansvaret for utbygging og rettleiing.	Ikkje oppretta eige bustadkontor, men er laga samarbeidsorgan (bustadteam)
	Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærrekreasjonsområde.	Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.	Kommunen utbetalar tilskot til lokale lag og organisasjonar til nærmiljøtiltak. Kommunen har saman med Bergen og omland friluftsråd starta arbeidet med kartlegging av friluftsområde i kommunen.
	Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa.	Kvam herad skal kartleggja den funksjonelle strandsona, der fortetting skal skje i noverande bebygde område og område som er eigna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.	Den funksjonelle strandsona er kartlagt i samband med ny arealplan.
	Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt.	Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass infrastruktur.	Sanering og investering i VA-infrastruktur i samband med «Kvammapakken». Utbetring av infrastruktur til Torpe.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat 2016
<p>Infrastruktur og kommunikasjon</p> <p>Kvam skal ha ein trafikkisikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvida kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikra ei betre samhandling mellom grendene.</p>	<p>Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen.</p>	<p>Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeida med å få på plass Hardangertunnelen.</p>	<p>Oppstart på arbeidet med revisjon av Kvammapakken med ev. utviding til Hardangertunnelen starta hausten 2016. HST gjorde vedtak om oppretting av eige prosjekt «Hardangertunnelen – frå ide til røyndom» med oppstart i 2017.</p>
	<p>Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravdal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka.</p>	<p>Kvam herad skal sørgja for at godkjente reguleringsplaner for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandla med regionale styremakter for å få på plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.</p>	<p>Kommunen har arbeidd med reguleringsplanar på Kvamskogen og Håfjellstunnelen.</p> <p>Støtta «Hordalandsdiagonalen» økonomisk.</p> <p>Jamlege møter med fylkeskommunen og Statens vegvesen.</p>
	<p>Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete skal verta betre tilgjengeleg.</p>	<p>Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel.</p>	<p>Kjem som del av arealplan</p>
	<p>Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen.</p>	<p>Kvam herad skal samarbeida med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.</p>	<p>Har jamlege møter med fylkeskommunen, Statens vegvesen og Skyss. Laga uttale til plan om kollektivtiltak.</p>

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
<p>Verdiskaping gjennom samarbeid</p> <p>I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet</p>	<p>Entreprenørskap</p> <p>I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet.</p>	<p>I Kvam skal me etablere nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenking.</p>	<p>Skulane deltek i «Ungt entreprenørskap». Kommunen etablerte prosjektet «Forstudie Meieriet Øystese» saman med Tine og Hordaland fylkeskommune for å finna ny næringsverksemd til meierilokala.</p>
	<p>Møteplassar</p> <p>I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.</p>	<p>I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane.</p>	<p>Kvam herad har ei rekkje idretts- og gymhallar, skule- og kulturbygg som lag og organisasjonar får disponera gratis. Støtte til oppføring av «Skyspace» som del av Kabuso i Øystese.</p>
	<p>Frivilligheit og kommunen</p> <p>I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.</p>	<p>I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg på eigne premisar.</p>	<p>Gjennomført «Frivilligheitsundersøkinga». Tilskot og samarbeid med Grannehjelpa, samt fristilling av ressursar til gjennomføring av arrangement. Tilskot til lag og organisasjonar</p>
	<p>Breidde og mangfald i kulturlivet</p> <p>I Kvam vil me ha breidde og mangfald i kulturtilbodet.</p>	<p>I Kvam skal me støtta opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.</p>	<p>Tilskot til lag og organisasjonar.</p>
	<p>Lokaldemokratiet</p> <p>I Kvam vil me ha ei aktiv og deltakande befolkning.</p>	<p>I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevalde får reell påverknad på samfunnsutviklinga.</p>	<p>Gjennomførte 4 folkemøte om kommunereform.</p>
	<p>Vidaregåande skular</p> <p>I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år.</p>	<p>I Kvam skal me i lag med Hordaland fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og framtidsretta skule i Norheimsund.</p>	<p>Arbeidet med ny vidaregåande skule i Norheimsund sentrum, er starta opp saman med fylkeskommunen.</p>
	<p>Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet</p> <p>I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet.</p>	<p>Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplingar i mellom Kvam herad, lokale verksemder og forskningsmiljø.</p>	<p>Tilskot til studiesenter i Øystese. Tilskot til næringslivet.</p>

	Opplevingsøkonomien I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn.	I Kvam skal me profesjonalisera oss som opplevingskommune.	Ikkje gjennomført særskilde tiltak i 2016. Er avsett kr 50.000 for 2017.
--	---	--	--

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»	Resultat
Livskvalitet I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.	Frivillig sektor I Kvam vil me ha frivilligheit og dugnadsinnsats som eit viktig fundament i lokalsamfunnet.	I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.	Nokre av eldsjelene i Kvam vart invitert til kongeparet sin hagefest, etter tilråding frå kommunen. Årleg kåring av eldsjel i regi av Grannehjelpe.
	Arbeid- og aktivitetstilbod I Kvam vil me at alle skal koma seg ut i arbeid.	I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeida, for å få alle ut i arbeid	Oppretting av «Ressurs» som tiltak i regi av NAV som tilbod til mottakarar som har aktivitetskrav. Kommunen legg til rette for språk- og arbeidstreningsplassar.
	Fysisk aktivitet hjå befolkninga I Kvam vil me at alle skal vera litt meir i fysisk aktivitet.	I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket.	Gjennomført «Trakk og snakk» i Ålvik og Øystese. Gjennomført europeisk mobilitetsveka i september. Kjøpt sykklar til bruk for kommunale tilsette.
	Barnehage I Kvam vil me ha barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring.	I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.	Opna nye barnehagebygg i Tørvikbygd og Øystese. Nye bygg i Strandebarm og Norheimsund vert ferdigstilt i 2017.
	Tverrfagleg samarbeid I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid	I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for møteplassar som fremjar samarbeid.	Tilskot og støtte til lag og organisasjonar.
	Samfunnstryggleik Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare	Gjennomføra gode risiko- og sårbarheitsanalysar med gode kunnskapsgrunnlag. Kontinuerleg fokus på førebyggjande tiltak. Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider	ROS-analyse ferdigstilt i 2015. Ikkje gjennomført beredskapsøving i 2016. Ny beredskapsplan under utarbeiding.


1.3 Grunnleggjande føresetnader

Grunnleggjande føresetnadar for å nå samfunnsmåla i kommunen, er **folkehelse og berekraftig utvikling**. For kommuneorganisasjonen er **lokaldemokrati og etikk** dei viktigaste føresetnadane. Arbeidet med kommunen sitt første oversiktsdokument over helsetilstanden og faktorar som påverkar helsetilstanden, jf. «Folkehelseoversikt for Kvam 2016 – 2019.», vart lagt fram for heradsstyret i juni 2016. Oversikta peikar på at innbyggjarane i Kvam i det store og heile har god folkehelse. Det er mangelfull kunnskap om innvandrarak si helse (gjeld for heile landet).

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Folkehelse - «Helse i alt me gjer».	Alle avdelingar i kommunen skal ha forståing for «helse i alt med gjer» og arbeida for å ha «helse i alt me gjer».		Sjå resultat under «Kommunehelse - Folkehelse»
Berekraftig utvikling – «Føre-var-prinsippet»	Behova vert dekt utan å øydeleggja behova til komande generasjonar. Forbruket av ikkje-fornybare ressursar vert redusert. Fornybare ressursar skal forvaltast på ein forsvarleg måte.	Avgjersler som påverkar den økologiske, økonomiske og sosiale berekrafta skal vurderast og konsekvensar for framtida skal synleggjerast.	Investering i gang- og sykkelveggar og infrastruktur for vatn og avlaup. I gang med å byta til LED-pærer i kommunale bygg.
Lokaldemokrati	Kvam herad skal leggja til rette for ei brei deltaking i viktige avgjersler som vert fatta på lokalt nivå	Positiv dialog Lett tilgjengeleg informasjon om pågåande prosessar	Gjennomført spørjeundersøking og 4 folkemøte om kommunereform
Etikk	Tillitsskapande forvaltning som bygger på ein høg etisk standard	Kommunen sine etiske retningslinjer skal leggjast til grunn ved kommunen sine val og prioriteringar	Etikk oppe som tema i avdelingsmøter med jamne mellomrom. Rådmann og økonomisjef deltok på nasjonal etikk-konferanse og tok opp tema frå konferansen i interne møter i etterkant.


1.4 Folketal

Folketalsutviklinga i kommunen har i perioden 2014-2016 hatt ei negativ utvikling, etter nokre år med vekst. Fødselsoverskotet svingar rundt null, medan det er netto innflytting som har gjeve dei store endringane.



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå


Per 1.1.2017 hadde Kvam herad 8.423 innbyggjarar. Fordelinga per alder og kjønn viser at fordelinga er nokolunde jamn, men at det er ei overvekt av menn i nokre aldersgrupper og kvinner i andre.



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå

2 Kvam herad som arbeidsgjevar

2.1 Organisasjonskart for Kvam herad



Kvar av elementa i kartet ovanfor symboliserer ei eining, med unntak av rådmann og HR-sjef. Dei store driftseiningane har fått blå farge: «Oppvekst», «Helse og omsorg» og «Teknisk». Einingane er igjen delt opp i avdelingar.

2.1 Arbeidsgjevarpolitikk

Ein gjennomtenkt og god arbeidsgjevarpolitikk ser dei menneskelege ressursane i organisasjonen som sjølv grunnlaget for å utvikla gode kommunale tenester. Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad.

Gjennom god arbeidsgjevarpolitikk vil me at leiarar i Kvam herad skal:

- bruka tid på leiing
- ha resultatfokus
- vera konstruktive
- visa endringsvilje
- gje tydeleg retning

Arbeidsgjevarpolitikken skal også leggja til rette for at medarbeidarar:

- er serviceinnstilte og imøtekomande
- tek ansvar og er profesjonelle
- samarbeider med andre
- deler kompetanse og er nytenkjande

Arbeidsgjevarpolitikken skal leggja til rette for nyskaping og motivera til at nye idéar kjem fram slik at me stadig utviklar oss.

Arbeidsgjevarpolitikken skal bidra til rekruttering og eit positivt omdøme, slik at Kvam herad kan behalda og rekruttera kvalifisert arbeidskraft til å utføra oppgåvene.

Arbeidsgjevarpolitikken skal synleggjera Kvam herad sin arbeidsgjevarpolitiske retning og prioriteringar.

2.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Medarbeidar-utvikling	Leggja til rette for nytenking og kompetanseutvikling.	Halda fram med å nytta LEAN til vidare utvikling av organisasjonen Intern forslagskasse på www.oppsiktsvekkjande.no	Implementering av LEAN-filosofien i heile organisasjonen starta i 2016. 13 tilsette vart sertifiserte som LEAN-navigatørar gjennom KPMG. LEAN navigatørforum er oppretta. Alle budsjettansvarlege har fått grunnleggjande kunnskap om LEAN
	Det er eit mål at alle tilsette har min. fagutdanning.	Desentralisert studietilbod Tilskot gjennom stipendordningar	6 tilsette deltek på 4-årig desentralisert sjukepleiarutdanning Til saman 11 lærlingar har avlagt fagprøve i løpet av året: 8 innan helsefag og 3 innan barne- og ungdomsarbeid. Om lag 16 % er tilsett i stillingar utan særskilt krav om utdanning
	Lønsvilkår som gjer kommunen i stand til å rekruttera kvalifisert arbeidskraft. I den samla lønspakken inngår pensjons- og forsikringsordningar.	Sjå eige avsnitt om å rekruttera og behalda arbeidskraft	Kjem meir om dette i ny lønspolitisk plan i 2017
	Rolle og ansvarsfordelinga i Kvam herad skal vera effektiv og tydeleg. Delegering av mynde skal vera i tråd med delegeringsreglementet i kommunen.	Ferdigstill administrativt delegeringsreglement	KF delegering vert nytta for elektronisk registrering og som oppslagsverk. Administrativt delegeringsreglement er under utarbeiding. Ferdigstilling i 2017.
	Kvam herad ynskjer å vera ein omstillingsdyktig organisasjon. Leiarar og medarbeidarar har eit medansvar for vidareutvikling av organisasjonen.	Halda fram med å nytta LEAN til vidare utvikling av organisasjonen Bruka omstillingsutval i omstillingsprosessar Sjå eige avsnitt om omstilling	Sjå over om LEAN. Omstillingsavtale med arbeidstakarorganisasjonane er inngått Retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning vart vedtekne i adm.utvalet 15.11.2016

			Partssamansett omstillingsutval er etablert med formål om å sikra at omstillingsprosessar skjer etter dei køyrereglane partane er einige om
	Tilsette som opplever kritikkverdige forhold på arbeidsplassen har rett og plikt til å varsle overordna utan at det skal få negative følgjer for den som varslar.	Gjera kjent varslingsrutinene i dei etiske retningslinjene	<p>Personalhandbok med ulike lokale retningslinjer ligg tilgjengeleg på intranett for alle tilsette.</p> <p>Anbudsrunde på nytt kvalitetssystem vart gjennomført i 2016 - skal implementerast i 2017</p> <p>Varslingar vedk. kritikkverdige forhold på arbeidsplassen er handterte med grunnlag i interne «retninglinjer for handtering av konflikter, utilbørleg åtferd og trakassering» og med bistand frå bedriftshelsetenesta</p>

2.2.1 Rekruttera og behalda arbeidskraft

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Ei av hovudutfordringane for Kvam herad er å sikra kvalifisert arbeidskraft i alle stillingar. Det inneber både nyrekruttering og å halda på den kompetansen me har i organisasjonen. Endra behov og auka krav og forventningar frå innbyggjarane pregar kommunesektoren. Framtidig mangel på arbeidskraft og knappe ressursar gjer at me må løysa oppgåvene på nye måtar.	<p>Sikra kvalifiserte medarbeidarar i alle stillingar</p> <p>Kvalitet i rekrutteringsprosessar</p> <p>Behalda og utvikla kompetanse i organisasjonen</p>	<p>Bruka leiar- og medarbeiderskapsirkelen aktivt</p> <p>Delta på relevante rekrutteringsarenaer for kommunen</p>	<p>Kvam herad merkar auka tilgang på søkjarar til tekniske stillingar. Det er framleis utfordringar med å rekruttera sjukepleiarar til vikariat og særskilt under ferieavvikling – noko som har medført auke i bruk av vikarbyrå. Tiltak som er sett i verk: auka tal faste vikarstillingar, lokal lønspolitikk, nye arbeidstidsordningar</p> <p>Kvam herad deltok på Nærings- og utdanningsmessa i Øystese. Tiltaket var retta mot ungdom og utdanningsval – spissa mot</p>

		<p>Leggja til rette for vidareutdanning gjennom tilskotsordningar, permisjonar, desentralisert utdanning m.m.</p> <p>Auka tal studentar via høgskuleutdanning i Hardanger og www.studiesenteret.no</p> <p>Innføra tiltak som gjer det mogleg for gravide å vera i arbeid lengst mogleg under svangerskapet</p> <p>Revidera plan for lokal lønspolitikk</p>	<p>fagutdanning innan helse og barn/ungdom</p> <p>7 lærarar tek vidareutdanning via Utd.direktoratet – «Kompetanse for kvalitet»</p> <p>6 deltakarar på desentralisert sjukepleiarutdanning</p> <p>2 deltakarar på vidareutdanning innan rusproblematikk</p> <p>26 studentar er registrerte hausten 2016</p> <p>Gjennomført internkurs for leiarar «Gravide i jobb» med bistand frå NAV. Vert følg opp vidare i 2017.</p>
	<p>Hindra kompetansetap m.a. i form av sjukefråvær</p> <p>Ein lokal lønspolitikk som støttar opp om kommunen sitt mål om kvalifisert arbeidskraft</p>		

2.2.1 Heiltidskultur

Kvam herad, særleg pleie og omsorg og barnehage, ber preg av ein deltidskultur. Mykje deltid er uheldig for kvaliteten på tenestene og gjer det vanskelegare å rekruttera tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft. Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner var i 2015 68 % og for menn 66 %¹.

¹ Kjelde: KS Arbeidsgivermonitor 2015. Deltidsmannskap (menn) i Kvam brannvern har 2% stilling knytt til faste øvingar og dette påverkar total stillingsstorleik blant mannlege tilsette

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Heiltidskultur er nødvendig for at Kvam herad skal vera ein attraktiv arbeidsplass i framtida. Det vil skapa mange gevinstar i form av betre tenestekvalitet og lettare rekruttering. Det har ei materiell side med arbeidstidsordningar og ei kulturell side som handlar om å endra haldningar.</p> <p>Heiltidskultur må verta norma – ikkje deltid. Me må unngå at unge, nyutdanna implementerer deltidskulturen</p>	<p>Auka gjennomsnittleg stillingsstorleik hjå kvinner spesielt</p>	<p>Innføring av nye arbeidstidsordningar</p> <p>Innføring av årsarbeidsplanar – «årsturnus»</p> <p>Nytta ledige deltidstillingar til å auka stillingsstorleiken for andre deltidstilsette framfor å lysa ut ny deltidstilling</p> <p>Tilby nyutdanna heiltidsstillingar</p> <p>Tilby kombinasjonsstillingar</p> <p>Gjennomføra kvalifiseringstiltak for ufaglærte</p>	<p>Innført ordningar med ekstra helgearbeid og langtturnus</p> <p>Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner var 68 % mot 67 % året før. Tilsvarande prosent for menn var 66 mot 69 året før</p> <p>Planleggingsarbeid pågår i tre grupper i pleie og omsorg</p> <p>Det er utarbeidd lokale retningslinjer for å auka talet på heiltidstilsette der desse målsetjingane inngår</p> <p>Vert alltid vurdert ved ledige deltidstillingar</p> <p>Kvam herad er tildelt VOX-midlar i samarbeid med Folkeuniversitetet. Tiltak utsett til 2017 på grunn av for få deltakarar</p>

2.2.2 Omstilling

Auka utgifter, sterkare og lovfesta rettar til tenester og svipt i inntekter kan medføra store utfordringar for kommunen i åra framover. Kommunen sin evne til omstilling vert utfordra på mange måtar. Behov for nedbemanning i deler av kommunen, bl.a. som følge av innføring av ny teknologi, samstundes som oppgåvene og kompetansebehovet aukar på andre område. Per i dag er det allereie ei utfordring når det gjeld å sikra rett kompetanse på rett plass.

Adminstrasjonsutvalet har vedteke retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning, og det er inngått omstillingsavtale med arbeidstakarorganisasjonane. Avtalen skal sikra medverknad frå tilsette i omstillingsprosessar og inneheld bl.a. nye tiltak som bruk av sluttavtalar innan område der det er ubalanse mellom tilgjengeleg kompetanse og kommunen sitt kompetansebehov.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Omstillingsbehov som følge av kostnadsauke og inntektsnedgang	Oppretthalda og vidareutvikla eit godt tenestetilbod kombinert med å bremsa kostnadsveksten	Smart organisering og innføring av ny teknologi Satsing, nytenking og investering i kompetanse, verktøy og metodikk	Arbeid med innsparingstiltak er i gang i heile organisasjonen Implementering av LEAN – som filosofi, metode og verktøy pågår
Omstillingsbehov som følge av endra behov, auka krav og forventningar til kommunale tenester	Produsera meir og helst like godt med relativt mindre ressursar	Gjennomføring av omstillingsprosessar gjennom omorganisering, omplassering og nedbemanning	

2.2.3 Sjukefråvær


Kvam herad har vore IA-verksemd sidan 2003. Det er utarbeidd handlingsplan for IA-arbeidet med målsetjingar innan dei tre nasjonale IA-delmåla:

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Høgt sjukefråvær er kostbart og medfører kompetansetap for Kvam herad som tenesteorganisasjon	Delmål 1 i IA-avtalen: Sjukefråvær – aktivitetar for å redusera sjukefråvær	Støtta opp om IA-avtalen som stimulerer til dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar på den enkelte arbeidsplass gjennom: <ul style="list-style-type: none"> - oppfølgingsamtalar - dialogmøte - bruk av IA-verkemiddel - tilretteleggingstiltak Utvikla leiarar med grunnlag i arbeidsgjevarpolitisk plattform om leiar- og medarbeidarskap <ul style="list-style-type: none"> - leiarsamlingar/kurs - leiarstøtte Implementera ny it-løysing for sjukefråværsrapportering til einingane Utarbeida årsplan for bedriftshelsetenesta sitt arbeid Revidera IA-plan i samarbeid med tillitsvalde og NAV Tiltak definert i IA-handlingsplan	Leiarar i Kvam herad nyttar tilskotsordningane i IA-avtalen i for liten grad. I 2016 vart det gitt tilskot til førebygging og tilrettelegging med kr 68.287. VISMA HRM implementering starta 1.1.2017 Gjennomført Gjennomført

	<p>Legemeldt sjukefråvær skal ikkje overstiga 6,5 %</p> <p>Delmål 2: Personar med redusert funksjonsevne – tilrettelegging for eigne tilsette og utprøving av kandidatar frå NAV</p> <p>Delmål 3: Avgangsalder – tilrettelegging for ulike livsfasar og forlenga yrkeskarrieren</p>	<p>Tiltak definert i IA-handlingsplan</p>	<p>Resultat: Legemeldt sjukefråvær på om lag 5,6 %</p> <p>Pågår kontinuerleg tilrettelegging og utprøving for eigne tilsette. Tilbyr også for ekstrene der det er kapasitet til å ta imot</p> <p>11 tilsette tok ut heil eller delvis AFP</p> <p>12 tilsette tok ut alderspensjon</p> <p>Avgangsalderen i kommunesektoren var 63,9 år, medan den i Kvam herad var 65,5 år i KLP og 64 år i SPK</p>
--	---	---	--

Utviklinga i sjukefråværet

Resultatmålet for legemeldt sjukefråvær i IA-handlingsplanen er 6,5 %. Resultatmålet skal vera nådd innan 31.12.18. Per 31.12.2016 ligg det samla (legemeldt og eigenmeldt) sjukefråværet på **6,6 %**, der eigenmeldt fråvær utgjer om lag 1 %. Resultatmålet er dermed nådd i 2016. Særleg positiv utvikling har me sett innan reinhaldstenesta der fråværet er redusert frå 11,2 % i 2014 til 6,3 i 2016.



2.2.4 Helse, miljø og tryggleik

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. aml. § 3-1 og internkontrollforskrift a</p> <p>Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette</p> <p>Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsystem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter blir ivaretekne</p> <p>Det skal arbeidast målretta for kontinuerleg å betra HMS-relaterte forhold</p>	<p>Gjennom eit systematisk HMS-arbeid oppfylla krava i lov og forskrift</p> <p>Oppfylla krava i forskrift om organisering, leiing og medverknad § 13-2</p> <p>Eit brukarvenleg HMS-system som ivaretek spesifikasjonane frå konkurransegrunnlaget</p> <p>Tilsette skal oppleva at dei har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø verna mot fysiske eller psykiske belastningar</p>	<p>Følgja opp og etterspørja tiltak etter arbeidsmiljøkartlegging 2015</p> <p>Arbeidsmiljøkartlegging</p> <p>Årsplan for HMS-arbeidet i samarbeid med bedriftshelsetenesta</p> <p>Implementera nytt kvalitetssystem inkl. HMS-system</p> <p>IA/HMS-planar på den enkelte arbeidsplass</p>	<p>Rapportering til Arbeidsmiljøutvalet</p> <p>Planlagt ny arbeidsmiljøundersøking i 2017</p> <p>Anbodskonkurranse gjennomført Oppstart våren 2017</p> <p>Vert systemisert gjennom nytt kvalitetssystem</p>

2.2.5 Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<p>Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova</p>	<p>Det skjer ikkje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova</p>	<p>Oppmoda søkjarar i stillingsannonser der det eine kjønn er underrepresentert</p> <p>I stillingsannonser framleis oppmoda om mangfald og at organisasjonen skal spegla befolkninga</p>	<p>Gjennomført ved fast tekst i alle eksterne stillingslysingar.</p> <p>Over 90 % av av dei tilsette er kvinner. I leiargruppa til rådmannen er 57 % kvinner.</p> <p>Gjennomført ved fast tekst i alle eksterne stillingslysingar</p>

3 Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer

Kommunerekneskapen er delt opp i to: drift og investering. I budsjett- og årsmeldingssamanheng, er det offentlege Noreg oppteken av to hovudelement for den kommunale drifta:

1. Kva teneste kommunen brukar pengar på går fram av skjema 1B for drift. Tenestene vert omtala i eige kapittel – «Kvam herad som tenesteytar». Når det gjeld investeringar er midlane fordelt på ulike investeringsprosjekt som vert nærare omtala i vedlegg til årsmeldinga.
2. Kva ressursar kommunen brukar for å produsera tenestene, er svara på i hovudoversikt drift og investering. Hovudlinjene vert omtala i dette kapittelet. Sjå elles eige kapittel for detaljar i kapittelet «Kvam herad – Årsrekneskap».

Kvam herad forvaltar store økonomiske ressursar, både i drifts- og investeringsmidlar og i eigedelar. I 2016 er driftsinntekter på 799,2 mnok² og det vart investert for 180,5 mnok. Per 31.12.2016 forvalta kommunen eigedelar verdsett til 2,6 milliardar kroner.

Kommunen har eigedomsskatt³ og ein del kraftrelaterte inntekter som har gjeve rom for å investera og ha eit høgare driftsnivå enn det statlege overføringar og brukarbetalingar tilseier.

Investeringane er i hovudsak lånefinansiert, og Kvam herad hadde 979,5 mnok per 31.12.2016 i lån etter at det m.a. er bygd/ombygd barnehagar, skular, omsorgsbustadar, institusjonsplassar og infrastruktur for vatn og avlaup. Gjeldsgraden utgjorde 125 % av brutto driftsutgifter, mot eit nasjonalt tilrådd mål på 75 %.

Hovudtal for drifta 2015-2020:

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik vs budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Brutto driftsinntekter	799,2	716,0	83,2	761,6	37,6	772,0	766,6	769,8	770,2
Brutto driftsutgifter	781,7	729,8	51,9	767,7	14,1	765,6	756,3	756,2	761,2
Brutto driftsresultat	17,5	-13,8	31,3	-6,0	23,5	6,4	10,3	13,6	8,9
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-35,4	-38,4	3,0	-38,0	2,5	-39,8	-46,8	-46,8	-45,8
Netto driftsresultat	17,6	-21,1	38,7	-4,2	21,8	6,6	3,5	6,8	3,1
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	2,2 %	-2,9 %	46,5 %	-0,6 %	58,2 %	0,9 %	0,5 %	0,9 %	0,4 %

Det har lenge vore kjent at kommuneøkonomien generelt står ovanfor store utfordringar som bl.a. «eldrebølgja», høgare forventningar til offentlege tenester, fleire velferdsoppgåver og store vedlikehaldsetterslep på kommunale eigedomar. I tillegg har Kvam herad hatt utfordringar med bl.a. reduserte kraftinntekter, høg gjeldsgrad og å stå utanfor sentraliseringssatsinga.

I 2014 og 2015 gjekk kommunen med underskot. Ei rekkje innsparingstiltak vart sett i gang for å redusera utgiftene og auka inntektene. I budsjettet for 2016 såg det likevel ut som at kommunen ville få nok eit år med underskot, før ein i økonomiplanperioden 2017-2020 igjen skulle få overskot etter kvart som tiltaka skulle realiserast.

Fleire hendingar i 2016 har gjort at Kvam herad i 2016 i staden fekk eit gledeleg netto driftsresultat på 17,6 mnok. Det er 21,8 mnok betre enn budsjettet og 38,7 mnok betre enn i 2015. Det gjer og at kommunen i 2016 fekk eit netto driftsresultat på 2,2 % av driftsinntektene, som er høgare enn det tilrådde nasjonale målet på 1,75 %.

Det er først og fremst inntektene som har hatt ein kraftig vekst i 2016. Totalt vart inntektene 37,6 mnok høgare enn budsjettet. Av denne auken utgjorde auke i refusjonsinntektene 17,6 mnok. I tillegg til auka refusjonsinntekter, vart brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter 7 mnok høgare enn budsjettet, skatt og rammetilskot 7,2 mnok meir og det kom 5,8 mnok meir i ulike statlege overføringar.

² Mnok er forkorting for millioner kroner

³ Eigedomsskatten er 7 promille for verk og bruk, og 4 promille for bustadar og fritidsbygg

Det er ingen netto auke i løn og sosiale utgifter, men ein kraftig auke i kjøp av vikartenester på 9 mnok utover budsjettramma. Ein del av auken i inntekter er vidareformidling til andre personar eller organisasjonar, noko som medfører ein auke i overføringsutgifter til andre på 7,1 mnok. Nivået på avskrivningar vart 4,2 mnok lågare enn budsjettet, då ein del av investeringsprosjekta framleis er under arbeid, og ikkje klar for avskrivning. Totalt auka driftsutgiftene med 14,1 mnok meir enn budsjettet.


Resultat av eksterne finanstransaksjonar vart 2,5 mnok betre enn budsjettet då inntektene frå plassering i bank og obligasjonar vart 1,5 mnok betre, og rente- og avdragsutgiftene på lån 1 mnok lågare.

Underskota i 2014 og 2015 vart dekkja av tidlegare oppsparte fondsmidlar, både bundne fondsmildar til særskilte føremål og frie disposisjonsmidlar. Underskota tærte hardt på dei frie disposisjonsmidlane, og per 1.1.2016 var disposisjonsfondet på 16,3 mnok. Det er eit politisk mål at disposisjonsfondet skal ha ein storleik på minst 4 % av driftsutgiftene. Etter ei styrking av fondsmidlane på 18,6 mnok i 2016, utgjer no fondet 34,8 mnok. Det tilsvarer 4,5 % av brutto driftsutgifter.

Noko av resultatforbetringa i 2016 gjeld inntekter som er opparbeidde tidlegare år, og har lege som reservar i balansen. Det gjeld eit framførbart underskot i sjølvkostområde på 4,7 mnok, der 2,5 mnok ligg att til innløyning i 2017. I tillegg låg det ca. 6 mnok i ulike lønsrefusjonar frå fleire tidlegare år, som er inntektsført i 2016. Om lag 8,2 mnok av resultatet i 2016 er såleis knytt til tidlegare år, og vert ikkje vidareført i 2017. Veksten i skatteinntekter er heller ikkje forventta å halda fram, slik at arbeidet med innsparingstiltaka må gå etter planen. Men det gode resultatet i 2016 gjev Kvam herad ein buffer til å møte komande utfordringar. Kommunen har fått rom til å arbeida vidare med eksisterande innsparingsplan og slepp leita etter nye, meir drastiske tiltak.

3.1 Brutto driftsinntekter

Driftsinntektene til kommunen fordeler seg på følgjande hovudpostar:



Skatt og rammetilskot utgjer om lag 61 % av dei totale driftsinntektene til kommunen. Staten påverkar og i stor grad dei andre inntektspostane til kommunen, enten gjennom direkte fastsetjing som pris på barnehageplass og satsar for pleie- og omsorgstenester, eller gjennom lovverk som husleigelova og eigedomsskattelova og regelverk for sjølvkostområde.

Som kraftkommune hadde Kvam herad i 2016 40,4 mnok i brutto salsinntekter for 167,4 GWh til ein snittpris på 241 NOK/MWh. Netto overskot frå kraftsal er på 9,9 mnok, 2,3 mnok høgare enn budsjettert. Kommunen mottok 4,2 mnok i konsesjonsavgift som kompensasjon for skader i samband med vasskraftutbygging. Summen vert sett av på kraftfond til seinare bruk til næringsutvikling.

Kvam herad er tidlegare vertskommune for HVPU⁴-institusjon og mottok 8,1 mnok i 2016 for ekstra utgifter i etterkant av nedlegginga.

Driftsinntektene auka med over 83 mnok til nesten 799 mnok i 2016. Det er ein auke på 11,6 %. Noko av inntektsauken skuldast at inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft no vert ført brutto (utan fråtrekk for kjøp av kraft). Dersom kommunen hadde ført netto kraftinntekter, hadde inntektene vore ca 23 mnok lågare og veksten redusert til 8,4 %.

Den største auken i inntekter utgjorde auke i refusjonsinntektene på 17,6 mnok der 13 mnok gjeld høgare sjukelønsrefusjon enn budsjettert. Auka refusjonsinntekt er som regel knytt til auka driftsutgifter. Det gjeld bl.a. for 3,5 mnok i auka refusjonsinntekter frå meirverdiavgiftskompensasjon som har ein tilsvarande auke i overføringsutgifter. Auke i sjukelønsrefusjon heng òg som regel saman med auke i lønsutgifter, eller auka kjøp av vikartjenester frå eksterne leverandørar. Det gjer det òg i 2016, men på grunn av at om lag 6 mnok gjeld refusjonsinntekter frå tidlegare år, har ikkje utgiftene auka tilsvarande.

⁴ HVPU – helsevernet for psykisk utviklingshemma. HVPU-reformen frå starten av 90-talet innebar at ansvaret for psykisk utviklingshemma vart overført frå fylkeskommunen til kommunane, og institusjonar lagt ned (Bjørketeigen i Kvam). Tilskotet er fordelt i høve til talet på gjenverande vertskommunebebuarar.

Brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter vart 7 mnok høgare enn budsjettert, der 4,7 mnok kjem frå høgare inntekt på vassforbruk, 1,8 mnok frå auke i brukarbetalingar frå institusjonsplassar og 1 mnok frå høgare pris på konsesjonskraft enn budsjettert.

Rammetilskot og skatt 2015-2020:


Rammetilskot (i 1.000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik vs budsjett 2016	Prognose 2017	Prognose 2018	Prognose 2019	Prognose 2020
Distriktstilskot Sør-Noreg	5 329	3 489	1 840	5 329	0	4 167	4 167	4 167	4 167
Inntektsutjamning	17 579	15 430	2 149	15 878	1 701	17 405	17 405	17 405	17 405
Ordinært	244 018	235 681	8 337	244 018	0	248 502	245 817	245 978	246 326
Skjønndel	10 400	10 450	-50	9 900	500	8 800	8 800	8 800	8 800
Sum rammetilskot	277 326	265 051	12 276	275 125	2 201	278 874	276 189	276 350	276 698
Skatt	212 701	198 344	14 357	207 719	4 982	216 327	216 327	216 327	216 327
Sum frie inntekter	490 027	463 394	26 633	482 844	7 183	495 201	492 516	492 677	493 025

Nasjonalt vart skatteinntektene i landet 1,34 milliardar kroner høgare for kommunane enn det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett, og 5 mnok høgare i Kvam. Det meste av veksten skuldast at personlege skatteytarar tok ut store utbytte i 2015 som dei skatta for i 2016. Uttaket vart gjort som ein eingongssum før ny skattereform i 2016, og det er såleis ikkje forventa at nivået vert vidareført i 2017 og framover. Skatteveksten var på 9,7 % for kommunane samla, og 6,7 % for Kvam. Sidan skatteveksten var høgare i landet enn i Kvam, fekk Kvam òg 1,7 mnok meir i inntektsutjamningstilskot. Fylket delte òg ut 0,5 mnok ekstra i generelt skjønstilskot på slutten av året.

Andre overføringar vart 5,8 mnok høgare der 3,1 mnok gjeld høgare flyktningstilskot, 1 mnok gjeld auke i mottak av spelemidlar og 1,7 mnok er høgare prisar på heimfallskraft.

3.2 Brutto driftsutgifter

Fordeling av brutto driftsutgifter på totalt 782 mnok, er illustrert under. Hovuddelen av tenestene til kommunen vert produsert med eiga arbeidskraft, og utgjer over 67 % av utgiftene til kommunen, 523 mnok i 2016 (som budsjettert), 493 mnok ekskl. lønsrefusjon (sjukeløn og foreldrepermisjon). Utgiftene auka med 2 % i høve 2015.




Kommunen brukte 12 %/93 mnok av midlane på kjøp for å produsera tenestene sine, 1,6 mnok meir enn budsjettert og 4,7 mnok meir enn i 2015.

Det vart ein kraftig auke i vikarkjøp til heime- og omsorgstenester i 2016 og kjøpet utgjorde 7 %/52 mnok der heile tenesta er sett ut, som t.d. private barnehagar. I høve 2015 er det ein auke på 11,9 mnok og 8,1 mnok høgare enn budsjettert der vikarkjøp vart 9 mnok høgare enn budsjettert. Auka vikarbruk er delvis finansiert med sjukelønsrefusjon og høgare inntekter til ressurskrevjande brukarar.

Kommunen overfører òg ei rekkje midlar til andre, totalt 10 %/78 mnok. Summen auka med 20,4 mnok frå 2015. Overføringsutgiftene auka med 22,9 mnok etter at kjøp av konsesjonskraft vert ført her f.o.m. 2016. Staten krev òg grunnterente- og overskotsskatt på kraftinntektene, noko som i 2016 var på 7,7 mnok. Andre overføringer på denne posten, er bl.a. som sosialhjelp (9,4 mnok) og tilskot til lag og organisasjonar. I tillegg mottok kommunen midlar som skal vidareutbetalast, som spele- og konsesjonsmidlar. Den nest største posten er meirverdiavgiftskompensasjon, som har tilsvarande inntekstpost under refusjonsinntekter. I 2016 utgjorde utgifta 15,5 mnok, 3 mnok høgare enn budsjettert og vel 1 mnok høgare enn i 2015.


Avskrivningar ligg som ein utgiftspost, men vert trekt ut att av driftsrekneskapan før utrekning av netto driftsresultat. I staden vert låneavdrag og -renter lagt inn i utrekninga. På grunn av forseinkingar i prosjektgjennomføringa, vart utgifta på 35,6 mnok, 4,2 mnok lågare enn budsjettert og 4,4 mnok høgare enn i 2015.

Løn og sosiale utgifter med fråtrekk av refusjon for sjukeløn og foreldrepermisjon er på 493 mnok, og fordeler seg på følgjande tenesteområde/KOSTRA-tema⁵:



Pleie- og omsorgstenestene er dei mest arbeidskrevjande, og kommunen brukar om lag 38 % (190 mnok) av lønsmidlane til desse tenestene. Deretter kjem grunnskuleopplæring med 25 % (121) og barnehage med 12 % (60).

Når det gjeld kjøp av varer og tenester på totalt 93 mnok, er fordelinga litt annleis:




⁵ KOSTRA=KOMMuneSTATRAPPORTERING. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

Det er framleis utgifter til produksjon av pleie- og omsorgstenester (20 mnok) og grunnskuleopplæring (18) som krev mest. Mesteparten går til innkjøp av mat (8) og forbruksmateriell. Men det vert og kjøpt ein del til administrasjon, om lag 14 mnok. Vel 5 mnok av dette gjeld utgifter til felles IT-infrastruktur, som og er ein av dei største utgiftspostane samla sett på 9 mnok.

Ulike utgifter til transport utgjer i underkant av 12 mnok og utgifter til energi er på 9 mnok. Eit av innsparingstiltaka i kommunen har vore å redusera husleigeutgiftene, som var på 5 mnok i 2016.

Kommunen har følgjande tenesteområde som vert kjøpt frå andre (52,2 mnok):




Erstatningskjøpet vart vesentleg høgare i 2016, både i høve budsjetttrammene (44,1 mnok) og nivået i 2015 (40,3). Dette skuldast høgare kjøp av eksterne vikarar, tenester og plassar i pleie og omsorg på totalt 14,3 mnok.

Driftstilskot til legar, fysio-, ergoterapeutar og legevakt utgjorde 11,3 mnok.


Det er ein privat barnehage i Kvam, som mottok 9,7 mnok i tilskot frå kommunen. Elles er det utgifter til gjesteelevar (2,2), barnevern (1,6), kjøp av VTA-plassar hjå Hardanger AKS (3,8 mnok), til snøbrøyting (1,4), feiing (1,4) slam (1,8) og veterinærvakt (0,8 mnok) m.m. I år vart rekninga på brannvern ekstra høg (totalt 1,5) på grunn av etterbetaling til brannvernsavtalen med Bjølvefossen.

Overføringer til andre vart på 77,6 mnok i 2016. 15,5 mnok av dette gjeld meirverdiavgiftskompensasjon som vert refundert. Kompensasjonen er derfor trekt ut i grafen, og då viser grafen at den største posten er under tema «Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft». Totalt er det 31 mnok der 30,6 mnok er skatt til staten på heimfallskraft (7,7) og kjøp av heimfalls- og konsesjonskraft (22,9). Den nest største posten er sosialhjelp med 9,7 mnok. Deretter kjem tilskot til kultur (7,1) og kyrkje (5,3).



3.3 Finansresultat

Finansresultatet vart på -35,4 mnok i 2016, 3 mnok betre enn i 2015 og 2,5 mnok betre enn budsjettert. I 2015 hadde kommunen eit stort verdifall i obligasjonane ved årsskifte 2015/2016. Ein del av fallet er tilbakeført i 2016, og avkastning på obligasjonar og bankkonti 1,5 mnok vart betre enn budsjettert. Kvam herad har òg fått lånt pengar til betre rente enn budsjettert, og fekk ei utgift på 20,5 mnok, 3,7 mnok lågare enn i 2015 og 1,2 mnok lågare enn budsjettert. På grunn av auka låneopptak, auka avdragsutgiftene med 2,2 mnok frå 2015 til 2016, til 32,4 mnok.



I økonomiplanen vert finansresultatet forverra på grunn av redusert utbytte frå Kvam kraftverk AS med 1 mnok, og auka låne- og renteutgifter. Utbyttet ligg inne med 4,5 mnok f.o.m. 2018. I tillegg mottek kommunen ca. 4 mnok i utbytte frå BKK. Kommunen har plassert likvide midlar i bank og fond, og får 0,9 mnok i renteinntekter på vidareformidla startlån frå Husbanken.

Rådmannen har gjort ein del rentebindingar for å skapa ei meir føreseieleg drift, og gjorde m.a. nyleg ei binding på 7 år for 120 mnok til ei rente på 2,08 %. Vekta gjennomsnittrente vart redusert frå 2,34 % til 2,09 % i løpet av 2016. Rentebindingstida auka frå 2,39 år til 2,55 år, og kapitalbindinga frå 5,64 år til 6,23 år.

Det er gjort mange avgrensingar og føringar for kva ein kommune kan gjera på finansområdet. Dei fleste av dei ligg i nyleg revidert og vedteke «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning», som gjeld f.o.m. 1.10.2016. Reglementet skal gjennomgåast og vedtakast i kvar heradsstyreperiode. Kommunen har òg investert i ein del selskap der det er utarbeidd retningslinjer for eigarskap og styring, basert på KS sine retningslinjer.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Reglement for finans- og gjeldsforvaltning	Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkja løpande betalingsplikter.	Oppretta trekkrett på opptil 40 mnok Følgja med på utvikling av likviditet gjennom året	Kommunen har nytta trekkretten i korte periodar fleire gonger i løpet av 2016, mellom anna ved årsskiftet.
	Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.	Nytta dei ulike tilboda for plassering på bankkonti og nytta meklar til å vurdere evt. mellombels plassering i obligasjonar.	Kvam herad skifta hovudbankleverandør til Sparebanken Vest i mars, etter at ein 4-årig avtale med Danske Bank gjekk ut, og SPV vann anbodet for ny periode. I tillegg til plassering på ulike bankkonti, vert noko overskotslikviditet i kortare periodar plassert i obligasjonar.
	Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko.	Bruka meklar til å ivareta krav til avkastning og avgrensa risiko	Plassert 156,7 mnok i obligasjonar ved utgangen av 2016. Totalavkastning på 2,58 %. Administrert av BCM
	Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når ein tek omsyn til behov for forutsigbare lånekostnader.	Leggja lån ut på anbod, og inngå låneavtalar i tråd med reglementet.	Refinansiert lån på 164 mnok og 64 mnok og teke opp nytt lån på 56 mnok etter anbodsrunder, sjå elles vedlagt gjeldsrapport frå BCM
Eigarskap og styring - <i>Eigarinteressene til Kvam herad er primært motivert ut frå ynskje om politisk styring og innsyn i verksemdar som er viktige/kritiske for heradet.</i>	Retningslinjer for eigarskap og styring (18 punkt)	Obligatorisk opplæring av folkevalde Utarbeida og gjennomgå eigarskapsmelding (årleg) Revidera og følgja opp eigarstrategiar	Kurs i «God eierstyring» i regi av KS-Konsulent as for folkevalde 10.05.2016.

3.4 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kva midlar som ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Det er tilrådd at netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter. Etter eit par år med negativt netto driftsresultat, fekk Kvam herad eit netto driftsresultat på 17,6 mnok som utgjer 2,2 %.

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik vs budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Netto driftsresultat	17,6	-21,1	38,7	-4,2	21,8	6,6	3,5	6,8	3,1
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	2,2 %	-2,9 %	46,5 %	-0,6 %	58,2 %	0,9 %	0,5 %	0,9 %	0,4 %

På grunn av dei økonomiske utfordringane, vart kommunen lågt rangert på alle kategoriane for økonomi i kommunebarometeret, basert på 2015-tala. Tala for 2016 er ikkje klare endå.


Økonomi

10 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste år (10 % vekt innen sektoren)	0,7	-1,5	-3,0	3,1	2,8	1,0	424
DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste fire år (15 %)	0,0	-0,3	-1,6	3,0	3,0	1,3	393
DRIFTSRESULTAT: Brutto driftsresultat (10 %)	0,1	-2,1	-1,9	2,5	2,0	1,5	391
DISPOSISJONSFOND: I prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	5,2	4,9	1,6	2,7	2,6	1,8	350
GJELD: Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter (15 %)	43	40	58	2,6	3,1	2,1	346
GJELD: Endring i renteeksponert gjeld siste år (10 %)	14	-4	19	1,9	5,1	1,0	313
NETTO FINANSUTGIFTER: I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag (5 %)	-0,9	-1,2	1,2	4,2	4,6	2,2	263
INVESTERINGER: Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekter (10 %)	14,0	15,7	13,5	3,3	2,9	3,6	270
LÅN: Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år (5 %)	78	77	75	1,7	1,6	1,7	349
PREMIEAVVIK: Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	10,5	10,4	11,0	1,3	1,4	1,4	394

3.5 Fondsmidlar

Underskotet i 2015 tærte på disposisjonsfonda, og avsetninga i 2016 er derfor viktig. Det er òg budsjettert med ei avsetning i 2017, mens det seinare i perioden ikkje er rom for større avsetningar.



3.6 Investeringar

I 2016 vart det investert for 180,5 mnok, 64,4 mnok meir enn i 2015 og 9,6 mnok meir enn budsjettert. Nye barnehagebygg stod for om lag 95 mnok av investeringane, deretter investeringar i vass- og avlaupsanlegg (28) og ny skule i Ålvik (23).


Det er budsjettert med store investeringar òg i 2017 (236,6 mnok), men så fell nivået bratt ned i resten av perioden. Kommunen har teke store løft innan skule, barnehage, omsorgs- og institusjonsplassar og VA-struktur. Nivået i økonomiplanen er nok likevel for lågt, då kommunen i perioden truleg må utvida tilbodet av omsorgsbustadar og institusjonsplassar. Det kjem truleg òg fleire vegprosjekt og VA-prosjekt etter at kartleggingsarbeidet på desse områda vert ferdigstilt.

Det meste av investeringane vert lånefinansiert, og i 2016 var andelen på 90,8 %. Det er i hovudsak investert i anlegg med lang levetid, og vekta levetid var per 31.12.2015 på om lag 34,5 år.

Tal i mnok	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik vs budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Sum investeringsinntekter	55,6	22,8	32,8	64,7	-9,1	34,1	4,4	3,7	3,3
Sum utgifter	189,6	111,7	77,9	200,8	-11,2	233,2	39,8	12,4	10,4
Sum finansstransaksjonar	46,5	27,2	19,3	34,8	11,7	37,5	15,1	15,1	15,1
Finanseringsbehov	180,5	116,1	64,4	170,9	9,6	236,6	50,5	23,8	22,2
Bruk av lån	163,8	80,8	83,0	151,8	12,0	205,9	43,4	16,7	15,1
Motteke avdrag på utlån	5,3	8,3	-3,0	2,9	2,4	2,2	2,2	2,2	2,2
Overføringer fra driftsregnskapet	0,0	0,0	-0,0	0,2	-0,2				
Bruk av disposisjonsfond	0,1	0,0	0,1	0,1	0,0	0,2	0,2	0,2	0,2
Bruk av ubundne investeringsfond	10,0	18,8	-8,8	8,0	1,9	16,8	3,8	3,8	3,8
Bruk av bundne fond	1,2	8,2	-6,9	7,8	-6,6	11,4	0,9	0,9	0,9
Sum finansiering	180,5	116,1	64,4	170,9	9,6	236,6	50,5	23,8	22,2
Lånefinansiering	90,8%	69,6%	128,9%	88,8%	125,5%	87,0%	85,9%	70,2%	68,1%

3.7 Balanse


Kvam herad forvaltar over 2,6 milliardar kroner (mrd) i balansepostar, ein auke på 135 mnok frå 2015. Utvikling i hovudpostane i balansen frå 2010 og fram til 2016, er framstilt grafisk under:



Den største posten er fast eigedom og anlegg til 2,3 mrd. Det meste av anleggsmidlane er lånefinansiert, og den langsiktige gjelda er på 2 mrd.

Kommunen har tidlegare hatt store ubrukte lånemidlar, som kjem fram i memoriaoversikten. Desse er i hovudsak brukt i 2016, og det står berre att 18,5 mnok i ubrukte lånemidlar ved årsskiftet. 17,3 mnok av desse gjeld husbanklån.

Pensjonsmidlar på 0,8 mrd er den nest største posten. Kommunen hadde per 31.12.2016 2,1 mrd i gjeld, der pensjonsforpliktingane utgjer 1 mrd. Pensjonsmidlane held seg om lag på same prosentvise nivå (82 %) av pensjonsforpliktinga i 2016 som i 2015:



Premieavviket held om lag same nivået i 2016 (84 mnok) som i 2015 (83,2). Premieavviket oppstår fordi pensjonspremien kommunen betalar er ulik pensjonskostnaden. Det vil seia at Kvam herad framleis skyv ein del av pensjonsrekninga fram i tid. Premieavviket vert nedskrive over ein løpande 7-årsperiode.


4 Kvam herad som tenesteytar

Kommunen si viktigaste rolle er å levera velferdstenester innanfor ei rekkje område og med eit vidt spekter. Nasjonal tenestekatalog inneheld over 220 tenester, der over 180 av desse er lovpålagt og lovheimla.

Nokre av tenestene vert levert til sjølvkost, som tenesteområda vatn og avlaup, medan andre har delvis brukarbetalingar som barnehage- og institusjonsplass, og nokre har i utgangspunktet inga eiga finansiering, som kommunale vegar. Kommunen leverer òg støttetjenester som kommuneplanlegging og kommunalt arkiv.

Dei aller fleste tenestene kommunen produserer er lovpålagde, der både omfang og kvalitet i detalj kan vera fastsett i lov og forskrift. Men det er rom for lokale prioriteringar og utforming av tenestene, og organisering av tenesteproduksjonen. Kvam herad har i tillegg laga eigne serviceerklæringar som omtalar kva mottakaren kan forventa av tenesta.

Nedanfor er ei grafisk framstilling av fordeling av økonomiske rammer per KOSTRA-tema⁶:




Til trass for at kommunen produserer mange tenester, er det tre store grupper som skil seg ut og kommunen brukar mest pengar på: pleie- og omsorgstenester (34 %/184 mnok), grunnskule (26 %/143 mnok) og barnehage (11 %/62 mnok). Finans og fellespostar er ikkje eit eige KOSTRA-tema, men inneheld premieavvik, fellespostar som skal fordelast til andre tenester i løpet av året og motpost til avskrivningar (-38,4 mnok). Posten er negativ. Det er òg «Bustadar» som inneheld husleigeinntekter og sjølvkostområdet VAR.

⁶ Om KOSTRA, sjå <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>.

KOSTRA-tema A, Fiansielle nøkkeltal, administrasjon, styring og fellesutgifter er her delt opp i «Finans og fellespostar», «Styring og kontroll» og «Administrasjon»

Private og offentlege aktørar gjennomfører ulike undersøkingar av den offentlege tenesteproduksjonen. I NHO sitt «Kommune-NM» vert kommunane rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft. Totalt er det 21 indikatorar fordelt på 5 område: næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi. Basert på 2015-tal, fekk Kvam herad karakteren «Middels» og rangert som kommunenummer 206.



Kommunebarometeret er ei rangering av kommunane i Noreg som vert utarbeidd av Kommunal Rapport. Rangeringa er laga på grunnlag av offisielle tal som kommunane leverer til staten gjennom KOSTRA, Utdanningsdirektoratet, Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Statistisk sentralbyrå. Samla fekk Kvam herad i 2016 ein 361. plass (frå 385. i 2015), men det er stor variasjon innanfor dei ulike områda:

Plassering	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Grunnskole	40	279	226	244	226	177	195
Eldreomsorg	19	24	19	55	19	205	175
Barnevern	297	156	309	368	290	277	210
Barnehage	191	310	260	390	390	379	382
Helse	108	70	49	70	86	99	48
Sosial	303	305	409	395	388	400	346
Kultur	86	172	64	193	179	204	230
Økonomi	414	390	219	341	369	318	426
Kostnadsnivå	314	334	347	313	322	325	252
Miljø og ressurser			327	99	157	74	273
Saksbehandling	230	190	210	262	197	280	187
Vann, avløp og renovasjon	248	327		71	62		27

4.1 Mål og tiltak

Eit viktig mål for tenesteproduksjonen, er at mottakarane er nøgde med kvaliteten. Kvam herad har tidlegare nytta brukarundersøkingar frå bedrekommune.no, og planlegg å setja i gang igjen med dette i 2017. Det er ikkje gjennomført slike undersøkingar i 2016.

Eit viktig verktøy for å få til kontinuerleg kvalitetsforbetring, er LEAN, der det er fokus på at det er mottakaren av tenestene som avgjer kva verdi tenesta har.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Nøgde brukarar	<p>Mottakarane av tenestene oppfatar kommunen som leverandør som</p> <ul style="list-style-type: none"> - Imøtekomande - Har god service - Set seg inn i problemstillingar - Er fleksibel - Er løysingsorientert - Har god kvalitet på tenester - Leverer innan fristar - Er tydelege - Har kapasitet/tid 	<p>Betra samla plassering i Kommune-NM og Kommunebarometeret</p> <p>Gjennomføra brukarundersøkingar i bedrekommune.no</p> <p>Ta i bruk LEAN-filosofi og gjennomføra LEAN-prosessar</p> <p><i>Sjå eigne kapittel for tiltak per tenestekområde</i></p>	<p>Plasseringa i Kommunebarometeret vart betre frå 2015 til 2016.</p> <p>Ingen brukarundersøkingar vart gjennomført i 2016.</p> <p>Innføringsprosjekt i LEAN gjennomført.</p>

4.2 Økonomiske rammer for tenesteproduksjonen

Tabellen under viser korleis drifta fordeler seg på KOSTRA-tema⁷. I kvart tema er det samla ei rekkje tenester som kommunen yter til brukarar og innbyggjarar. Tabellen er den same som budsjettskjema 1B, men sosiale utgifter og avskrivningar er trekt ut i eigne tabellar som vert presentert til slutt i dette kapittelet. I 1 B er dei frie disponible inntektene som skatt og rammetilskot, finansinntekter-/utgifter og fondsdisponeringar ikkje med. Desse postane ligg i skjema 1A.

Tema (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Endring 2016/ 2017	Budsjett 2016, justert	Avvik vs budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
Finans og fellespostar	-35 634	-29 044	-6 590	-39 474	3 840	-45 161
Styring og kontrollverksemd	4 182	4 102	81	4 973	-791	4 769
Administrasjon	28 713	30 050	-1 338	30 483	-1 770	30 356
Barnehage	46 215	46 345	-130	48 155	-1 941	48 314
Grunnskuleopplæring	105 392	101 829	3 564	102 840	2 552	103 435
Kommunehelse	23 487	22 075	1 411	25 438	-1 951	24 700
Pleie og omsorg	134 848	126 653	8 195	131 446	3 402	129 518
Sosialteneste	28 094	25 902	2 192	29 248	-1 154	28 067
Barnevern	15 271	16 251	-980	16 222	-951	17 351
Vatn, avlaup, avfall og renovasjon	-10 819	-1 624	-9 195	-5 483	-5 336	-5 917
Plan, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	6 443	7 291	-847	7 427	-984	9 661
Kultur	13 985	13 867	117	14 539	-554	16 227
Kyrkje	5 617	5 147	470	5 437	180	5 437
Samferdsel	7 104	11 418	-4 314	7 391	-287	7 571
Bustad	-8 241	-8 165	-76	-8 171	-69	-8 594
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	18 552	5 140	13 412	18 977	-426	2 082
Brann og ulykkesvern	8 635	7 038	1 596	7 608	1 026	7 608
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 914	1 701	212	1 799	115	2 006
Sum tenesteområde	393 757	385 976	7 781	398 857	-5 100	377 431

I resten av dette kapittelet vert avvika kommentert samanlikna med det justerte budsjettet for 2016 per KOSTRA-funksjon, innanfor kvart KOSTRA-tema.

⁷ KOSTRA=KOMmuneSTatRApportering. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

4.3 Finans og fellespostar

4.3.1 Om tenestene

Det meste av det som ligg under funksjonane «Finans» ligg i skjema 1A. Finans og fellespostar er heller ikkje eit eige tema i KOSTRA, men ein del av nøkkeltala i A, Finansielle nøkkeltal og adm., styring og fellesutgifter som i budsjettdokumentet delt opp i tre. Det er ikkje nokon direkte tenesteproduksjon i dette temaet, men her ligg nokre fellespostar. Følgjande funksjonar er med:

- Funksjon 170 – Premieavvik, 172 – Pensjon, 173 – Premiefond ligg òg her, men pensjonskontoane er trekt ut og vert presentert under «Fellestema: Sosiale utgifter». Under dette temaet er det berre medlemskontingent for pensjonskontoret og interne utgifter/inntekter.
- Funksjon 180 gjeld utgifter til kommunale råd og utval, beredskapsplanlegging, forsikring og leige av rettslokale.
- Funksjon 190 er ein mellombels støttefunksjon for postar som vert fordelt til andre KOSTRA-tema i løpet av året. Det gjeld og funksjon 880 der det ligg innsparingskrav som ikkje er konkretiserte på andre KOSTRA-tema. Etter kvart som tiltaka kjem i gang, vert krava ført ut av denne tenesta og inn på andre tenesteområde.
- Funksjon 860 er motpost til avskrivningar som er fordelt på dei andre funksjonane.
- Mesteparten av det som ligg i funksjon 870 ligg i skjema 1A, men i 1B ligg gebyr på bl.a. sertifikatlån

4.3.2 Mål og tiltak

Sidan det ikkje er eigen tenesteproduksjon for dette temaet, er det ikkje utarbeidd eigne mål og tiltak her.

4.3.3 Økonomiske rammer

Finans og fellespostar	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
171 Amortisering tidlegare års premieavvik	0	0	0	0	0	0
172 Pensjon	15	-1	16	-4	19	-4
173 Premiefond	52	-4	56	0	52	0
180 Diverse fellesutgifter	566	377	190	532	35	532
190 Interne serviceeiningar	-322	-403	81	641	-963	789
850 Generelt statstilskot vedk. flykningar m.v.	-53	750	-803	0	-53	0
860 Motpost avskrivningar	-35 588	-31 151	-4 437	-39 779	4 190	-39 779
870 Renter / utbyte og lån	95	88	7	101	-5	101
880 Interne finansieringstransaksjonar	-400	1 300	-1 700	-964	564	-6 800
Finans og fellespostar	-35 634	-29 044	-6 590	-39 474	3 840	-45 161

Det var ikkje bokført kontingent og interne utgifter på funksjon 172/173, og det er derfor eit budsjettavvik her på 0,1 mnok.

I funksjon 180 vart forsikringane 0,1 mnok høgare enn budsjettert, men kurs i beredskapsplan til kr 50.000 vart ikkje gjennomført.

Totalt er funksjon 190 i null ved årsskiftet, men i denne ramma er ikkje alle utgiftspostane med.

Det meste på funksjon 850 ligg i skjema 1A, men det kom eit lite tilskot frå ein annan kommune i 2016 på 0,1 mnok.

Sjå forklaring på avvik på 4,2 mnok i avskrivningar som eige tema.


Ved årsslutt låg det att 1 mnok i innsparingskrav på funksjon 880 som ikkje var fordelt på andre tenester. I rekneskapen for 2016 vart tap på krav nedjustert med 0,4 mnok.

4.4 Styring og kontrollverksemd

4.4.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld to funksjonar; 100 – Politisk styring og 110 – Kontroll og revisjon. Dette er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune si rolle i demokratiet. Utgiftene går til tilskot til politiske parti og grendeutval⁸, løn⁹, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar og kontrollutval. Hordaland fylkeskommune har sekretariatsarbeidet for kontrollutvalet og revisjonen vert utført av Deloitte.

Gjeldande politisk organisering vart vedteke av heradsstyre 6.10.2015 (HST-071/15):



⁸ Rådsutval som ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre høyrer til KOSTRA-tema «Fellespostar», funksjon 180

⁹ Arbeidsvilkåra for folkevalde i Kvam herad 2015-2019 vart vedteke i heradsstyremøte (HST-070/15) 6.10.2015. Ordføraren si løn skal vera tilsvarende som løna til ein stortingsrepresentant. Varaordføraren får ei fast godtgjersle på 10% av ordførargodtgjersla. Leiar for næring, plan og bygg får ei fast godtgjersle på 3,5% av ordførargodtgjersla. Andre politikarar får møtegjersle per møte.

4.4.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat	
Lokaldemokrati ¹⁰ <ul style="list-style-type: none"> - Valdeltaking - Legitimitet til kommune - Legitimitet til folkevalde - Dialog mellom folkevalde og innbyggjarar mellom val - Påverknad på tenester - Høve til å medverka i lokalsamfunnet 	Påliteleg styre – tillit til folkevalde sin ærlegdom og styringsorgana sin funksjon		Dei etiske retningslinjene for folkevalde skulle etter planen reviderast i 2016, men arbeidet er utsett til 2017	
	Ansvarleg styre – at innbyggjarane kan følgja med i politikken og stilla dei styrande til ansvar			Heradsstyremøta vart i 2016 kringkasta på radio. F.o.m. desember 2016 er «Kommune-tv» teke i bruk med direktesending av HST-møta på nett og tilgjengelege opptak i etterkant av møta. Møteinnkallingar og –protokollar ligg tilgjengeleg på nett 24/7.
	Borgarnært styre – høve for innbyggjarane å delta i og påverka politikken			Saker vert sendt ut på høyring og bl.a. grendeutvala vert nytta som høyringspartar.
	Effektivt styre – evne til å levera tenester som er i samsvar med innbyggjarane sine behov, samt dei folkevalde sine evne til å styra kommunen	Ferdigstillt arbeid med kommunereform innan fristane Gje god og tilstrekkeleg politikaropplæring Utnytta nye verktøy for å forbetra og forenkla politisk sakshandsaming	Kvam herad inngjekk to intensjonsavtalar, ein med Jondal og ein med Samnanger. Deretter vedtok KH samanslåing med Samnanger innan fristen, men Samnanger stemte mot. Politikarane hadde i 2016 m.a. opplæring i eigarstyring. Kvam herad har ein eigen politikarportal med pålogging for folkevalde. All kommunikasjon er elektronisk. Oppsettet på politiske saker vart endra slik at vedtaket i saka kom klarare fram. Kommune-tv vart teke i bruk i staden for radiosendingar.	


¹⁰ Kjelda: «Hvordan fungerer lokaldemokratiet? Kartlegging av innbyggernes og folkevalgtes erfaringer og oppfatninger», prosjektrapport etter samarbeid mellom Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og Kommunenes sentralforbund (KS):

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/filestore/bedrekommunen/lokaldemokratirapport.pdf>

Utvalde nøkkeltal:

Kvam har lege høgt på brutto driftsutgifter per innbyggjar til funksjon 100, men det er seinare år gjort innsparingar som nedlegging av utval og samanslåing av råd, og utgiftene ser no ut til å nærma seg nivået i gruppe 11. Utgiftene til området aukar anna kvart år på grunn av gjennomføring av val. Grafen under er henta frå KOSTRA-databasen, og viser Kvam sine tal i gult.

Tidsserie



Utgiftene til funksjon 110 ligg under landssnitt og gruppe 11, men litt over Hordaland.

Aktivitet i politiske organ 2010 – 2016

År	2010		2011		2012		2013		2014		2015		2016	
	Møte	Saker												
Heradsstyre	9	131	11	163	10	144	7	102	7	123	10	123	8	116
Formannsk.	10	66	13	80	9	70	8	67	9	77	7	62	10	86
Næring, plan og bygg	11	161	10	128	10	136	9	91	9	99	8	93	9	80
Teneste*	8	25	7	22	8	31	5	22	1	1	0	0	0	0
Eldreråd**	8	37	7	29	8	43	5	18	5	30	6	37	0	0
RMNF**	7	16	3	4	7	26	4	13	9	37	5	25	0	0
RMNFE**													7	24
Ungdomsråd									6	31	5	11	5	21
SAUT*									6	0			0	0
Samla	53	436	51	426	52	450	38	313	52	398	41	351	39	327

*Tenesteutvalet vart lagt ned f.o.m. møtebolc nr. 2/2014. Samferdselsutvalet vart lagt ned i 2015.

**Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart slått saman til RMNFE i 2016.

4.4.3 Økonomiske rammer

Styring og kontrollverksemd	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelg
100 Politisk styring og kontrollorgan	3 554	3 626	-72	3 972	-418	3 768
110 Kontroll og revisjon	628	475	153	1 001	-373	1 001
Styring og kontrollverksemd	4 182	4 102	81	4 973	-791	4 769

Funksjon 100 Politisk styring har eit mindreforbruk på netto 0,4 mnok. Det er brukt 0,2 mnok mindre til løn, frikjøp og tapt arbeidsforteneste folkevalde og 0,3 mnok mindre til Hordalandsdiagonalen (ført på funksjon 285), men 0,1 mnok meir på matsservering, opplæring, skyssutgifter, lisensar og utstyr.

Funksjon 110 Kontroll og revisjon har eit netto mindreforbruk på 0,4 mnok. Det er brukt 0,3 mnok mindre til revisjonen og forvaltningsrevisjon i 2016 enn budsjettert.

Utgiftene til møtegodtgjersle og kurs for kontrollutvalsmedlemmene vart lågare enn budsjettert.

4.5 Administrasjon

4.5.1 Om tenestene

Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, politisk sekretariat, merkantile oppgåver, IKT, informasjon, kantinedrift, juridisk og administrativ rådgjeving, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling. I tillegg har rammeområdet/tema utgifter til eigedomsforvaltning (funksjon 121) og reinhald, forvaltning, drift og vedlikehald av rådhuset (130).

4.5.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Samspel mellom folkevalde og administrasjon	Det er god tillit og avklarte roller mellom folkevalde og administrasjonen	Syta for at saker til politisk handsaming er forsvarleg utgreidd, innanfor fristar	Teke i bruk politikarportal der sakene vert lagt ut etter kvart som dei er ferdige. Ikkje alle saker vart ferdige innan fristane i 2016. Jamlege møter mellom rådmann, ordførar, varaordførar og utvalsleiarar. Starta med «klarspråk» og laga ny språkprofil som vart vedteken av HST i 2016.
Internkontroll - Kommunelova §23, 2. ledd: <i>Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggjande kontroll.</i>	Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen	Setja i gang LEAN-prosjektet	Eige oppstartsprosjekt gjennomført i 2016. Leiargruppa og LEAN-navigatørar gjennomgjekk «Grøntbelte»-opplæring i LEAN. Gjennomført pilotprosjekt og gjeve informasjon og opplæring i LEAN til leiarar og utvalde avdelingar.
	Heilskapleg styring og rett utvikling	Arbeida vidare med og ferdigstilla planar i tråd med planstrategi	Planar og tiltak innarbeidd i budsjett og årsmelding i større grad. Revidert planstrategi vedteken des-16.
	Godt omdøme og legitimitet	Skifta ut portalløysing og kvalitetssystem	Inngått avtale med leverandør av kvalitetssystem. Oppstart våren 2017.

		Laga informasjons- /kommunikasjonsstrategi Bruka «Klart språk»	Ikkje laga ny I/K-strategi Ny språkprofil vedteken og formidla til tilsette, gjennomført tiltak etter plan.
	Etterleving av lover og reglar	Skifta ut portalløysing og avviks- og kvalitetssystem	Inngått avtale med leverandør om nytt avvikssystem som del av kvalitetssystem. Oppstart våren 2017.
Organisasjons- og personalutvikling	Måloppnåing gjennom leiing og styring	Laga ny lønspolitisk plan Halda fram med leiar- og medarbeiderutvikling.	Plan ikkje ferdigstilt, sjå elles eige kapittel for «Kvam herad som arbeidsgjevar»
Økonomiforvaltning	Føremål for økonomireglement: <ul style="list-style-type: none"> - Skildra økonomi- og rekneskapssystem - Effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning - Økonomistyring - Tilfredsstillande avgjerslegrunnlag for folkevalde - Sikra politisk påverknad i budsjettprosess og økonomistyring - Dokumentera viktige økonomirutinar - Sikra kontinuitet i samla økonomiforvaltning 	Gjennomføra innsparingstiltak Oppgradera eller skifta ut løns- og økonomisystem Skapa rom for analyse- og utviklingsarbeid.	Ein del av innsparingstiltaka gjennomført, men framleis er det ein del mellombelse løysingar for å halda budsjetttrammene. Oppstart med Visma som ny leverandør av løns- og økonomisystem Ikkje ressursar til analysearbeid, men ein del utviklingsarbeid gjennom å ta i bruk nytt system.
Føremålstenleg og framtidretta IKT-satsing	Digitalisering av tenester til innbyggjarar og næringsliv Digitalisering av administrative tenester	Gjennomføra tiltak i tråd med «Digitaliseringsstrategi 2014-2018» Ta i bruk SvarUT	Status per tiltak ligg som vedlegg i budsjettet for 2017 SvarUT teke i bruk frå 1.3.2016. Av ca 4.000 brev via SvarUT, vart 40 % lest digitalt. Kjøpt program for å laga eigne digitale skjema.



Arkivplan	Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid	Gjera arkivet heilelektronisk	Arkivet heilelektronisk f.o.m. 1.1.16. for 12 av 13 arkivdelar. PPT-arkivet er framleis papirbasert. Arkivet handterer om lag 50.000 dokument per år. Kommunen mottok 93 registrerte innsynskrav i 2016, der 4 klagar vart vidaresendt til fylkesmannen.
-----------	---	-------------------------------	--

Utvalde nøkkeltal:

Kvam herad deltok hausten 2015 i Agenda Kaupang si samanlikning av kommunar sine administrative stillingar. Undersøkinga viste at Kvam ligg litt over snittet når ein samanliknar administrative stillingar per 1.000 innbyggjarar, og under snittet dersom ein ser dei administrative stillingane opp mot bemanning. Når det gjeld brutto driftsutgifter per innbyggjar til funksjon 120, ligg Kvam høgare og i KOSTRA:

Kvam herad	
Nøkkeltall	
Innbyggere pr 1.7.2015	8 459
Samlet bemanning - årsverk	681,66
Administrative årsverk - til sammen	30,85
Herav årsverk til administrativ ledelse	3,2
Herav årsverk til stabs- og støttefunksjoner	27,65
Administrativ andel	4,53
Administrative stillinger pr 1.000 innbyggere	3,65
Antall resultatenheter	5
Samlet administrativ støtte i driftsenhetene	3,97

Tidsserie



Hovudinformasjonskjelde til Kvam herad, er dei eigenutvikla nettsidene frå 2001. Om lag 15 % av kvemmingane er innom sidene kvar dag. Statistikkprogrammet Google analytics er endra , det vert fokusert på det dei kallar økter – det vil sei brukarar som utfører handlingar etter at dei er kome inn på sida. Ei økt er når ein brukar er innom minst to sider på vår portal. Økter i 2015-2016:

Portal	2015	2016	
www.kvam.no	198 087	212 109	+7 %
Lagsportalen	23 825	25 794	+8,3

4.5.3 Økonomiske rammer

Administrasjon	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
120 Administrasjon	25 781	26 887	-1 106	27 090	-1 309	27 113
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 709	2 042	-333	2 003	-295	2 003
130 Administrasjonslokale	1 223	1 122	101	1 389	-166	1 239
Administrasjon	28 713	30 050	-1 338	30 483	-1 770	30 356

Funksjon 120 Administrasjon har eit netto mindreforbruk på 1,3 mnok. Innsparingstiltak og vakante stillingar medførte at lønsutgiftene vart 1,1 mnok lågare enn budsjettet. Kommunen mottok 0,1 mnok i tilskot til kommunereformsarbeidet og fekk 0,6 mnok meir i inntekter for sal av IT-tenester. Det er brukt 0,8 mnok meir på IT-utgifter i høve budsjett, men dei andre utgiftene er redusert med 0,3 mnok.

Funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga har eit mindreforbruk på netto 0,3 mnok , det skuldast 0,1 mnok i lågare utbetaling til forsikring og at 0,2 mnok av forsikringspremien er kostnadsført på funksjon 180 som har tilsvarande overforbruk.

Funksjon 130 Administrasjonslokale har netto mindreforbruk på 0,2 mnok, det er brukt mindre i driftsutgifter, men meir i lønsutgifter. Det er fordelinga mellom bygg som varierer frå år til år.

4.6 Barnehage

4.6.1 Om tenestene

Barnehageområdet omfattar funksjonane 201-Førskule, 211-Styrka tilbod til førskulebarn og 221-Førskulelokale og skyss i KOSTRA.

Lovheimel. Barnehagedrifta vert regulert av gjeldande Lov om barnehagar, *Barnehageloven*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementets merknader til paragrafane i lova.

Det nasjonale regelverket definerer kva ein barnehage er, stiller krav til det pedagogiske innhaldet og gjev nærare reglar for bemanning, areal og styringsorgan. Barnhagelova § 12 a regulerer retten til barnehageplass. I Kvam er det barnehageplass til alle som har rett til barnehageplass etter barnehagelova. Det er om lag 81,5 årsverk til grunnbemanning i barnehage og ca. 10,5 årsverk knytt til ekstraressurs.

Formålsparagrafen i barnehagelova § 1 startar med:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen er, saman med heimen, grunnmuren i eit menneske sitt utdanningsløp. Barnehagen skal bidra til at barn får ein god start i livet. Ein god barndom varer heile livet. Me vert forma som menneske medan me er små. Å bidra til at alle barn får ein god start i livet er det viktigaste me kan gjera som samfunn.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, og skal vera eit trygt og aktivt oppvekstmiljø til barna sitt beste. Det er foreldra som har hovudansvaret for utviklinga til barna sine. Med fokus på lek, trivsel og omsorg samarbeider barnehagane med foreldra om å gjera barnehagen til ein positiv utviklingsarena.

Årsplan. Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan som skildrar barnehagen sitt pedagogiske arbeid med mål, metodar og aktivitetar. Årsplanen er basert på *Rammeplan for barnehage*.

Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova og gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Vedtekter. I samsvar med Lov om barnehagar har Kvam heradstyre vedteke felles vedtekter for dei kommunale barnehagane. Vedtektene inneheld generelle føresegner om drifta, og gjev opplysingar som er av særleg verdi for foreldra sitt forhold til barnehagen.

PPT. Tidleg innsats og sakkunnig vurdering.

PPT har same rolla overfor barn, foreldre og tilsette i barnehage som i skule, både på individ- og systemnivå, i høve sakkunnig vurdering, kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

Barn i barnehage som har behov for ekstra oppfølging har rettar etter barnehagelova § 19c; «Spesialpedagogisk hjelp i barnehage». Kommunen skal fatta vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsvene etter ny barnehagelova § 19 g.

PPT arbeider med tidleg innsats inn mot alle barnehagar, for å styrkja dei til både å oppdaga tidleg og setja inn tiltak tidleg. Det er etablert eit støttesystem for barnehagane med barnehagelærar, spesialpedagog og logoped som jobbar med tidleg innsats i barnehagane. Dette er eit lågterskeltilbod på både individ- og systemnivå. Den systematiske rettleinga har som mål å styrka kompetansen hjå

personalet i å fanga opp og hjelpa barnehagane til å setja i gang tiltak for barn som har behov for litt ekstra hjelp på eit tidleg stadium.

Med høgt tal **minoritetsspråklege barn** i Kvam krev dette tiltak. Barnehageplass, tverrfagleg samarbeid og bruk av morsmålsassistentar er viktige tiltak for god integrering, som ein del av introduksjonsprogrammet for minoritetsspråklege barn og unge.

Utvalde nøkkeltal

KOSTRA

		Kvam		Gruppe 11 Hordaland		Landet	
		2014	2015	2015	2015	2015	2015
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Prosent	89,4	87,8	91,1	91,1	91	90,4
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til alle	Prosent	12,2	14,8	10,6	12	13,4	15,3
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern	Kroner	173 072	180 150	172 925	191 060	178 464	181 752
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærer-utdanning	Prosent	85,2	88	93,4	97,1	92,6	91,8
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	Personer	6,3	6,1	6,1	6,1	6,1	6,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	Kroner	118 038	85 731	103 746	124 769	88 556	78 115
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	Prosent	15	18,8	13,8	14,8	16,4	18,4

Kommunebarometer

Barnehage

10 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
BEMANNING (KB): Oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (20 % vekt i sektoren)	12 090	11 892	11 896	1,6	1,7	1,7	339
FAGUTDANNING (KB): Andel styrere og ledere med godkjent utdanning (20 %)	78	83	86	3,5	3,6	3,9	324
FAGUTDANNING (KB): Andel ansatte i kommunale barnehager med relevant utdanning (20 %)	32	34	35	2,5	2,7	2,0	342
AREAL (KB): Leke- og oppholdsareal per barn (10 %)	5,8	6,2	5,7	1,9	2,0	1,6	299
KJØNN: Andel ansatte som er menn (10 %)	4	5	5	2,6	2,6	2,1	234
MINORITETSSPRÅKLIGE: Andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehage, siste år (15 %)	72	77	83	3,6	3,8	4,3	126
MINORITETSSPRÅKLIGE: Andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehage, snitt siste fire år (5 %)	69	69	73	2,5	2,7	2,9	228

Nøkkeltala viser at ca. 90 % av alle 1-5 åringar i Noreg går i barnehage. I Kvam går ca. 88 % av alle barn mellom 1-5 år i barnehage, og heradet har relativt mange minoritetsspråklege barn i barnehagen.

Driftsutgiftene per barn ligg under Hordaland og landsnittet, men litt over kommunegruppa.

Grunnbemanninga i barnehagane i Kvam er i følge kommunebarometeret låg samanlikna med dei kommunane som har best tall. Kvam kjem på 339. plass av totalt 428 kommunar.

Kvam har hatt ein nedgang i driftsutgifter knytt til ekstraressurs til barn med ekstra behov og ligg ca. på landssnittet.

Tal personar med barnehagelærerutdanning eller anna pedagogisk utdanning og fagarbeidar-utdanning i barnehage aukar og dette er svært bra. I Kvam har alle styrarane godkjent utdanning. 35 % av andre tilsette har pedagogisk utdanning og me ligg såleis litt under landssnittet som er 43 %.

Leike- og opphaldsareal i barnehagen er eit av få nøkkeltal om barnehagen som ikkje går på grunnbemanning. Leike- og opphaldsareal måler berre areal innandørs og gjev derfor ikkje eit faktisk bilde av arealet som er disponibelt for barna. I kommunebarometeret får Kvam forholdsvis låg karakter; 1,6 (der 1 er dårlegast og 6 er best), men dette er nok eit misvisande tal når ikkje noko av utearealet er medrekna.

4.6.2 Mål og tiltak

Visjon for barnehagane i Kvam: «*Me skapar gode barndomsminner og livsglede*»

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
<i>Barnehagestruktur</i>	Gjennomføra strukturendring, bygging av nye barnehagar.	Bygga nye barnehagar i Strandebarm, Tørvikbygd, Norheimsund og Øystese	Tørvikbygd ferdig Øystese er ferdig Strandebarm barnehage er under bygging - ferdig mai 2017 Norheimsund barnehage er under bygging ferdig juni 2017
<i>Kvalitet i barnehagen</i>	Ferdigstillar arbeid med handlingsplan for barnehage. Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagane, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring barn som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle barnehagar.	Leiar for barnehage og skule set av tid til dette. Prosessjobbing i styrargruppa. Systemarbeid som tema på kvart styrarmøte. Utarbeida felles malar. Barnehagane brukar støttesystem for barnehage og PPT som rådgjevarar. Implementera LP som verktøy for å auka systematisk refleksjon over pedagogisk praksis. Implementera og følgja opp handlingsplan mot mobbing.	Grunna vakant stilling før ferdigstilling av planen, står det litt arbeid att før ferdigstilling.

<p><i>Heilskapleg og likeverdige læringsmiljø</i></p>	<p>Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med Kvam familie- og læringscenter (KFL) . Føremålet er å betra tverrfagleg samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen. Målet er og å styrkja kunnskap og kompetanse for å få til tidleg innsats og godt tverrfagleg tilbod</p>	<p>Systematisk arbeid med fokus på vennskap, trivsel og vaksne som ser.</p> <p>At barnehagane brukar sitt støttesystem for å fanga opp og samarbeida med andre på individ- og systemnivå.</p>	
<p><i>Minoritets-språklege barn i barnehagen</i></p>	<p>Utarbeida integreringsplan for barn og unge som gjev føringar for god integrering og felles system for mottak av fleirspråklege barn i barnehage.</p>	<p>Sett av ressursar i KFL til å utarbeida planen.</p>	<p>Planen er ferdig. Skal setjast i verk i 2017.</p>
<p><i>Rekruttering, Kompetanseheving /retteiing</i></p>	<p>Rekruttera og behalda barnehagelærarar og fagarbeidarar.</p> <p>Rekruttera fleire menn.</p> <p>Tiltaksplanane som vert utarbeidd som etterarbeid etter arbeidsmiljøundersøkinga skal følgjast opp.</p> <p>Jobba systematisk på alle nivå i barnehagane med å få ned sjukefråværet i samarbeid med Grend.</p>	<p>Gje studiestøtte til fast tilsette som vil ta barnehagelærarutd.</p> <p>Gje rettleiing til nyutdanna.</p> <p>Tilby lærlingeplass Tilby gitar på ungdomstrinn arbeidsveka i barnehagen.</p> <p>Visa i annonsetekstar at me ynskjer menn i barnehagane for å få likare kjønnsfordeling.</p> <p>Jobba med på personalmøte i kvar barnehage</p> <p>Kompetanseheving frå NAV (frukostmøter) til leiarane i sjukefråværsoppfølging</p> <p>Invitera inn Grend på personalmøte – ulike tema som blir drøfta</p> <p>Tema på styrarmøte - korleis jobba med sjukefråværsoppfølging</p>	<p>1. person får støtte.</p> <p>Har system for rettleiing til nyutdanna barnehagelærar</p> <p>Planar er laga og blir kontinuerleg fulgt opp.</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Aktiv rolle i personalleiing, fast tema til gjennomdrøfting.</p>

<i>IKT-digitaliseringsstrategi</i>	Sikra at det vert system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk. Sjå dette i samanheng med prioriteringar i digitaliseringsstrategien.	Gjennomføra tiltaka i tråd med digitaliseringsstrategien Internopplæring Nettverk – dela erfaring/kunnskap	Innanfor dei gitte økonomiske rammene har ein starta på innkjøp av utstyr i tråd med strategien. Tilsette i barnehage treng meir kompetanse i å nytta ikt i barnehagekvardagen.
------------------------------------	---	--	--

4.6.3 Økonomiske rammer

Barnehagar	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
201 Førskule	38 293	39 075	-782	39 882	-1 589	39 656
211 Styrka tilbod til førskuleborn	3 636	4 099	-463	4 493	-857	5 247
221 Førskulelokale og skyss	4 285	3 170	1 115	3 780	505	3 410
Barnehagar	46 215	46 345	-130	48 155	-1 941	48 314

201 Førskule har eit mindreforbruk på 1,6 mnok. Lønsutgifter med fråtrekk av lønsrefusjonar vart 1,1 mnok lågare enn budsjettet. Ei rekkje andre øymerka tilskot og refusjonar vart samla på 0,7 mnok meir enn budsjettet. Utgiftene til private barnehagar vart 0,3 mnok høgare grunna moderasjon i foreldrebetaling.

211 Styrka tilbod til førskulebarn har eit mindreforbruk på 0,9 mnok. Mindreforbruket skuldast i hovudsak lågare lønskostnader grunna lågare behov, samt sjukelønsrefusjonar frå NAV.

221 Førskulelokale og skyss har eit meirforbruk på 0,5 mnok til løn til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) og reinhald.

4.7 Grunnskuleopplæring

4.7.1 Om tenestene

Grunnskule omfattar funksjonane 202-Grunnskule, 213-Vaksenopplæring, 214-Spesialsular (Kvam har ingen), 215-Skulefritidstilbod, 222-Skulelokale, 223-Skuleskyss og. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) for skulebarn inngår som del av 202-Grunnskule. Kommuneloped 0-100 år inngår som ein del av 213-vaksenopplæring.

Grunnskuledrifta vert regulert av gjeldande Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, *opplæringslova*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Opplæringslova omhandlar rettar og plikter forbunde med opplæring og skulegang i Noreg. Formålsparagrafen § 1-1 i opplæringslova startar med: *Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

Det er 6 grunnskular i Kvam herad;

- Strandebarm skule 1-10
- Tørvikbygd skule 1-7
- Norheimsund skule 1-7
- Øystese barneskule 1-7
- Kvam ungdomsskule
- Ålvik skule 1-7
- I tillegg har Kvam ein privat grunnskule 1-10: Norheimsund friskule

Det er om lag 145 årsverk i grunnskulen og SFO inkludert leiarar og 1059 elevar.

Opplæringslova § 1-3 omhandlar tilpassa opplæring og tidleg innsats, § 5-1 regulerer retten til spesialundervisning, og § 9a-3 omhandlar elevane sitt psykososiale miljø. Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskulen og i vidaregåande opplæring gjev fundamentet for opplæringa i skule og bedrift. Kunnskapsløftet består av Læreplanar for fag, Generell del av læreplanen, Prinsipp for opplæringa, fag- og timefordeling og tilbudsstruktur. Læreplanen sin generelle del utdjuvar formålsparagrafen i opplæringslova, gjev overordna mål for opplæringa og inneheld verdi- og kunnskapsgrunnlaget, og det kulturelle grunnlaget for grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Opplæringslova §13-10 fastset at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten skal drøftast av skuleigar, dvs. heradsstyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane. I Kvam herad skal rapporten leggjast fram for heradsstyret kvar haust.

Dei kommunale skulefritidsordningane vert drivne i samsvar med lov og forskrifter om skulefritidsordninga og kommunale og lokale retningsliner. Kommunen er pliktig til å ha eit skulefritidstilbod, (jf. § 13-7 i opplæringslova). Innhaldet i skulefritidsordninga skal ta utgangspunkt i barna sin trong for omsorg og leik, og det skal fremja sosial læring.

Vaksenopplæringa er heimla i opplæringslova kapittel 4A, *Opplæring spesielt organisert for vaksne*. Vaksenopplæringa er lokalisert i Norheimsund.

Elevane ved vaksenopplæringa skal få høve til å utvikla kunnskap, kompetanse og haldningar som gjer dei i stand til å meistra eigne liv og høve til å delta i skule, arbeid og samfunnet.

PPT er heimla i opplæringslova §5-6; *Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk psykologisk teneste*. PPT har 2 lovkrav:

1. Tenesta skal sørgja for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det, jf. §5-1 om retten til spesialundervisning. I opplæringslova og § 19c i ny barnehagelov. Den sakkunnige

vurderinga er dokumentet som beskriv behov for spesialundervisning (§5.1), eller behov for tilrettelegging i skulen sitt støttesystem (§3.1).

2. Tenesta skal hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PPT har ei sentral rolle i å kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagar og skular, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring tidleg innsats/barn som treng ekstra støtte, vert drive likt i kommunen.

Utvalde nøkkeltall

KOSTRA

		Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet	
		2014	2015	2015	2015	uten	Landet
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern	Kroner	124 900	122 008	110 325	103 333	102 261	102 394
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år, konsern	Kroner	100 682	98 004	89 405	82 705	82 486	82 058
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), per innbygger, konsern	Kroner	797	773	275	183	206	230
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	Prosent	7,8	7,3	3,6	6,5	5,3	7
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	Prosent	7,9	7,6	8,2	7,6	7,9	7,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev, konsern	Kroner	107 615	106 535	94 886	89 372	88 320	88 276
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev, konsern	Kroner	1 435	1 556	1 686	1 453	1 439	1 429
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	Personer	11,9	11,8	12,4	13,9	13,5	13,7

Kommunebarometer

Grunnskole

20 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste fire år (10 % vekt i sektoren)	39,8	40,2	40,0	3,2	3,5	3,2	225
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år (5 %)	40,3	40,3	41,8	3,8	3,5	4,3	90
FRAFALL: Andel elever ikke fullført og bestått videregående Innen fem år, snitt siste fire år (20 %)	16	16	17	6,0	5,7	5,4	44
NP 5. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	49,4	49,0	48,4	3,5	3,3	3,1	267
NP 5. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (2,5 %)	31	32	32	3,0	3,2	3,0	240
NP 8. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	50,8	49,5	49,6	3,9	3,2	3,4	183
NP 8. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (2,5 %)	8	9	8	4,4	3,9	4,3	109
NP 9. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	50,1	51,0	51,3	3,2	3,3	3,1	201
NP 9. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (2,5 %)	5	5	4	3,5	4,4	4,6	87
UTDANNING: Andel lærere m/høyere og pedagogisk utdanning, 1.-10. trinn (12,5 %)	79	88	85	2,1	4,1	3,5	276
TRIVSEL: 7. trinn, snitt siste fem år (5 %)	88	88	88	5,0	4,5	4,2	223
TRIVSEL: 10. trinn, siste fem år (5 %)	82	85	85	4,2	4,8	4,4	167
SPECIALUNDERVISNING: Andel elever med slik undervisning, snitt siste fire år (5 %)	16,0	13,2	10,4	1,0	1,8	3,1	304
LEKSEHJELP: Andel elever 1.-4. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	36	36	0	2,5	3,0	1,0	371
LEKSEHJELP: Andel elever 5.-7. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	0	24			1,0	2,4	202
LEKSEHJELP: Andel elever 8.-10. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	0	1			1,0	1,1	192
SFO: Antall elever i SFO per avtalt årsverk (7,5 %)	553	593	138	1,0	1,0	1,0	373

Det er viktig å vera merksam på at mange av tala som står i kommunebarometeret er gjennomsnittstal frå dei fire siste åra og dei skil seg såleis frå Kostra-tal og tal som ein finn i tilstandsrapporten.

Elevane i Kvam herad skil seg ikkje nemneverdig frå landgjennomsnittet. Elevane trivst i stor grad på skulen og saman med lærarane sine. Prøveresultata viser at ved fullført grunnskule ligg elevane i Kvam på høgd med nasjonalt nivå. Det er god gjennomføringsprosent i vidaregåande skule for elevane frå Kvam, noko som indikerer eit solid grunnlag frå grunnskulen og at dei vidaregåande skulane i Kvam jobbar godt med å motivera elevane til å fullføra vidaregåande skulegang. Tal elevar som får spesialundervisning er dalande i heile landet og nasjonalt ligg talet på 7,9 prosent. I Kvam er det 7,6 prosent av elevane som får spesialundervisning, ei halvering frå 2013, dette er konsekvens av bevisst oganisasjonsutviklingsarbeid i samarbeid med skulane og PPT, der ein har utvikla nye støttesystem som gjer at fleire elevar har fått utbyte av ordinær opplæring.

Kvam ligg framleis over kommunegruppe 11, Hordaland og landet når det gjeld drifstutgifter per elev. Forklaringane på dette er fleire. I hovudsak handlar det om skulestruktur, skysskostnader i ein langstrakt kommune, mange minoritetsspråklege elevar, gruppestørrelse (tal elevar per lærarårsverk) og ressursinnsats inn mot elevar med omfattande behov. I tråd med økonomiplanen blir ramma til skule gradvis redusert.

4.7.2 Mål og tiltak

Tema/ utfordringar	Mål	Tiltak	Resultat
Kvalitet	<p>Finna langsiktige tiltak for å styrka læringsmiljøet og den pedagogiske analysekompetansen slik at skulane vert robuste i arbeidet med «Inkluderande læringsmiljø».</p> <p>Styrka den tilpassa opplæringa og lesing som grunnleggjande dugleik i alle fag. Lærarar, elevar og foreldre skal innan 2 år seia at i skulen i Kvam jobbar me ut frå prinsippa i vurdering for læring</p> <p>Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i skulane i Kvam, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring barn som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle skular.</p>	<p>Implementera LP-modellen</p> <p>Prioritera ressursar inn mot tidleg innsats. Gje tilpassa opplæring og spesialundervisning jf. opplæringslova. Analysera prøveresultat og setja inn tiltak umiddelbart. Implementera leseplan i Kvammaskulen.</p> <p>Vidareutvikla støttesystem i skulane ilag med PPT</p>	<p>Opplæring/ implementering starta august 2016.</p> <p>Øyremerka midlar til tidleg innsats er brukt i tråd med nasjonale føringar. Fleire elevar får hjelp i støttesystemet. Det er utarbeidd rutinar for gjennomgang av prøveresultat f.eks. elevundersøkinga. Leseplan er utarbeidd og implementeringsarbeidet er så vidt starta.</p> <p>Dette arbeidet i gang og blir jobba vidare med.</p>

	Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med KFL. Føremålet er betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen og styrkja kunnskap og kompetanse for å få til tidleg innsats og godt tverrfagleg tilbod	KFL-prosjektleiari har vore med på rektormøta. KFL har gjennomført ulike kurs/kompetanseheving. KFL-tilsette deltek på drøftingar på skulane både på individ og systemnivå. Etablert lavterskeltilbod for foreldre/familiar som kan jobba både på individ og systemnivå.	Skulane merkar at foreldre får raskare hjelp. Ungdomsskulane får tverrfagleg team fast. Utekontaktarbeidet er ein «synleg» aktivitet i ungdomsmiljøet, som del av det samla KFL-tilbodet. Tilsette i skule treng kontinuerleg informasjon om tenestene i KFL
Inkluderande læringsmiljø Trivsel/ psykososialt miljø	Inkluderande læringsmiljø: -Alle elevar skal oppleve å vera ein del av eit inkluderande læringsmiljø både fagleg og sosialt.	Tilsette på skulane er synlege og tilgjengelege for elevane. Vaksne grip inn straks om noko skulle oppstå Følgja skulane sine handlingsplanar i arbeidet med nulltoleranse mot mobbing. Gjera det enkelt å melde frå om mobbing Styrkja den tilpassa opplæringa. Innføra LP-modellen (læringsmiljø og pedagogisk analyse). Evaluera og vidareutvikla støttesystema ved skulane. Plan for skulevegring	Resultata er omtala i tilstandsrapporten som vert framlagt for HST om hausten. Mobbeplan på heimesida Opplæring er i gang på alle nivå. Som del av LP-arbeidet Blir ferdig våren 2017
Særskilt språk-opplæring for minoritets-språklege elevar i grunnskulen i Kvam.	Gje opplæring i tråd med opplæringslova.	Utarbeida introduksjonsprogram for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med KFL. Setja inn morsmålsassistent dersom barnet ikkje forstår norsk. Bruka kartleggingsverktøy Nytta PPT – rådgjeving og kompetanseheving	Er utført, skal implementerast i 2017 Vert utført. Må sjå dette tiltaket i samheng med introduksjonsprogram for minoritetsspråklege elevar i skulen. Vert utført, men treng meir felles system på skulane. Blir jobba med dette i nettverk for lærarar som underviser i norsk 2.

Vaksen-opplæring	Utvida tilbodet om grunnskuleopplæring i vaksenopplæringa.	I lag med Hardanger og Voss kompetanseregion er det utvikla eit system for realkompetansevurdering etter modell frå Trondheim kommune.	Systemet er utvikla og prøvd ut og fungerer etter intensjonen
PPT – System-Organisasjons-utvikling i skule	<p>PPT skal arbeida målretta i samråd med barnehage og skule i eit felles system som tek i vare tidleg innsats og barnehage/skule sitt systematiske vurderingsarbeid som gjev rett hjelp til rett tid, og der hjelpetenestene i KFL har sin plass og faste møtepunkt som tek i vare det tverrfaglege perspektivet.</p> <p>At PPT kan utføra lovpålagde oppgåver utan ventetid for barn/foreldre.</p> <p>Prioritera og utvikla tenesta i samsvar med nasjonale satsingar.</p> <p>Behalda høgt kvalifiserte fagfolk som er endringsvillige og nytenkjande.</p>	<p>Tett samarbeid mellom skule- og barnehageleiarar og PPT</p> <p>PPT-leiar fast på leiarmøta i skulesektoren.</p> <p>Tiltak: - Laga gode system for å fanga opp elevar som slit og at PPT kan rettleia meir på systemnivå, for å frigjera tid til individarbeid. - Endra tenesta parallelt med nasjonale føringar og satsingar. Arbeidet er retta meir og meir mot systemet skule, ikkje berre individuelt arbeid.</p> <p>Tiltak har vore å ta inn ny forskning og nasjonale føringar, fokuera på fagleg kvalitet og fylla på med spesifikk kompetanseheving.</p>	<p>PPT synleg ut i skule og barnehage både på individ og systemnivå.</p> <p>Meir systemretta arbeid Forankra i forskning og nasjonale føringar</p>

4.7.3 Økonomiske rammer

Grunnskuleopplæring	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
202 Grunnskule	85 415	80 842	4 574	84 240	1 176	84 936
213 Vaksenopplæring	4 006	4 852	-846	4 271	-264	4 698
215 Skulefritidstilbod	1 505	1 166	339	1 664	-159	1 585
222 Skulelokaler	9 794	11 377	-1 583	8 340	1 454	7 890
223 Skuleskyss	4 672	3 592	1 080	4 327	345	4 327
Grunnskuleopplæring	105 392	101 829	3 564	102 840	2 552	103 435

202 Grunnskule har eit meirforbruk på 1,2 mnok. Det er eit mindreforbruk på løn og sjukelønsrefusjonar frå NAV på 1,2 mnok. Samt eit mindreforbruk på overføringing til andre kommunar på 1,4 mnok knytt til at færre elevar frå Kvam går på skule i andre kommunar. Vidare er det ein reduksjon i inntekter på 3 mnok delvis mindre refusjon frå gjesteelevar og delvis ikkje inntektsført ei noko usikker inntekt frå IMDI. Det er eit overforbruk på driftspostane på 0,7 mnok i hovudsak knytt til IKT-lisens og program og inventar. Samt mindre endringar på 0,1 mnok.

213 Vaksenopplæring hadde eit mindreforbruk på 0,3 mnok etter at det øyremerka tilskotet vart 0,7 mnok høgare enn budsjettert. Utflytting av leigde lokale var forseinka, og husleigeutgifta vart 0,1 mnok meir enn budsjettert. I tillegg kom ekstra utgifter på inventar og liknande på 0,3 mnok. Inntektene vart 0,1 mnok lågare.

215 Skulefritidstilbod har eit mindreforbruk på 0,3 mnok fordelt på 0,2 mnok i mindreforbruk på løn og driftspostar og auka brukarbetaling på 0,1 mnok.

222 Skulelokale har eit meirforbruk på 1,5 mnok. 1 mnok er meirforbruk av elektrisitet og 0,5 mnok gjeld meir vedlikehaldsarbeid enn budsjettert.

223 Skuleskyss har eit meirforbruk på 0,3 mnok grunna fleire elevar med rett på skuleskyss.

4.8 Kommnehelse

4.8.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 232-Førebygging - skule og helsestasjonsteneste, 233-Anna førebyggjande helsearbeid og 241-Diagnose, behandling og rehabilitering. Tenestene vert i hovudsak utførte av folkehelsekoordinator, helsestasjonstenesta, ergo- og fysioterapitenesta, kommunepsykolog og legetenesta.

Folkehelse er samfunnet sin innsats for å fremja folk si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige tilhøve og medverka til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Folkehelsearbeidet er heilskapleg og omfattar både kommunal, privat og frivillig sektor. Målet er å utvikla eit samfunn som legg til rette for helsegunstige val, fremjar tryggleik og medverknad for den einskilde, førebygger sjukdom og skade og legg til rette for gode bu- og oppvekstvilkår.

Hovudkonklusjonen i «Folkehelseoversikt for Kvam 2016 – 2019 » er at innbyggjarane i Kvam i det store og heile har god helse.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er ei av tenestene i Kvam familie- og læringscenter. Tenesta har base ved Norheimsund helsestasjon med utekontor ved legekantora i Strandebarm, Øystese og Ålvik. Kommunen skal overvaka helsesituasjon til alle barn, og planleggja og gjennomføra tiltak som fremjar ei best mogleg fysisk og psykisk helse blant gravide, barn og unge. Helsestasjon og skulehelsetenesta er eit lågterskeltilbod og eit allment tilbod til gravide, barn og ungdom i alderen 0-20 år og deira foreldre. Hovudoppgåvene er helseundersøkingar, vaksinasjonar, opplysningsarbeid, råd og rettleiing. Tenesta har også oppgåver knytt til smittevernarbeid, som tuberkulosekontroll, reisevaksine, influensavaksinering og helsestasjon for flyktningar. Det vart født 99 barn i 2016

Ergo- og fysioterapitenesta utfører førebyggjande og kurative tenester til personar i alle aldersgrupper. Kvam har som mål å dreia tenestene mot førebygging, meistring og rehabilitering. Prosjekt kvar dagsrehabilitering og kvar dagssteg er gode eksempel på det. Ergoterapi, barnefysioterapi og fysioterapi til brukarar med samansette behov eller omfattande funksjonsnedsetjingar er organiserte med kommunale fysioterapeutar. Oppgåvene er undersøking og behandling, tilrettelegging for aktivitet, det å kunna bu i eigen bustad og søkja om naudsynte hjelpemiddel for å vera sjølvstendig i eige liv. Institutta gjev tilbod til andre brukarar med funksjonsproblem og smerter. Alle institutta melder om pasientar også frå omkringliggjande kommunar.

Kommunepsykolog er ei av tenestene i Kvam Familie- og læringscenter og vart 1.6.2016 ein del av « Nye Familiesenteret ». Jondal kommune har avtale om kjøp av 30 % kommunepsykolog. Avtalen gjeld til 30.06.2019. Oppgåvene til kommunepsykologen er delt mellom allmennpsykologisk arbeid i form av direkte kontakt med barn, unge og deira familiar, og helsefremjande og førebyggjande arbeid samordna med dei andre tenestene i og utanfor KFL. Tenesta skal bidra til at barn, unge og familiar får rask vurdering av behovet for psykisk helsehjelp og mål om «rett hjelp til rett tid».

Tenesta har årleg kontakt med om lag 50 nye barn, unge og familiar, i tillegg til at om lag like mange har oppfølging i periodar.

Legetenesta

Legetenesta famnar om alt frå kurativ legeteneste, allmennmedisinske offentlege oppgåver og samfunnsmedisinske oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

Alle fastlegane er spesialistar i allmenntmedisin. Kommuneoverlege og sjukeheimslege er tilsette i heile stillingar, og begge er spesialistar.

Kurativ verksemd - fastlegetenesta. Alle som bur i kommunen har rett til ein fastlege. I Kvam er det 10 fastlegar og ein turnuslege. Det er legekontor i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm.

Allmenntmedisinske offentlege oppgåver. Fastlegane kan påleggjast oppgåver innan sjukeheimsmedisin, skulehelseteneste og helsestasjonsteneste i inntil 7,5 time per veke. Kommunen har prioritert å ha legane med på dei ulike arenaane innan helse og omsorg og legg praktisk til rette for det.

Samfunntmedisinske oppgåver – kommuneoverlegen sine oppgåver. Kommunen skal ha ein eller fleire legar som medisinske rådgjevarar. Oppgåvene er plan-, system-, beredskaps-, smittevern- og miljøretta helsevernarbeid. Samfunntmedisinsk kompetanse er også nødvendig i interkommunalt samarbeid og samarbeid med spesialisthelsetenesta, t.d. arbeid med samarbeidsavtalar, tenesteavtalar, prosjekt og prosessarbeid.

Legevaktordninga skal sikra innbyggjarane sine behov for «øyeblikkeleg hjelp»-tilbod heile døgnet og er ein del av den allmenne beredskapen i kommunen. Kvam legevaktstasjon er lokalisert på Toloheimen. I opningstida ved fastlegekontora fungerer dei som legevaktlokale.

Ein vakthavande lege skal vera tilgjengeleg i naudnettet heile døgnet. Kvam har samarbeidsavtale med dei andre kommunane i Voss sjukehusområde om legevakt på natt.

4.8.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Folkehelse			
«Helse i alt me gjer»	Alle avdelingar i kommunen skal ha forståing for «helse i alt me gjer» og arbeida for dette	<p>Leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad</p> <p>Vidareutvikla eit systematisk tverrsektorielt folkehelsearbeid</p> <p>Etablera folkehelsegruppe på tvers av sektorar og einingar</p> <p>Leggja tilrette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse</p>	<p>Det er utarbeidd Folkehelseoversikt for Kvam 2016-19</p> <p>Det er gjeve informasjon, råd og rettleiing i ulike fora, både internt og eksternt</p> <p>Kommunen har delteke i planlegging og gjennomføring av VIRKA – inspirasjonsdag for senior (55+)</p> <p>Kommunen har delteke i ulike tiltak i «Kvammaveko»</p> <p>Kommunen har gjeve tilskot til «Kvammaveko»</p> <p>Døme på tiltak som kommunen har delteke i: Kvardagssteg, Av-og-tilarbeid og uteareal ved Kvam ungdomsskule</p>

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	Meir systematisk samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor	Etablere møtestadar Meir kunnskap og informasjon om korleis samarbeida med frivillige lag og organsasjonar til dei tilsette i kommunen Tilretteleggja for meir samarbeid med frivillige lag og organisasjonar på fleire avdelingar.	Gjennomført frivillighetsundersøking for Kvam i samarbeid med Frivillighet Norge Utvikla ideheftet «Liv Laga» og kurstilbodet Romslege fellesskap i samarbeid med Grannehjelpa
--	--	---	---

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Helsestasjon og skulehelseteneste			
Nasjonale føringar	Styrkja skulehelsetenesta for å møte utfordringar hjå barn og unge i framtida Løysa nye oppgåver som blir lagt til helsesøster-tenesta	Følgja nasjonal opptrappingsplan Helsesøster skal vera tilgjengeleg for elevar på alle skulane kvar veke Helsesøstertenesta skal utføra nye pålagde oppgåver (HPV-vaksinering) Helsesøstertenesta skal setja i verk nødvendig kompetanseheving for å kunna utføra nye oppgåver	Tenesta har utført alle lovpålagte oppgåver i 2016. Tenesta har vore tilgjengeleg på alle skulane, men i ein periode i svært avgrensa tid, grunna mangel på helsesøster. Sjukefråvær, permisjonar og ledige stillingar har medført at nokre oppgåver i 2016 vert overført til 2017. Det vart ikkje søkt om øyremerkta midlar til styrking av skuleskulehelsetenesta, grunna krav om kommunal styrking/kommunal eigendel HPV-vaksinering av jenter født frå 91-96 vart innført 1.1.2016 i tråd med sentrale føringar og vert vidareført i 2017 Tenesta har gjennomgått kompetanseheving på langtidsverkande prevensjon

Prevensjon	Få ned talet på abortar (nasjonalt mål)	Kompetanseheving Helsesøster/jordmor - utvida rett til å skriva ut prevensjon	Helsesøstrene har gjennomført kurs Tenesta har etablert tilbod om å skriva ut og utføra arbeid med langtidsvirkende, reversibel prevensjon (LARC) på Helsestasjon for ungdom i samarbeid med lege
Rekruttering og kompetanse	Rekruttera helsesøster og jordmor til ledige stillingar	Ha tett kontakt med høgskulen Oppmoda sjukepleiarar i eigen kommune til å ta helsesøsterutdanning Delta i faglege nettverk	1 sjukepleiar tilsett i Kvam herad starta på vidareutdanninga hausten 2016. Leiar for tenesta har dialog med høgskulen med tanke på rekruttering Leiar for tenesta deltek i nettverk med leiarar frå kommunane rundt Bergen Tenesta deltek i nettverk for skulehelsetenesta i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Tenesta deltek i nettverksarbeid med Jondal, Fusa og Samnanger Tenesta deltek i faglege nettverk med kommunar med tema mottak av flyktningar Dei tilsette får råd og rettleiing via RVTS-Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging
IKT	Ha effektive digitale verktøy	Utføra tiltak i tråd med digitaliseringsstrategi Innføra E-meldingar	Fagprogram vert oppdatert i takt med systemleverandør, Visma HsPro. Tenesta har ikkje teke i bruk elektroniske meldingar Tenesta er ikkje i mål i forhold til å ha effektive digitale verktøy Det er framleis avvik knytt til databruk og programvare, dette vert det arbeidd med kontinuerleg og har høg prioritet

Samhandling med andre	Bidra til å leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen vår, og styrkja det som bidreg til betre helse	Tilby lågterskeltilbod for ulike målgrupper i skulen Vidareutvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for gravide med rusrelaterte og psykiske vanskar	Tenesta har delteke aktivt i utviklingsarbeid i KFL Det er ikkje etablert nye tiltak i skulehelsetenesta i 2016 Tenesta har starta arbeidet med å vidareutvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for gravide med rusrelaterte og psykiske vansker. Arbeidet held fram i 2017. Tenesta har delteke i etablering av flyktninghelseteam i samarbeid med lege, NAV og ROP.
-----------------------	---	---	---

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Ergo- og fysioterapi			
Habilitering og rehabilitering	Fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som lar brukarane medverka Heilskapelege og koordinerte tenester	Prioritera at eldre kan bu heime lengst mogleg med god livskvalitet Implementera kvardagsrehabilitering og etablera «motorteam» God samhandling med anna helsepersonell i kommunen og med spesialisthelsetenesta Sørgja for at personar med behov for langvarige og koordinerte tenester får individuell plan og koordinator	2217 personar fekk tilbod frå ergo- og fysioterapitenesta i 2016 (2131 i 2015) 2085 har fått fysioterapi etter tilvising, individuelt eller i gruppe. 65 har fått fysioterapi under rehabiliteringsopphald på Toloheimenn og 67 har fått ergoterapi i kommunen Tenesta driv førebyggjande arbeid med helsestasjonsgrupper og trimgrupper m.m. Det er meldt om 16 avvik, primært i høve ventetid. Det er 2 års ventetid på psykomotorisk fysioterapi. 33 barn under 16 år og 33 personar over 16 år har individuell plan. Det er utfordringar knytt til koordinatoroppgåva, spesielt gjeld dette IP for barn

Dreia tenesta mot meir førebyggjande arbeid og tidleg innsats	Prioritera meir ressursar til førebygging og tidleg innsats	Oppretthalda og vidareutvikla gruppetilbod; balansetrening/fallførebygging, fritidsaktivitetar m.m. Delta i prosjekt «Kvardagssteg» Tilretteleggja for lågterskeltilbod for ulike målgrupper Ha meir fokus på førebyggjande arbeid retta mot barn og unge	
Samhandling	Rett tilbod på rett nivå til rett tid	Vidareutvikla god samhandling internt og med andre i tråd med særavtalar og nettverk	
Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Kommunepsykolog			
Tilbodet skal vera ei støtte, og ikkje ei erstatning for «første rekkjetenester» frå barnehage/skule, helsestasjon, fastlege.	Styrkja og auka tryggleik hos fagpersonar som dagleg møter barn og unge som har utfordringar.	Bidra med kompetansedeling og rettleiing til fagpersonar «i første rekkje».	Faglege bidrag på KFL-samlingar. Deltaking på foreldremøte. Rettleiing og konsultasjon etter behov til andre fagpersonar og -grupper.
Stor pågang frå ungdom i alder 15-19 år. Søkjer sjeldan hjelp på eiga hand. Behov for lett tilgjengelege tilbod med kort ventetid.	Ta del i KFL sitt utviklings- og omstillingsarbeid for å «gje rett hjelp til rett tid». Samordna kommunale tilbod til ungdom.	Integrera psykologressursen i familiesenteret. Tett samarbeid med skulehelstetenesta om ungdomar.	Omorganisert frå 1. juni 2016. Del av familiesenteret i KFL. Samorganisert med familieterapiressursar, utekontakt og LOS-prosjekt. Jamleg samarbeid.
BUP Voss har ventetid og lang reiseavstand. Ungdom går glipp av undervisning.	Lettare tilgang på tenester i psykisk helsevern for barn og unge, BUP Voss	Drøfta bruken av digitale løysingar i kontakten med BUP Voss.	Tematisert i underutval for barn og unge si psykiske helse (Voss sjukehus), og tenestene i KFL. Jobbar vidare med i 2017.


Kommunal psykologressurs	Samordning av oppgaver, ansvar og samarbeid mellom psykologen i PPT og kommune-psykologen i ROP	Faste psykologmøte Samarbeid om fagdagar, kurs og seminar Tiltak for å behalda og rekruttera psykologar til kommunale stillingar	Faste møte. Flest våren 2016 når ROP hadde psykologstudent, og psykolog i PPT. Felles rettleiing. Deltaking på nasjonal nettverkssamling for psykologar i kommunen.
Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Legetenesta			
Samhandling mellom fastlegekontora og dei andre helse- og omsorgstenestene	Tettare samarbeid mellom og om hjelpepersonell innan helse og omsorg	Prosjektorganisering med to prosjektgrupper, ei i Ålvik og ei i Strandebarum	Gjennomført prosjektrapport med konklusjon
Vidareutvikla e-meldingar både med samarbeidspartar lokalt og eksternt	Utvida bruksområde og bruk	Meir bruk av e-meldingar både internt i kommunen og med spesialisthelse-tenesta	Auka samhandling med bruk av e-meldingar
Naudnettinnføring	Fullføra innføringa av og drifta naudnett vidare	Bruk og repetisjon av bruk av naudnettutstyret Delta i samarbeidsmøte med andre kommunar og sjukehusa	Begge deler er gjennomført, og det er gode opplevingar av bruken/funksjonen av naudnett
Krav om kommunalt øyeblikkeleg hjelp-døgntilbod	Etablera og drifta øyeblikkeleg hjelp-seng knytt til lokalmedisinsk senter	Frigje rom, kjøpa utstyr, bemanna og læra opp personell, avtala med legane	Etablert og drifta frå 1.1.2016
Etablera og drifta det interkommunale legevaktsamarbeidet	Ferdigstillta avtalen og bidra til oppstart av interkommunal legevakt	Ferdigstillta avtalen og behandla den i heradstyret	Vedtak i heradstyret i juni 2016 og oppstart interkommunal legevakt 1.1.2017
Interkommunalt samarbeid innan miljøretta helsevern	Etablera og drifta det interkommunale samarbeidet	Tilsetja felles teknisk-hygienisk personell	Rådmannsforum har vedteke at det ikkje skal inngåast interkommunalt samarbeid, men utførast enkeltvis.
Interkommunalt samarbeid innan samfunnsmedisin og folkehelse	Vidareutvikla det interkommunale samarbeidet om samfunnsmedisin og folkehelse	Arrangera månadlege møte	Gjennomført

Akuttmedisin- forskrifta	Følgja opp forskriftsfesta kom-petansekra- v både til lege i vakt og helse- personellet ved lege- vakta/legevakt- sentralen	Delta på lokale øvingar og kurs og kurs med spesielle krav	Delvis gjennomført
Utrykkingskøyning	Læra 2 legar i Norheimsund og 2 i Øystese ut- trykkingskøyning	Delta på kurs med brannvernet	Oppstart for ein lege
6 av 12 legar vil innan 2017 vera over 60 år.	Planleggja nyrekruttering av legar til Kvam.	Heradstyrevedtak om temaplan for legetenesta	Vedtaka fatta i juni og arbeid starta i desember

Utvalde nøkkeltal

KOSTRA – brutto driftsutgifter 232, 233 og 241 per innbyggjar

Tidsserie



Nivået i Kvam ligg over dei andre, men gjekk noko ned i 2015. Kommunen har satsa på kommunehelse, noko som og viser igjen i kommunebarometeret, der kommunen ligg høgt på fleire av tenestene.

	1238 Kvam		EKG11 Kostragrupp e 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2014	2015	2015	2015	2015	2015
	Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13	12,8	9,6	8,5	9,1
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innb. 0-5 år. Funksjon 232	0,5	1	6,1	1,7	5,7	5,5
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	10,7	10	7,7	7	7,4	7,3
Andel timer av fysioterapeuter med fast lønn og turnuskandidater. Funksjon 241	35,9	30,7	30,8	34,4	31,1	30,8
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,94	1,21	0,36	0,44	0,38	0,41

	1238 Kvam		EKG11 Kostragrupp e 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2014	2015	2015	2015	2015	2015
	Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,6	12,9	11,7	10,1	10,5
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241, konsern	3990	3961	3445	2912	3014	2973
Fastlegeregisteret: gjennomsnittlig listelengde	889	882	988	1149	1102	1128

Kommunebarometer

Helse

7,5 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
LEGEDEKNING: Andel legeårsverk per 10.000 innbyggere (10 % vekt innen sektoren)	11,6	11,6	12,9	2,3	2,4	2,7	163
HELSEØSTER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere under 5 år (5 %)	69	53	91	3,1	2,6	3,5	171
PSYKISK HELSEARBEID: Antall psykiatriske sykepleiere per 10.000 innbyggere (10 %)	1	0	1	1,4	1,1	1,3	378
JORDMOR: Antall årsverk per 10.000 fødsler (10 %)	85	91	115	2,0	2,2	2,6	96
INNLEGGELSER: Antall innleggelser på sykehus per 1.000 innbyggere (15 %)	267,8	254,8	223,4	4,1	4,5	4,6	141
SKOLEHELSE: Andel barn m fullført undersøkelse innen utgangen av 1. trinn (10 %)	98	96	100	5,7	5,4	6,0	1
HJEMMEBESØK: Andel hjemmebesøk, nyfødte innen to uker etter hjemkomst (10 %)	100	100	100	6,0	6,0	6,0	1
HELSESTASJON: Timer åpent i uka (5 %)	2,0	2,0	2,0	1,4	1,5	1,4	137
MEDISINBRUK: Diabetesmedisin, per 10.000 innbyggere (5 %)	19	19	19	6,0	6,0	6,0	13
MEDISINBRUK: Hjerne- og karmedisin, per 10.000 innbyggere (5 %)	123	126	128	5,5	5,2	5,2	61
MEDISINBRUK: Medisinbruk samlet per 10.000 innb. (5 %)	660	665	658	2,8	2,6	2,8	197
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter forebygging, kr per innb - snitt fire år (10 %)	406	438	417	5,2	5,2	5,1	36

4.8.3 Økonomiske rammer

Kommunehelse	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
232 Førebyggjning - skule og helsestasjonsteneste	4 979	5 518	-539	6 221	-1 242	6 853
233 Anna førebyggjande helsearbeid	2 022	1 952	71	2 397	-375	2 282
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	16 485	14 606	1 880	16 820	-335	15 565
Kommunehelse	23 487	22 075	1 411	25 438	-1 951	24 700

232 Førebyggjning skule- og helsestasjonsteneste vart 1,2 mnok lågare enn budsjettert på grunn av lågare reinhaldsutgifter (0,6), høgare lønsrefusjon (0,3) og 0,6 mnok i høgare refusjonsinntekter. Utgiftene til m.a. medikament vart 0,2 mnok høgare.

233 Anna førebyggjande helsearbeid vart 0,4 mnok lågare enn budsjettert. 0,3 mnok til beredskapsarbeid/uforutsette hendingar vart ikkje brukt og medikamentkjøp vart 0,1 mnok lågare.

Funksjon 241 har eit mindreforbruk på 0,3 mnok.

- Fysio- og ergoterapitenesta viser eit mindreforbruk på ca 0,4 mnok og skuldast lågare lønsutgifter, prosjektmidlar ført på andre tenester, auka tilskot frå fylkesmannen og fastlønstilskot fysioterapeuter.
- Legevakt har eit mindreforbruk på ca 0,5 mnok i lønsutgifter, men det er kjøpt for 1 mnok meir. Inntektene vart 0,3 mnok høgare. Utgiftene til ØH-seng og naudnett vart lågare, men den interkommunale legevakta vart dyrare enn budsjettert

4.9 Pleie og omsorg

4.9.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 234 - Aktivisering eldre og funksjonshemma, 253 – Helse- og omsorgstenester i institusjon, 254 – Helse- og omsorgstenester til heimebuande, 255 – Medfinansiering somatiske tenester (gått ut f.o.m. 2015), akutthjelp helse- og omsorgsteneste («ØH-seng», oppstart 1.1. 2016) og 261 – Institusjonslokale.

Pleie- og omsorgstenesta yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom heimetenesteomsorg og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med utviklingshemming og personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Dei siste åra har det vore ein auke i brukargruppa under 67 år.

Institusjonsomsorg og heimetenesteomsorg er organisert i 14 arbeidsgrupper fordelt på Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Det er 51 langtids plassar i institusjon, og 16 korttidsenger på Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling på Toloheimen.

Kvam herad har 49 trygdebustadar og 103 omsorgsbustadar for utleige.

Det er dagtilbod for eldre på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og i Ålvik omsorgsbustadar (51 plasser totalt). Dagtilbod for utviklingshemma er på Øysteseheimen. Heimetenesta har tilbod om middagsombringning for heimebuande.

Samhandlingsreforma legg føringar for at fleire oppgåver skal flyttast frå sjukehus til kommunen og at kommunen skal leggja til rette for *å gje behandling før, i staden for og etter* sjukehusbehandling. Kvam har tilpassa seg desse endringane, og Kvam lokalmedisinske senter er eit viktig tiltak i denne utviklinga. Senteret skal vera eit lokalt helsetilbod der Kvam herad mellom anna samarbeider med helseføretaket om tenester før eller etter sjukehusinnlegging. Tilbodet skal skåna pasientane for lange reiser til behandling, og syta for eit like godt eller betre tilbod i nærmiljøet. Senteret er ei overbygging for fleire funksjonar lokalisert i og ved Toloheimen. Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling (KRB) er ei korttidsavdeling som gjev tilbod om utgreiingsopphald, avlastning, rehabilitering, behandling og omsorg ved livets slutt (palliasjon). 1 seng vert nytta til øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-seng).

Helse Bergen har dialysesatelitt i avdelinga.

Lokalt hjelpemiddellager er lokalisert på Toloheimen og har ansvar for utlån av tekniske hjelpemiddel både for kortvarig og langvarig behov.

Kreftkoordinator er ei prosjektstilling delvis finansiert med midlar frå Kreftforeningen.

Gjennom opptappingsplanen for psykisk helse i 1998-2008 og opptappingsplanen for rusomsorg 2014-2016 vart **tenester innan rus og psykisk helse** styrkt på fleire område. Sentrale styresmakter varslar ytterlegare styrking innan rusomsorga i 2017. Avdelinga har kontor i gamle Norheimsund ungdomskule. Tilboda frå avdelinga vert gjeve på kontoret eller i klienten sin heim. Arbeidsoppgåvene spenner frå opplysningsarbeid, førebyggjande arbeid, tidleg innsats, kartlegging, oppfølging , behandling og rehabilitering av personar med både lettare psykiske vanskar, alvorleg psykisk sjukdom og rusproblematikk. Det er brei kompetanse i personalgruppa, også psykologkompetanse. Kommunen gjev lågterskel-aktivitetstilbod, individuelle støttesamtalar, ulike gruppetilbod og meistringskurs i t.d. belastningar og depresjon.

Helse og omsorg har eige tenestekontor (Stab- og forvaltarkontor) lokalisert på Toloheimen.

4.9.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Eining helse og omsorg hadde i 2016 innsparingskrav på kr. 5,3 mill	Greia innsparingskravet	Vurdera aktuelle område for innsparing. Vurdera alle ledige stillingar - om dei er aktuelle for innsparing Bruka «LEAN» som metode i effektiviseringsprosessar, fjerna «tidstjuvar» og få meir tid til brukarretta oppgåver	Ledige stillingar i løpet av 2016 vart meldt inn til rådmannen si leiargruppe for vurdering Nokre vikariat har vore erstatta med vikar, andre er haldne vakante. Det er gjennomført LEAN-prosjekt på matomsorg

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak	Resultat
Auka press i tenesta: Auka hjelpebehov og fleire brukarar som søker om hjelp Auka tal utskrivingsklare pasientar i sjukehus Auka tal pasientar på KRB som ventar på institusjonsplass eller omsorgsbustad Ventelister på langtids plass, omsorgsbustad og trygdebustad	Fagleg forsvarleg, heilskapleg og koordinert tenestetilbod Fleksibelt tenestetilbod tilpassa den enkelte sine behov Nok institusjonsplassar og omsorgsbustadar Ta imot pasientar frå sjukehus straks dei er ferdig behandla Auka rehabiliteringstilbodet til heimebuande	Leggja til rette for tilbod på lågaste effektive omsorgsnivå Styrka bemanninga i heimetenesta slik at dei kan ta imot meir hjelpetrengjande brukarar i heimen Bruka 3 to-sengsrom inntil nye institusjonsplassar er ferdige Ta imot utskrivingsklare pasientar straks dei er ferdigbehandla i sjukehus Starta forprosjekt om utbyggingsbehov på kort sikt og forprosjekt om vidare utbyggingsbehov på lang sikt Prioritera rehabiliteringsopphald for heimebuande	Tal brukarar i heimetenesta har vore relativt stabilt dei siste åra. Per 1.1.2017 hadde tenesta kontakt med 415 brukarar, 43 % over 85 år og 22 % 18-66 år Tenesta har levert fagleg forsvarleg tenestetilbod , men det har ført til bruk av ekstraressursar og auka bruk av vikarbyrå Tal søknader har auka og det er starta prosjekt som m.a. vurderer nivå på tenestetildeling 3 to-sengs rom har vore i bruk det meste av 2016 Det har vore ventelister på langtids plass og

			<p>omsorgsbustad heile 2016</p> <p>Ekstramidlar (3 mill.) har vore nytta til å styrka bemanning i grupper med stort press.</p> <p>Kvam har betalt for 380 utskrivingsklare døgn i sjukehus i 2016 mot 455 i 2015</p> <p>Grunna press på søknader til KRB i frå sjukehus har det ikkje vorte gjeve tilbod om rehabiliteringsopphald for heimebuande i 2016</p> <p>Prosjekt utbyggingsbehov på kort sikt vart gjennomført. Ulike løysingar vart vurdert og det er no politisk vedtak om bygging av 6 nye pasientrom på Øysteseheimen</p> <p>Forprosjekt utbyggingsbehov på lang sikt oppstart januar 2017</p>
Leggja til rette for eigenmeistring slik at flest mogleg kan leva sjølvstendige liv	Auka fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid	<p>Prosjekt Kvardagsrehabilitering</p> <p>Tilby styrke-balansetrening i grupper for eldre heimebuande</p>	<p>Prosjekt Kvardagsrehabilitering vart avslutta 31.12.2016 og innført som teneste frå 1.1.2017. 4 brukarar fekk tilbod i prosjektperioden</p>

		<p>Vera ei synleg teneste og ein ressurs som bidreg til auka kjennskap om psykisk helse og rusvanskar</p>	<p>20 personar har fått tilbod i balansetrening, fordelt på 2 grupper, treningstilbod 2 x per veke i 12 veker. Gode tilbakemeldingar frå brukarane</p> <p>Det har i 2016 vore tilbod i 20 ulike grupper, i treningssal eller basseng. Målgruppa eldre og kronikarar</p> <p>Læringsnettverk i fallførebygging starta i 2015 og vart vidareført i 2016</p>
Fagleg forsvarleg tenestetilbod i tråd med lov og forskrift	Rett hjelp til rett tid på rett nivå	Revidera kriterie for inntak i institusjon og omsorgsbustad	Inntaksteamet har utarbeidd forslag til kriterie for inntak i institusjon og omsorgsbustad. Kjem som politisk sak våren 2017
Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunen	Oppretta ØH-døgntilbod med faste stillingar og forsvarleg drift frå 1.1.2016	<p>Avtale med legane som sikrar legetilsyn 2 gonger per døgn i ØH-senga.</p> <p>Auka bemanninga i avdelinga som sikrar fagleg forsvarleg tilbod i ØH senga</p> <p>Utarbeida retningslinjer for bruk av ØH-senga og gjera dette kjent for legane og sjukepleiarane i avdelinga</p> <p>Avtale med Helse Bergen og Voss kommune om ordninga</p>	<p>1 ØH-seng vart oppretta 1.1.2016. Samarbeidsavtale med Voss kommune om ØH-tilbodet på natt. Beleggsprosent i 2016 var 49,8 % fordelt på 34 pasientar</p> <p>Kvam deltek i driftsgruppe saman med Voss kommune</p> <p>Det er utarbeidd retningslinjer m.m. og desse er gjort kjende for sjukepleiarar og legar</p>

<p>Framtidsretta tenester</p>	<p>Leggja til rette for nyttenking, satsa på innovasjon og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar</p>	<p>Vidareføra prosjekt Velferdsteknologi</p> <p>Kjøp av nytt varslings- og telefonsystem i institusjon og omsorgsbustadar og nye tryggleiksalarmar for heimebuande</p> <p>Ta i bruk løysingar som E-lås, døralarm, sengealarm m.m.</p>	<p>Prosjektgruppa for Velferdsteknologi gjennomførte studietur til Fredrikstad våren 2016</p> <p>Elås-prosjekt vart prioritert i 2016 og det vart montert 34 elåsar hos brukarar i Ålvik</p> <p>Bevegelsesensorar i enkelte bustadar er prøvd ut og har medført reduksjon i tal besøk og betre livskvalitet for brukar</p> <p>GPS-alarm er prøvd ut hjå 1 brukar</p>
<p>Dagtilbod for personar med demens - plikt til å tilby dagaktivitets-tilbod til heimebuande personar med demens frå 1.1.2020</p>	<p>Vidareutvikla tilbodet</p>	<p>Søkja om øymerka midlar og gjennomføra prosjekt</p>	<p>Kvam har motteke tilskot i 2016 og nytta dette til:</p> <p>Sansehage i Ålvik og tilrettelegging for aktivitet på dagsenteret</p> <p>Kjøpt inn Motitech-syklar med film til dagsentera i Ålvik, Øystese og Strandebarm</p> <p>Motitech er eit motivasjonsverktøy som stimulerer eldre og personar med demens til auka fysisk aktivitet</p>

<p>Samarbeid med pårørende og frivillige</p>	<p>Vera gode støttespelarar for pårørende</p> <p>Auka frivillig deltaking i helse og omsorg</p>	<p>Gi god informasjon, ha god dialog, gje støtte og fagleg rettleiing til pårørende</p> <p>Leggja til rette for frivillig arbeid og spørja kva dei frivillige ynskjer å bidra med</p> <p>Samarbeida med Lions og Grannehjelpa mellom anna i prosjekt «Saman på sykkel»</p> <p>Leggja til rette for meir kultur og aktivitetstilbod</p>	<p>Treningstreff/middag på Strandebarmheimen.</p> <p>Starta i 2007 samarbeid med frivillige, fysioterapeut og pleie og omsorg</p> <p>Pleie og omsorg har motteke 4 taxisyklar, ein til kvar sone, i gåve frå Lions. Lite erfaringar med bruk sidan dei vart overlevert seint på hausten</p>
<p>Samarbeid med helseføretaket</p>	<p>Godt og tett samarbeid</p> <p>God og sikker kommunikasjon</p> <p>Gode og tilgjengelege spesialisthelsetenester nært til pasienten</p>	<p>Gjera samarbeidsavtalar kjende for helsepersonell i kommunen</p> <p>Nytta elektronisk meldingsutveksling i dialogen om pasientar</p> <p>Delta i samarbeidsfora og møteplassar</p> <p>Arbeida for nye spesialisthelsetenestetilbod lokalt</p>	<p>Samhandling med sjukehus i tråd med overordna samarbeidsavtale og tenesteavtalane.</p> <p>Kvam har deltakarar i samarbeidsrådet og i dei 5 underutvala.</p> <p>Dei tilsette er kjende med tenesteavtalane og arbeider i tråd med desse</p> <p>Legane og pleie og omsorg nyttar elektronisk meldingsutveksling i dialog med sjukehuset om utskriving av pasientar.</p>

Rettstryggleik for bruk av makt og tvang overfor enkeltpersonar med utviklingshemming	Dei tilsette skal ha kunnskapar om regelverket og gjera rett vurdering i forhold til lovverk og førebyggja og avgrensa bruk av makt og tvang	Opplæring for tilsette og støttekontaktar i regelverk om bruk av makt og tvang	E-læringskurs vert nytta i opplæring av nyttilsette som skal arbeida med personar med utviklingshemming
Mange vert sjukemelde grunna stress, lettare psykiske lidingar og psykosomatiske smerter	Rask hjelp og raskt tilbake til arbeid	«Hjelp til jobbmeistring» eit behandlingstiltak i samarbeid med kommunepsykolog, fastlegane og Nav	Tiltaket starta i 2016 og vert vidareført i 2017
Organisering	Fjerna «tidstjuvar» for å få meir tid til brukarretta oppgåver	Nytta «LEAN» som metode i forbetningsprosessar Vurdera gruppestrukturar Utvida bruk av Mobil pleie og Mobil plan Utvida bruk av Multidose Vurdera «Stille rapport» Lukka avvik knytt til påloggingsproblem og andre problem knytt til datautstyr og programvarer	Tenesta har utvida bruk av Mobil pleie og Mobil Plan. Tenesta er ikkje i mål med å få ned rapporttid. Fleire brukarar på Multidose i 2016, 129 brukarar per 31.12.2016 Det er mange avvik knytt til påloggingstid og andre dataporblem. Dette har vore ein stor tidstjuv i 2016. Saka er meldt til IKT
Kvalitet, kompetanse og rekruttering	Sikra fagleg forsvarleg tenestetilbod Sikra kvalifiserte medarbeidarar i alle stillingar Sikra kvalitet i rekrutteringsprosessar	Laga kompetanseplan Vidareutvikla systemarbeid Leggja til rette for kurs, hospitering, internundervisning og E-læringskurs	Helse og omsorg har kompetanseplan for 2016 Det er lagt til rette for E-læringskurs, m.a. brann, ernæring, makt og tvang 6 tilsette på desentralisert sjukepleiarutdanning 2015-2019

	Behlada og utvikla kompetanse i helse- og omsorgstenesta	<p>Prioritera støtte til grunnutdanning og vidareutdanning, spesielt for helsefagarbeidarar og desentralisert sjukepleiarutdanning</p> <p>Ta imot fleire lærlingar</p> <p>Arbeida for heiltidskultur</p> <p>Redusera bruk av vikarbyrå</p>	<p>2 tilsette på vidareutdanning i krefttomsorg 2015-17</p> <p>8 tilsette tok fagbrev i helsearbeidarfaget</p> <p>Kommunen tok inn 8 nye lærlingar i 2016 og hadde per 31.12.2016 15 helsefagarbeidarlærlingar.</p> <p>2 tilsette på vidareutdanning i rusomsorg 2015-17</p> <p>Det har i 2016 vore arbeidd med temaet heiltidskultur, mål om fleire 100 % stillingar.</p> <p>Pleie- og omsorgstenesta har hatt stor bruk av vikarbyrå grunna sjukefråvær og ledige vikariat</p> <p>Fleire tilsette deltek i faglege nettverk; m.a. palliasjon, kreftnettverk</p> <p>Pleie og omsorg har tilsett 6 sjukepleiarar i faste vikarstillingar med mål om å redusera bruk av vikarbyrå</p> <p>Kreftkoordinatorstilling med tilskot frå Kreftforeninga, stillinga skal evaluerast i 2017</p>
--	--	--	---

Utvalde nøkkeltal

	1238 Kvam		EKG11	EKA12	EAKUO	EAK
	2014	2015	Kostragruppe 11 2015	Hordaland 2015	Landet uten Oslo 2015	Landet 2015
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	45,4	45,3	41,9	45,9	44,4	44,9
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	49,2	49,7	53,4	47,6	50,3	49,6
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	5,4	4,9	4,7	6,6	5,3	5,4
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over, konsern	323 215	318 217	361 749	378 224	371 181	376 869
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over, konsern	112 888	108 964	111 865	117 030	109 342	111 348
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over. Korrigerende brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	458	456	357	327	328	325
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av brutto driftsutg, konsern	1,1	1,2	1,2	1,4	1,3	1,2
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år og over	12,2	12,6	17,4	20,1	18,1	18,5
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	9,9	9,4	12,9	14,4	13,2	13,6
Korrigerende brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1 187 865	1 148 787	1 027 924	1 004 436	1 050 987	1 067 592
Brukerbetaling i institusjon i forhold til brutto driftsutgifter, konsern	9,7	10	13,1	13,9	13	13,2
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	26,6	23,6	20,4	22,8	19,9	20

Kommunebarometer

Eldreomsorg

20 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
BEMANNING: Andel ansatte med fagutdanning (10 % vekt innen sektoren)	75	65	72	3,7	1,0	3,2	276
BEMANNING: Tid med lege og fysioterapeut på sykehjem (10 %)	2,04	1,74	2,05	6,0	6,0	6,0	9
BEMANNING: Årsverk av ergoterapeut og geriatrisk sykepleier per 1.000 innb. over 80 år (10 %)	9	9	7	2,6	2,6	2,3	287
PROFIL: Hvor stor andel av de over 80 år med tjenester, får den hjemme? (10 %)	83	82	83	5,6	5,4	5,7	28
TILSYN: Andel på sykehjem med tilsyn av lege (5 %)		47	40		2,9	2,4	233
TILSYN: Andel på sykehjem med tilsyn av tannhelsepersonell (5 %)		22	13		1,8	1,1	254
DEMENTE: Andel plasser til demente, mot antall over 80 år på sykehjem (5 %)	37	49	46	3,6	4,3	4,0	129
ENEROM: Andel brukertilpasset enerom på sykehjem med bad/wc (5 %)	93	99	96	5,5	5,9	5,6	206
KORTTIDSPASSER: Gjennomsnittlig oppholdstid per plass, målt i dager (10 %)	30	47	46	4,4	2,7	2,7	266
SAMHANDLING: Antall døgn på sykehus for utskrivningsklare pasienter, per 10.000 innb. (5 %)	149	522	674	2,7	1,0	1,0	426
BEHOV: Andel av 67+ med bistand, som har stort omsorgsbehov (2,5 %)	11	13	12	4,8	4,5	4,5	82
HELSETILSTAND: Dødelighet i prosent av landsgjennomsnittet (100 - snittet) (7,5 %)	75	76	78	6,0	6,0	6,0	19
TILBUD: Gjennomsnittlig antall timer praktisk bistand i hjemmet (2,5 %)	4,8	5,0	6,1	2,0	2,0	2,2	292
TILBUD: Gjennomsnittlig antall timer hjemmesykepleie (2,5 %)	4,6	5,1	5,4	2,7	2,8	3,0	128
TRYGGHET: Trygghetsalarm per 1.000 hjemmeboende eldre over 80 år (5 %)	34	36	39	3,0	3,2	3,6	197
BRUKERE: System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten/institusjon (5 %)	6	4	2	6,0	4,3	2,7	266

Det er store variasjonar i rangeringa innanfor eldreomsorga. På utskrivningsklare pasientar låg kommunen heilt på botnen i 2015, men har òg fleire plasseringar i toppen som tid med lege og fysioterapeut på sjukeheim og helsetilstand.

4.9.3 Økonomiske rammer

Pleie og omsorg	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 790	6 642	148	6 480	310	5 749
253 Helse- og omsorgstenester i institusjon	54 300	53 548	752	56 994	-2 695	56 973
254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande	69 103	62 526	6 577	62 701	6 401	61 925
255 Medfinansiering somatiske tenester	0	-165	165	0	0	0
256 Akutthjelp helse- og omsorgstenesten	0	23	-23	0	0	0
261 Institusjonslokaler	4 656	4 080	576	5 271	-615	4 870
Pleie og omsorg	134 848	126 653	8 195	131 446	3 402	129 518

234 – Det er brukt 0,3 mnok meir på aktivisering enn budsjettert. Støttekontaktar har eit meirforbruk på ca 0,4 mnok. Ordninga med tildeling er til vurdering. I 2016 tildelte forvaltarkontoret og støttekontaktane var organisert i kulturavdelinga. Frivillige lag/organisasjonar har fått utbetalt ca 0,1 mnok mindre enn budsjettert.

253 – Det er eit mindreforbruk i helse- og omsorgstenester i institusjon på ca 2,7 mnok. Sjukelønsrefusjonar vart 4,3 mnok høgare enn budsjettert, der delar av summen gjeld refusjonar frå tidlegare år. Lønsutgiftene vart 0,3 mnok lågare. Utgiftene til vikarkjøp vart 3 mnok høgare og 0,6 mnok meir til mat. Brukarbetalingane vart 1,5 mnok høgare enn budsjettert og kommunen mottok 0,2 mnok meir i øyremerka tilskot.

254 – Innan heimetenester vart det eit meirforbruk på 6,4 mnok over budsjett. Netto er det brukt 2,6 mnok meir i lønsutgifter enn budsjettert. Ekstra kjøp av vikar vart på 6 mnok over budsjett og andre driftsutgifter med 1 mnok. Refusjon for ressurskrevjande brukarar vart 3,1 mnok høgare, og andre inntekter netto 0,1 mnok meir.

261 – Institusjonslokale ligg 0,6 mnok under budsjett i lønsutgifter, då utgiftene er fordelt andre tenester.

4.10 Sosialteneste

4.10.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 242 – Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid, 243 – Tilbod til personar med rusproblem, 273 – Arbeidsretta tiltak i kommunal regi, 275 – Introduksjonsordning, 276 – Kvalifiseringsordning og 281 – Økonomisk sosialhjelp.

Nav Kvam yt ulike tenester til innbyggjarane i Kvam. Nav-kontoret har både statlege og kommunale oppgåver. Nav-leiar er kommunalt tilsett, men Nav Hordaland delfinansierer stillinga.

Den statlege delen av Nav-kontoret har ansvar for oppfølging av arbeidssøkjjarar, sjukemelde og personar i arbeidsavklaringsløp. Dei tilsette skal også rettleia personar i andre statlege ytingar t.d. pensjon, uførepensjon, foreldrepengar og ulike bidragsordningar.

Den kommunale delen av Nav-kontoret har oppgåver og ansvar knytt til sosialtenester og flyktningtenester. Sosialtenesta har ansvar for sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester i Nav. Dette inneber rådgjeving, økonomisk stønad (sosialhjelp) og butilbod for bustadlause. Tenesta har ansvar for å setja i verk og følgja opp personar i kommunalt kvalifiseringsprogram (KVP). Dette er arbeidsretta tiltak som skal føra fram til utdanning eller ordinært arbeid. Tenesta utfører mange individuelle samtalar og har ofte lange individuelle oppfølgingsløp. Tenesta har òg oppgåver som:

- Gjeldsrådgjeving til innbyggjarane i Kvam herad
- Handsama saker om bustadtilskot frå Husbanken
- Skaffa bu-tilbod til bustadlause

I samband med innføring av aktivitetsplikt for sosialhjelp har Nav Kvam etablert avdeling «Ressurs». På bakgrunn av individuelle vurderingar vert det sett i verk ulike arbeidsretta tiltak for personar som mottek sosialhjelp, med tett oppfølging av den einskilde. Målet er å ha færrest mogleg passive sosialhjelpsmottakarar. Enkelte personar kan få fritak frå aktivitetsplikta grunna medisinske vurderingar.

Flyktningtenesta har ansvar for å busetja flyktningar som kjem til Kvam. Kvam heradsstyre gjer vedtak om tal flyktningar kommunen skal ta imot. Det er vedtak om å busetja 110 personar i ein 4 års periode (30 personar i 2016 og 2017 og 25 personar i 2018 og 2019). Tenesta har ansvar for oppfølging av flyktningar i ein periode på 5 år frå busetjingsdato. Busetjing inneber å ha tett samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om kven som skal busetjast i Kvam. Viktige oppgåver er å ta imot, finna bustad og bistå med praktisk tilrettelegging for dei som kjem.

Tenesta har ansvar for koordinering, oppfølging og integrering av flyktningar, og mellom anna sikra at Kvam oppfyller krava i introduksjonslova. Tenesta fattar vedtak etter lov om introduksjonsordning. Det er særst viktig at tenesta har eit godt fulltidsprogram for alle flyktningar som har rett til introduksjonsprogram. Dersom flyktningtenesta skal lukkast i sitt arbeid, er det viktig med god samhandling og godt samarbeid med andre kommunale tenester som t.d. barnehage, skule, andre helse- og omsorgstenester og teknisk eining.

Avdeling for alkohol og servering er ei av tenestene i eining for Samfunn og utvikling og utfører rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid. Avdelinga har ansvar for sakshandsaming av saker om serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve i Kvam og rådgjev dei 10 medlemskommunane Eidfjord,

Odda, Voss, Granvin, Ullensvang, Vaksdal, Jondal, Fusa, Samnanger og Ulvik. Dei tilsette gjennomfører kontrollar i alle 11 kommunane.

4.10.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak	Resultat
Busetja flyktningar	<p>Sikra heiltids-introduksjonsprogram i tråd med lovverk</p> <p>Nytta statleg integreringstilskot for å kunna gjera flyktningane sjølvhjelpne på kortast mogleg tid</p>	<p>På bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon, og kunnskap om tilbod i kommunen, skal det utarbeidast karriereplan for arbeid og utdanning</p> <p>Tilby språk- og arbeidspraksis i tråd med karriereplan</p> <p>Leggja til rette for permisjon i programmet for løna arbeid</p> <p>Inngå faste avtalar med bedrifter og verksemder i Kvam herad</p> <p>Nytta kvalifisert tolk ved behov</p> <p>Styrkja flyktningane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skrivning m.m. Både munnleg, skriftleg og ved bruk av digitale medier</p>	<p>Kvam busette 30 flyktningar i 2016, einslege mindreårige er ikkje med i dette talet</p> <p>Kvam har i 2016 fått støtte frå IMDI til prosjekt språkpraksisplassar i landbruk og tilhøyrande næring</p> <p>Nav-kontoret har i 2016 arbeidd målretta for å styrka integreringsarbeidet</p> <p>Gjennom god kartlegging av behov og tilbod er det planlagt endringar som vert vidareført i 2017</p>
Aktivitet for sosialhjelp	Redusera tal langtids sosialhjelpsmottakarar	<p>Vidareutvikla og prioritera Nav Kvam si ressursgruppe</p> <p>Arbeida for fleire aktivitetar</p>	<p>203 personar mottok sosialhjelp i Kvam i 2016 (202 i 2015)</p> <p>11 personar deltok i kvalifiseringsprogram (11 i 2015)</p> <p>Tal langtidsmottakarar av sosialhjelp vart redusert frå 15 personar i januar til 6 personar i august</p>

			<p>Ressurs: 40 sosialhjelps- mottakarar har delteke i tiltaket med følgjande resultat: 7 er i ordinært arbeid 17 hadde overgang til tiltak eller utdanning 4 har fått arbeidsavklaringspengar 5 er i kvalifiseringsprogram 2 har fått innvilga uførepensjon 5 har sosialhjelp som hovudinntekt</p>
Gjeldsrådgjeving	Redusera tal personar som søker sosialhjelp	Auka kapasiteten til gjeldsrådgjevarane	18 personar har fått gjeldsrådgjeving, 17 av desse hadde sosialhjelp når rådgjevinga starta. 13 av 17 har ikkje motteke sosialhjelp etter at dei har fått gjeldsrådgjeving
Integrering	Alle innbyggjarane i Kvam skal vera ein del av lokalsamfunnet ved å delta og bidra i fellesskapet Alle innbyggjarane skal ha same moglegheit til å delta i samfunnet ut frå individuelle føresetnader og potensiale Alle innbyggjarane har plikt til å bidra innanfor sine føresetnader og sitt potensial	Arbeida målretta i tråd med Strategiplan for integrering 2015-2019	Det vert arbeidd i tråd med planen. God samhandling med andre einingar i kommunen
Sjenkekontrollar	Oppfylla krava i alkoholforskrifta	Minst to kontrollørar ved kontroll av skjenkestadar i heile skjenkekontroll- området , lovkrav 1.1.2016.	Lovkrav oppfylt. 703 kontrollar i 2016. Per 31.12.2016 79 salsløyve, 143 skjenkeløyve og 78 einskildløyve. Butikkar vert kontrollert på dagtid, skjenkestadar i helger og kveldar. Avdelinga har hatt tilbod om kurs og opplæring gjennom heile året.

Utvalde nøkkeltal

	1238 Kvam		EKG11	EKA12	EAKUO	
			Kostragrupp	Hordaland	Landet uten	
	2014	2015	e 11	2015	Oslo	EAK Landet
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	4,2	4,2	4,2	4,2
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,9	3,9	3,9	3,9

Kommunebarometeret

Sosial

7,5 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 % vekt innen sektoren)	5,8	5,4	5,8	1,0	1,0	1,0	386
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år (10 %)	6,5	6,5	6,4	1,0	1,0	1,0	418
STØNADSTID: Andel som går over 6 måneder på stønad (10 %)	50	50	48	1,0	1,0	1,0	379
ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovedinntektskilde (10 %)	31	36	34	4,9	4,0	4,9	72
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av de som går over 6 måneder på sosialhjelp (10 %)	8	23	11	1,1	2,1	1,5	170
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Brukere som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakere av sosialhjelp (5 %)							
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	71	75	96	4,0	4,1	5,7	76
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)	10,8	7,8	8,2	1,5	1,4	1,3	120
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter til veiledning og sosialt forebyggende arbeid - per mottaker (5 %)	2 911	3 451	3 700	2,7	2,9	3,0	148
AKTIVITET: Netto driftsutgifter til kvalifiseringsprogrammet per bruker (10 %)	133	59	130	4,4	2,3	3,6	74
KRISESENTER: Totale kostnader til krisesenter, per innbygger (10 %)	0	44	49	1,0	2,0	1,7	349

Kvam ligg lågt i rangering i høve stønadslengder, noko som ligg til grunn for målsetjingane under aktivitet for sosialhjelp.

4.10.3 Økonomiske rammer

Sosialteneste	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, oppheveleg
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	7 027	5 378	1 649	9 710	-2 683	9 128
243 Tilbod til personar med rusproblem	5	272	-267	2	3	2
273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi	3 952	3 694	259	3 928	24	3 928
275 Introduksjonsordning	6 632	4 918	1 715	5 509	1 123	5 509
276 Kvalifiseringsordninga	1 389	1 429	-41	1 701	-312	1 701
281 Økonomisk sosialhjelp	9 089	10 211	-1 122	8 397	692	7 797
Sosialteneste	28 094	25 902	2 192	29 248	-1 154	28 067

Funksjon 242 har eit mindreforbruk på 2,7 mnok. Nesten 2 mnok mindre er brukt på lønsutgifter, bl.a. til vakante stillingar på Utekontakt/LOS. 0,5 mindre i driftsutgifter og 0,2 mnok meir i auka inntekter.

243 – differanse frå kostnader ført på andre tenester

Funksjon 273 har berre mindre endringar i høve budsjetttrammene.

275 – Det har vore fleire deltakarar på introduksjonsstønad enn budsjettet, noko som har medført ei auke i stønad på 0,9 mnok meir enn budsjettet og 0,2 mnok meir i andre driftsutgifter.

276 – Det har vore færre deltakarar i kvalifiseringsprogrammet enn budsjettet, og stønadssummen vart 0,3 mnok lågare enn budsjettet.

281 – Det er betalt ut 0,7 mnok meir i sosialhjelp i 2016 enn budsjettet.

4.11 Barnevern

4.11.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 244 – Barnevernteneste, 251 – Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet og 252 – Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet.

Alle kommunar er pålagt å ha ei barnevernteneste. Barneverntenesta i Kvam er organisert i eining Oppvekst og som ein del av Kvam familie- og læringscenter (KFL). Frå 01.06.2016 omorganiserte kommunen dei tre familierettleiarane og utekontakten, som var underlagt barneverntenesta, til å inngå i ein eigen tiltaksavdeling i KFL, Familiesentret. Per 31.12.2016 var det 11 tilsette i barneverntenesta, fordelt på 8 stillingar. Desse var barnevernleiar, avdelingsleiar EMF (einslege mindreårige flyktingar), seks saksbehandlarar, fosterheimskonsulent, miljøarbeidar og merkantil.

Barnevernet si hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Den kommunale barneverntenesta skal blant anna gjera undersøkingar med utgangspunkt i bekymringsmeldingar, vedta å setja inn frivillige hjelpetiltak, vurdera tiltak i krisesituasjonar og følgja opp barn og familiar som har tiltak frå barneverntenesta. Barneverntenesta skal søkja å avdekkja omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem, og setja i verk tiltak i forhold til dette, så tidleg at barn unngår å få varige problem.

Barnevernet sitt ansvar og arbeidsoppgåver er regulert i barnevernloven med forskrifter. Lova gjeld alle barn som oppheld seg i Noreg, uavhengig av bakgrunn, statsborgarskap og opphaldsstatus. Barn og foreldre frå andre land har dei same rettane som norske borgarar i barnevernsaker.

Hjelpetiltak har som formål å bidra til positiv endring hos barnet og i familien. Døme på hjelpetiltak er familierettleiing, besøksheim, familieråd, barnehageplass, fritidskontakt, leksehjelp og miljøarbeid.

Dersom det ikkje er mogleg å avhjelpa barnet sine behov eller endra forholda i heimen ved hjelpetiltak, kan barneverntenesta, med eller utan samtykke frå foreldre, flytta barnet ut av heimen. Om foreldra ikkje er einig, er det fylkesnemnda som skal avgjera kor barnet skal bu. Fylkesnemnda er ein partsnøytral og uavhengig statleg instans som tek avgjerder om tvang i barnevern- og sosiale saker. Barn som ikkje kan bu heime skal fortrinnsvis få bu i fosterheim. Institusjonstiltak kan nyttast, men hovudsakleg for korte periodar og dersom dette er det beste alternativet. Alle omsorgsovertakingar er i utgangspunktet midlertidige. Dette inneber at dersom det er sannsynleg at foreldra kan gje barnet forsvarleg omsorg, og ei flytting tilbake til foreldra ikkje vil gje barnet alvorlege problem, skal eit vedtak om omsorgsovertaking opphevast av fylkesnemnda.

Barnets beste er ei rettesnor for barnevernet og fylkesnemnda sine avgjerder. At barnet skal oppleve trygg og god vaksenkontakt er eit viktig omsyn som vert lagt vekt på når barnet sitt beste vert vurdert.

Eit av dei langsiktige måla med etablering av lågterskeltilbod i KFL var at barn og familiar skal få hjelp tidlegare og at det skal medføra færre bekymringsmeldingar til barnevernet. I 2016 mottok barneverntenesta 57 bekymringsmeldingar. 9 av dei vart lagt bort, medan 48 gjekk til undersøking. 60 % av undersøkingane i 2016 resulterte i hjelpetiltak.

Etter oppmoding frå IMDi vedtok Kvam heradstyre at kommunen skulle ta imot einslege mindreårige flyktingar (EMF) i 2016 og at barneverntenesta skulle ha ansvar for mottak og tiltak for ungdomane.

Barneverntenesta busette tre ungdomar hos hybelvertar og ein i fosterheim. Prosessen med å oppretta bufellesskap måtte stoppast i september på grunn av at det kom færre flyktningar til landet enn det som var forventa. Det vart oppretta ein kombinasjonsklasse i samarbeid mellom Øystese gymnas og Vaksenopplæringa der dei fire ungdomane får eit tilrettelagt grunnskuletilbod.

Utvalde nøkkeltal

KOSTRA

		Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet uten	Landet
		2014	2015	2015	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	Kroner	9 744	10 099	8 679	8 202	8 331	8 371
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	Prosent	4,0	4,3	:	4,2	4,8	4,8
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år	Prosent	3,1	3,3	:	3,2	3,7	3,7
Andel barn med tiltak som ikke er plassert (funksjon 251) ift. ant innb. 0-17 år	Prosent	2,6	3	:	2,8	3,2	3,2
Andel barn med tiltak som er plassert (funksjon 252) ift. ant innb. 0-17 år	Prosent	1,4	1,3	:	1,4	1,7	1,6
Produktivitet							
Brutto driftsutgifter per barn (funksjon 244), konsern	Kroner	61 410	63 553	:	44 209	43 159	44 505
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak, konsern	Kroner	175 135	157 532	:	159 900	150 755	148 121
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	Prosent	83	80	77	82	82	83
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	Prosent	71	92	:	89	86	86
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	Årsverk	4,6	4,6	4,1	4	4,3	4,3
Andel meldinger som går til undersøkelse	Prosent	79,6	90	:	82,2	79,6	80,3
Andel undersøkelser som førte til tiltak	Prosent	40	52,5	:	42,9	42,8	41,7

Kommunebarometer

Barnevern

10 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning, per 1.000 barn 0-17 år (20 % vekt i sektoren)	4,1	4,6	4,6	3,0	2,9	2,8	172
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser m behandlingstid under 3 mnd (20 %)	79	83	80	4,5	4,5	4,3	231
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 mnd, snitt siste fire år (15 %)	67	65	72	3,3	2,9	3,4	249
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan (5 %)	55	71	92	2,1	3,3	5,1	158
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste fire år (5 %)	58	62	69	2,4	2,0	2,6	328
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan (10 %)	73	80	93	3,1	3,6	5,0	176
TILTAK I HJEMMET: Andel saker med tiltak i hjemmet (10 %)	67	67	68	4,4	4,5	4,7	100
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste (5 %)	8 759	11 122	12 039	2,9	3,3	3,9	85
SAKSBEHANDLING: Avsluttede undersøkelser, per årsverk kryttet til saksbehandling og adm. (5 %)	7	4	9	1,8	1,1	2,5	262
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste fire år (5 %)	0	0	0	1,0	1,0	1,0	206

Tabellen under viser hvor stor prosentvis forskjell det er fra kommunens eget kostnadsnivå og opp eller ned til de ulike målestokkene. Minus: Kommunen er billigere enn målestokken.

	Snitt landet	Snitt fylke	Snitt gruppe	Topp 100	Topp fylke	Topp gruppe
Grunnskole	13	10	8	16	16	20
Pleie og omsorg	-7	-9	-7	2	10	6
Barnehage	-1	-4	-1	4	10	8
Barnevern	43	35	32	74	243	86
Sosialtjeneste	45	37	28	81	110	102
Kommunehelse	11	28	19	36	32	66
Administrasjon	18	17	18	25	37	49

Teoretisk skal forskjellene mellom kommunene være utjevnet ved at vi korrigerer for utgiftsbehovet slik det framkommer i statsbudsjettet.

Det har i fleire år vore ein uttalt nasjonal ambisjon om at flest mogleg barn skal få hjelp i heimen. Barnevernet i Kvam har jobba i tråd med den nasjonale ambisjonen og kommunen har litt fleire tiltak i heimen enn gjennomsnittskommunen.

Det er lovregulert at alle barn med tiltak i heimen skal ha tiltaksplan. På nasjonalt nivå har 86 % av desse barna tiltaksplan. I Kvam ligg me over landssnittet og 92 % av barna med tiltak i heimen har tiltaksplan. Barn som det offentlege har omsorga for skal ha omsorgsplan. I Kvam har 93 % av desse barna omsorgsplan.

Regjeringa har over fleire år styrka barnevernet med fagstillingar. I 2015 flata veksten ut og landssnittet er no 4,3 fagstillingar per 1000 mindreårige mellom 0-17 år. I Kvam har me 4,6 fagstillingar per 1000 mindreårig og me ligg såleis midt på treet samanlikna med dei kommunane som kjem best ut på kommunebarometeret.

Kvam har dei siste åra satsa målretta på tidleg innsats og får såleis god rangering på kommunebarometeret på denne indikatoren.

Kostnaden i barnevernet i Kvam ligg over kommunegruppe 11, Hordaland og landssnittet. Me har litt færre barn med barnevernstiltak enn landet, men me brukar meir ressursar på dei barna som får hjelp. Det er spesielt barna som er plassert utanfor heimen og som kommunen har omsorg for me brukar meir ressursar på enn kommunegrupper 11, Hordaland og landet. Drifta av sjølve barneverntenesta ligg også over landssnittet.

4.11.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Undersøkingarbeid	Alle barn og foreldre skal oppleve at barnevernet møter dei med forståing og respekt.	-Møtetema verdier i barnevernet. -Felles faglege refleksjonar om korleis barn og foreldre opplever møte med barnevernet. -Tverretatlege fagmøter med tema om verdier og visjon for alle tilsette i KFL.	- Betre forståing av barn og foreldre i møte med barneverntenesta -Større etisk bevisstheit i tenesta.
Internkontroll	Sikra effektiv og forsvarleg drift jf. lovkrav. Utvikla tenesta i samsvar med nasjonale føringar. Barneverntenesta skal ha system og rutinar som sikrar at tenesta jobbar i tråd med lovverk. Utføra internkontroll kontinuerleg.	-Starta oppgradering av interne rutinar/ internkontroll-systemet i tenesta. -Innføring av fast og effektiv møtестruktur og fast individuell rettleiing med alle tilsette. -lgangsetjing av tavlemøter kvar veke for å auka fokus på viktige tema, tiltak og lovkrav.	-Betre rutinar for mottak av meldingar. -Leiar innsikt i alle saker. Mindre «einsam» saksbehandling. -Høgare kompetanse på barnevernfaglege vurderingar. -Betre skriftleg grunngeving av vedtak om tiltak.

Oppsøkjande verksemd	<p>Auka legitimiteten til barnevernet.</p> <p>Jobba aktivt ut mot interne og eksterne samarbeidspartar med informasjon om tenesta og barnevernet sitt mandat.</p>	<p>-Samarbeidsmøte med skular, barnehagar, legevakt, NAV og politi.</p> <p>-Oppstart med å inngå samarbeidsavtalar med samarbeids-instansar.</p> <p>-Hyppigare leiarmøte i oppveksteininga/KFL</p>	<p>-Nærare og betre samarbeid mellom barneverntenesta og andre tenester.</p> <p>-Barneverntenesta har tatt ein meir sentral rolle i KFL/det tverrfaglege arbeidet i kommunen.</p>
Personal	Behalda fagfolk som er nytenkjande, fleksible og endringsvillige.	-Tiltaksstillingar i barnevernet omorganisert til eiga avdeling i oppveksteininga	<p>-Betre arbeidsforhold for tiltaksstillingane</p> <p>-Betre tenestetilbod til ei større målgruppe sårbare barn og familiar i kommunen.</p>
Tiltaksarbeid	<p>-Hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet og familien.</p> <p>-Eit fleirtal av hjelpetiltaka er endringstiltak framfor kompenserte og økonomiske tiltak.</p> <p>-Gjennomgang av evalueringsverktøy.</p> <p>-Driva målretta tiltaksarbeid.</p> <p>-Ta del i KFL sitt tverrfaglege utviklings- og omstillingsarbeid for å «gje rett hjelp til rett tid».</p>	<p>-Fokus på verdien av gode tiltaksplanar og målretta endringsarbeid.</p> <p>-Oppstart av arbeid med evaluerings-spørsmål til barn, foreldre og samarbeidspartar.</p> <p>-Heile tenesta har deltatt på KFL-samlingar.</p> <p>-Barnevernleiar har deltatt i omstillingsarbeidet for eit breiare tenestetilbod i KFL.</p>	<p>-3 barn flytta tilbake frå fosterheim til foreldre med hjelpetiltak.</p> <p>-Auka bevisstheit om endringsarbeid i familiar og verdien av evalueringsmøter.</p> <p>-Betre kjennskap til dei andre tenestene i KFL.</p> <p>-Dei andre tenestene i KFL har fått meir kunnskap om barnevernet.</p>
Økonomiske rammer	Kostnadsreduksjon	<p>-Fokus på bruk av eigen fagkompetanse framfor sakkunnige utgreiingar.</p> <p>-Utlysing av stillingar og periodar med vakanse framfor innleige av eksterne konsulentar.</p> <p>-Overføra rettleiing av fosterheimar til familiesentret.</p>	-Totalt mindreforbruk i høve budsjett på ca 2 mnok.

Per 31.12.2016 hadde 69 barn vedtak om tiltak frå barneverntenesta. Dette er ein auke 10 % frå år 2015. 53 av barna mottok hjelpetiltak, medan 16 barn var under omsorg. Alle barna under omsorg, i tillegg til to ungdomar (frivillig flytta jfr. bvl. § 4-4, 6.ledd), bur i fosterheimar. Lovkrava om oppfølging av barn under omsorg med minimum fire tilsynsbesøk og fire besøk i fosterheimen frå barneverntenesta vart følgde opp overfor 15 av barna/ungdomane. I 2016 fremma

barneverntenesta 3 saker om tilbakeføring av barn for fylkesnemnda. Sakene fekk medhald. Alle barn med hjelpetiltak hadde tiltaksplanar og alle barn under omsorg hadde omsorgsplanar.

4.11.3 Økonomiske rammer

Barnevern	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
244 Barnevernteneste	4 340	4 997	-657	4 506	-165	4 824
251 Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	1 813	2 159	-346	2 988	-1175	3 003
252 Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet	9 118	9 095	23	8 728	390	9 524
Barnevern	15 271	16 251	-980	16 222	-951	17 351

244 Barnevernteneste har eit mindreforbruk på 0,2 mnok. Det er eit meirforbruk på løn på 0,4 mnok som skulle vore på funksjon 251. Vidare er det ein reduksjon på 0,2 mnok knytt til husleige og mindre bruk av konsulent, samt ein auke i inntekter på 0,3 mnok knytt til forsterka fosterheimar og 0,1 mnok i sjukepengerefusjonar.

251 Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet har eit mindreforbruk på 1,2 mnok. 1 mnok er knytt til løn grunna vakant stilling og at ei stilling er feilført på funksjon 244. Vidare er det eit mindreforbruk på 0,2 mnok knytt til hjelpetiltak barnevern.

252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet viser eit meirforbruk på 0,4 mnok. Arsaka til dette er at inntektene knytt til einslege mindreårige flyktningar på 1,6 mnok ligg i skjema 1a. Reelt er det dermed eit mindreforbruk på funksjon 252 knytt til at færre barn enn budsjettert er plassert i fosterheim.

4.12 Vatn, avlaup, avfall og renovasjon

4.12.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 340 – Produksjon av vatn, 345 – Distribusjon av vatn, 350 – Avlaupsreinsing, 353 – Avlaupsnett/innsamling av avlaupsvatn, 354 – Tømming av slamavskiljarar og 355 – Avfall.

Tenesteområdet omfattar ansvaret for produksjon og levering av tenester knytt til drikkevatt og mottak av spillvatn frå tilknytte abonnentar i Kvam herad, samt Eikedalen i Samnanger kommune. Vidare omfattar tenesteområdet innsamling av slam som vert utført av ein totalleverandør, og innsamling av avfall som skjer i regi av BIR.

Kvam herad har 5 vassverk, 12 trykkaukestasjonar, 10 høgdebasseng og eit om lag 130 km langt distribusjonsnett for drikkevatt. Vasstrykk til abonnentar er minimum 2 bar, og med eit rettleiande trykk på mellom 3-6 bar.

Avlaupsnettet er om lag 90 km langt. Kvam herad har kommunale nett og anlegg fordelt på heile kommunen. Det er 30 pumpestasjonar og per i dag 2 reinseanlegg (silanlegg) for avlaup. I tillegg til dette eit høgt tal på kummar for forsyning av drikkevatt og mottak av avlaup fordelt over heile kommunen.

Arbeidsoppgåver knytt til VA er til dømes drift og tilsyn av drikkevasskjelder/ inntak/vassverk/pumpestasjonar/reinseanlegg/brannhydrantar, prøvetaking av drikkevatt og avlaup, utspyling av leidningsnettet, reingjering av høgdebasseng, lekkasjesøk, videokøyring av leidningsnettet, badevassprøvar, samt ansvar for sigevassleidning frå bosstippen for å nemna noko.

4 stillingar fordelt på 3,8 årsverk driftar VA-nettet og anlegga. I tillegg kjem driftsleiar for VA, som i tillegg har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

4.12.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Planlegging	Kommunedelplanar for vatn og avlaup	Utarbeida nye kommunedelplanar både for vatn og avlaup	Arbeidet med kommunedelplanane er påbyrja, men vart noko forsinka i høve planprogrammet. Det meste av arbeidet er utført, men der gebyr-konsekvensane av dei ulike tiltaka i planen framleis er under arbeid. Planen er venta klar for politisk handsaming i løpet av våren 2017.
Planlegging	Miljøkrav utsleppsløyve	Arbeida vidare med detaljplanar og bygging av nytt forbeta reinseanlegg for oppsamling av «småutslepp» langs fjorden (miljøtiltak)	Hovudmålet om nytt reinseanlegg vert arbeidd med etter revidert framdriftsplan. Prosessentreprise er inngått med Krüger Kaldnes. Arbeid med byggentreprise er starta, og vil verta lyst ut våren 2017.
Utstyr	Oppgradering utstyr	Utskifting av ein del av maskinpark for bl.a. spyling og videokontroll	Det er kjøpt inn ny «traktor» for videokøyring. Denne vil gjera det lettare å inspisera røyr der det er vanskeleg tilkomst. Spylebil er ikkje kjøpt i 2016, men konkurranse knytt til kjøp av slik bil vil verta lyst ut i 2017.
Utbetring infrastruktur	Vassinntak	Oppgradera ein del utsette vassinntak	Starta planlegging av prøvetaking i Kalderassen for å flytta vassinntaket lengre opp.
Utbetring infrastruktur	Trykkreduksjonskummar	Oppgradera ein del viktige trykkreduksjonskummar	Dette er spela inn som ein del av prosjekta i arbeidet med ny hovudplan for drikkevatt.
Planlegging	ROS	Større fokus på drikkevatt og sikring knytt til dette etter utført ROS-analyse	Det er gjennomført ein intern tryggleiks-gjennomgang med IKT (sept. 2016) på driftskontroll og styresystem. To ulike prosjekt knytt til dette er etablert for 2017 – Utskifting av PLS (P61175)

			Ny server (P61174). Driftskontrollsystemet (DKS) vart starta opp i 2007, og har ikkje vore oppgradert sidan. IT-avdelinga i kommunen har i lengre tid tilrådd at ein må byta til ein ny versjon som kan plasserast på ein ny virtuell server. Gamal server støttar ikkje nyare system t.d. Windows 10. Kostnad er estimert til 0,125 nok eks. mva.
Planlegging	Strategi	Utarbeida strategi for drift av vatn og avlaup	Ikkje utført endå grunna tidsmangel, men arbeidet med nye kommunedelplanar for vatn og avlaup synleggjer og legg noko av strategien for utbetringar framover.
Internkontroll	Gjennomgang rutinar	Gjennomgang av rutinar, evt. laga nye på fleire anlegg.	Det er gjennomført ein årleg gjennomgang av internkontrollen knytt til drikkevatt. Det er skrive ein ny prosedyre knytt til handtering av forureina drikkevatt inn til anlegget på Skålheim.
Internkontroll	HMS	Gjennomgang av HMS rutinar	HMS vert teke opp som eige tema på driftsmøte kvar 14. dag.

Vann, avløp og renovasjon

2,5 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
GEBYR: Årsgebyr, vann, avløp, renovasjon og feiing (15 % vekt innen sektoren)	6 740	5 266	8 866	5,8	6,0	4,7	115
VANNFORBRUK: Snitt forbruk per tilknyttet innbygger (15 %)			273			4,5	225
VANNLEKKASJE: Estimert lekkasje per meter ledning per år (15 %)			2			5,3	137
STYRING: Andel av husholdningene med vannmåler (15 %)	65	60	70	4,3	4,0	4,5	85
FORNYING: Andel fornyet vannledningsnett siste tre år (10 %)	0,9		0,2	3,5		1,5	230
FORNYING: Andel fornyet spillvannnett siste tre år, avløp (10 %)	1,0	1,1	0,5	5,0	4,2	2,3	115
ALDER: Beregnet snittalder for vannledningsnett (5 %)	33		31	3,1		3,3	203
ALDER: Beregnet snittalder for spillvannnett (5 %)	31	21	22	3,6	5,1	5,0	64
VALGMULIGHET: Antall muligheter for å påvirke renovasjonsgebyr (10 %)	1	5	5	2,0	6,0	6,0	9

4.12.3 Økonomiske rammer

Vatn, avlaup, avfall og renovasjon	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
340 Produksjon av vatn	2 992	3 368	-376	4 066	-1 074	3 816
345 Distribusjon av vatn	-8 177	-7 787	-391	-8 105	-72	-8 097
350 Avlaupsreinsing	2 008	1 899	109	1 969	39	1 769
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-6 477	2 217	-8 694	-3 092	-3 384	-3 084
354 Tømming av slamavskillere	141	-415	556	598	-456	598
355 Innsamling av avfall	-1 306	-907	-398	-918	-388	-918
Vatn, avlaup, avfall og renovasjon	-10 819	-1 624	-9 195	-5 483	-5 336	-5 917

VAR-området skal ikkje gå med overskot over tid, og er underlagt heilt særskilde reglar for sjølvkostberekning. VAR-noten gjev eit godt bilete av kostnadane og inntektene på dei ulike avgiftsområda, og denne er å finna i årsrekneskapskapittelet.

Funksjon 340 og 345 heng nært saman, og nokre av budsjettpostane er ikkje fordelt mellom dei. Totalt var det eit mindreforbruk på 1,1 mnok. Eksterne og interne konsulentutgifter vart 0,4 mnok lågare enn budsjetttert og inntektene om lag 0,6 mnok høgare.

På same måte som 340/345 heng saman, er funksjon 350 og 353 nært knytt saman. Totalt var mindreforbruket på 3,3 mnok. Kjøp av material og andre driftsutgifter vart 0,4 mnok høgare og gebyrinntektene 3,9 mnok høgare. Det høge avviket skuldast at budsjettsummen vart lagt inn med for lågt nivå ved ein feil. Nivået på innkrevd avgift var rett.

Funksjon 354 hadde eit mindreforbruk på 0,5 mnok. Det var budsjetttert med 0,4 mnok til reinhald, men heile området er sett ut til ekstern drift. Inntektene vart 0,1 mnok høgare enn budsjetttert.

Funksjon 355 har eit totalt mindreforbruk på 0,4 mnok i 2016, der 0,1 mnok er mindreforbruk knytt til drifta og inntektene vart 0,3 mnok høgare.

4.13 Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø

4.13.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 301 – Plansaksbehandling, 302 – Byggesaksbehandling og eigarseksjonering, 303 – Kart og oppmåling, 335 – Rekreasjon i tettstad, 360 – Naturforvaltning og friluftsliv og 365 - Kulturminnevern.

Del av 301, private reguleringsplanar og funksjon 302 og 303, kjem inn under sjølvkostfinansierte tenester, og kan dekkjast inn med 100 % gebyrinntekter. Kvam herad subsidierer framleis desse tenestene frå den ordinære drifta, men har som mål å gjera dei sjølvfinansierte som eit av innsparingstiltaka.

Arbeidet med arealplanar gjeld kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar for avgrensa geografiske område og reguleringsplanar, vert gjort på eining for samfunn og utvikling. Tematiske kommunedelplanar vert gjennomført innanfor den eininga der tenesta eller oppgåvene naturleg høyrer til. Kwart fjerde år legg kommunen fram kommunal planstrategi, med prioritering av det offentlege planarbeidet innanfor kvar heradsstyreperiode. Planstrategien tek for seg kommunen sine utfordringar dei komande åra, og skal synleggjera trongen for nye planar, opp i mot tilgjengelege ressursar og utfordringar.

Funksjon 302 omfattar handsaming av søknader om dispensasjons-, bygge- og delingsløyve samt tilsyn og ulovleg oppfølging etter plan- og bygningslova. Vidare handsamar avdelinga søknad om løyve til tiltak etter lov om hamner og farvatn, veglova og forureiningslova. Dette er tenester som er gebyrlagt etter sjølvkostprinsippet.

Funksjon 303, kart og oppmåling/Geodata omfattar handsaming av søknader om oppmåling og matrikkulering av grunneigedomar, arealoverføring, grensejusteringar m.m. Dette er tenester som er gebyrlagt etter sjølvkostprinsippet. Vidare tildeler avdelinga nye adresser, og det pågår ein større jobb med å tildele adresser til alle hytter i heradet. Geodata omfattar òg arbeid med kartforvaltning. Arbeidet er organisert gjennom GEOVEKST-samarbeidet og Norge digitalt-avtalen, som sikrar Kvam inntekter til kartproduksjon. Kvam herad er originaldatabasevert for følgjande kart: byggbasen, Vegbase, markslagskart, planbasen, VAbasen. Geodata forvaltar òg mange kartprogram levert frå Norconsult, Powel Gemini og Norkart.

KOSTRA-tema 335, Rekreasjon i tettstad inkluderer mellom anna arbeid med opparbeiding, drift og vedlikehald av offentlege plassar, torg, parkar, grøntanlegg og turveggar i utbygde strøk. Under tenesteområdet er det stor variasjon i arbeidsmengde avhengig av årstidene. Om sommaren er det over 60 grøntanlegg som skal vedlikehaldast, og der avdelinga i tillegg har ansvar for renovasjon knytt til strender og parkområde sentralt i kommunen. Av denne grunn er avdelinga avhengig av å nytta sommarvikarar. Sommarstid vert avdelinga sine 1,5 årsverk derfor auka til mellom 7 – 8 personar. Vinterhalvåret vert nytta til rehabilitering av grøntområda, kontroll og ettersyn. Ut over desse oppgåvene, har heradsgartnaren ansvar for kontroll med leikeutstyr på kommunale barnehagar og skular.

I funksjon 360 ligg viltforvaltning som Kvam herad kjøper av Ullensvang herad, festeutgifter for friluftsområde og kontingent i Bergen og omland friluftsråd.

Kvam herad forvaltar store delar av sine friluftsområde gjennom sitt medlemskap i Bergen og omegn friluftsråd. Nokre friluftsområde vert og forvalta av kommunen sjølv, medan andre område vert forvalta via samarbeid i mellom Kvam herad, Bergen og omland friluftsråd og lokale grendelag/grendeutval.

4.13.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Plan			
Kommunalt planarbeid	<p>Å få på plass ein planstrategi som legg til grunn ein tett samanheng i mellom planar og ressursar</p> <p>Reguleringsplan for Ålvik sentrum. Planen er eit viktig grunnlag for sentrumsutvikling i Ålvik.</p> <p>Reguleringsplan for ny Håfjellstunnel</p> <p>Reguleringsplan for Rv-7 Øystese-Laupsa/Skarpasvingen.</p> <p>Reguleringsplan for Grustaket – Busdalen</p> <p>Ny ferjekai i Tørvikbygd</p> <p>Nytt leikeareal på Mundheim.</p> <p>Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå Tokagjel til Ungdomsheimen.</p>	<p>Syngleggjera offentlege reguleringsplanar som ein del av kommunen sin planstrategi.</p> <p>Justert planframlegg vert sendt på ny høyring med målsetjing om endeleg handsaming.</p> <p>Få godkjent reguleringsplan etter ny risikovurdering av tunnelen.</p> <p>Få godkjent reguleringsplan i frå Laupsa til Skarpasvingen, etter avklaringar av kulturminne.</p> <p>Ordna opp i motsegner ifrå Fylkesmannen og Noregs-vassdrags- og energidirektorat (NVE).</p> <p>Avklara vidare arbeid med planen.</p> <p>Avklara vidare arbeid med leikeareal i Mundheim etter at Fylkesamennen har trekt sine motsegner.</p> <p>Avklara arbeidet med gang- og sykkelveg. Avklara arbeidet med gang- og sykkelveg.</p>	<p>Vedteken planstrategi i 2016. Strategien er mindre omfattande enn i føregåande heradsstyreperiode.</p> <p>Planen vart ikkje endeleg godkjent i 2016. Forventa vedtak våren 2017.</p> <p>Gjennomført ny risikovurdering i 2016. Vidare arbeid med planen for Håfjellstunnelen vart avslutta i kommunen sin planstrategi for 2015-2019.</p> <p>Arbeidet er ikkje gjennomført i 2017. Ventar framleis på avklaringar for kulturminne. Planen lagt på vent i planstrategien til Kvam herad.</p> <p>Framleis motsegn til planen. I Kvam herad sin planstrategi skal planen vedtakast i 2017.</p> <p>Planen lagt på vent i Kvam herad sin planstrategi for 2015 – 2019.</p> <p>Arbeidet er overført til kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Planen er vedtatt ferdig i 2018 i Kvam herad sin planstrategi for 2015 – 2019.</p>

	Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå NAF til Eikedalen.		Planen er vedtatt ferdig i 2018 i Kvam herad
Kommuneplanen sin arealdel	Kommuneplanen sin arealdel er komme i gang og skal leggjast fram til offentleg ettersyn våren 2016. Arbeidet er det viktigaste planarbeidet kommunen gjennomfører i 2016.	Prioritera arbeidet høgare og bruka meir ressursar på kommuneplanen sin arealdel.	Planen vart ikkje lagt ut til offentleg ettersyn i 2016. Arbeidet med planen er intensivert, ved at det er leigd inn eksterne ressursar. I samband med arbeidet er det også gjennomført moglegheitsstudie i Øystese sentrum. Arbeidet med arealdelen er godt i gang og framdrifta er raskare enn i 2015.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Byggesak, kart og oppmåling			
Forenklingar i plan- og bygningslova betyr meir tilsynsarbeid.	10 % tilsyn innan 1.1.2017	Kvam herad avdekker manglande søknader gjennom mottaks-kontrollen utan at dette vert fulgt opp som tilsyn. Me vurderer at rettleiing gjev meir effektiv offentleg sakshandaming enn tilsyn.	Kvam herad gjennomførte tilsyn i 5 byggesaker og pålegg i 6 saker i 2016
Opparbeida maksimalt utbytte av digital sakshandsaming	Heildigital sakshandsaming innan 1.1.2019	Avslutta alle arkivsaker registrert i fokuswebsak før 31.12.2015	Overgang til scanna dokument (inn/ut) i Fokus websak frå 01.01.2016
Tilpassa gebyrsatsane kommunen sitt kostnadsnivå gjennom høgare sjølvkostgrad,	100 % sjølvkostgrad innan 1.1.2019	I 2015 var sjølvkostgraden stipulert til 65 % på byggesak og 50 % på geodata. 10 % gebyrauke og meir differensiering av gebyrregulativet i samsvar med råd frå Momentum AS.	Sjølvkostgrad for 2016 er berekna av Momentum til 87,5 % på byggesak og 48,7 % på oppmåling. Lågt resultat på oppmåling skuldast i hovudsak redusert kapasitet etter nedbemanning frå mars 2016.
Meir effektiv kommunikasjon og rettleiing til publikum.	Ny heimeside innan 1.1.2017 med løysingar for sjølvbetjening	Ajourfører eksisterande heimeside i påvente av ny plattform.	Ikkje nådd. Utsatt til 2017.
Digital byggesaksarkiv og raskare sak/arkiv- og kartløyisingar innan 1.1.2018	Fagsystemanalyse i 2016	Arbeidsgruppe gjorde ein enkel fagsystemanalyse, som omfatta fagsystema Norkart, PowelGemini og Norconsult.	Konklusjon var at ein trong meir informasjon om alternativ i fagsystema.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Natur og nærmiljø			
Uteområde	Vedlikehaldsvennlege uteområde	Vera med å planleggja/tilretteleggja for vedlikehald og enkel drift av uteområde knytt til kommunale byggeprosjekt	Parkavdelinga har vore involvert i sluttfasen og overtakinga av nye barnehagar i kommunen.
Planlegging	Parkplan	Fullføra parkplan og tidsbruk (slått og stell) knytt til kvart uteområde	Er ikkje gjennomført endå.
Planlegging	Strategi park	Utarbeida strategi knytt til drift park og uteområde	Er ikkje gjennomført endå.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Kulturminnevern			
Kulturminneforvaltning	Få på plass ei berekraftig kulturminneforvaltning i kommunen	Få godkjent kulturminneplan for Kvam herad Planen skal vera godkjent i 2016	Arbeidet stoppa opp då prosjektleiar slutta i august 2016. Arbeidet vert sarta opp att våren 2017.

Utvalde nøkkeltal

Kommunebarometeret

Saksbehandling

2,5 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
FRISTBRUDD: Andel byggesaker med overskredet frist (20 % vekt innen sektoren)	2	2	2	5,8	5,7	5,5	136
BYGGESAK: Behandlingstid saker med 3 ukers frist (20 %)	21	21	21	3,7	3,6	2,9	283
BYGGESAK: Behandlingstid saker med 12 ukers frist (20 %)	60	84	37	2,4	1,0	3,8	210
EIERSEKSJONERING: Behandlingstid (20 %)	10	21	14	5,4	4,8	4,7	167
REGULERINGSPLANER: Saksbehandlingstid (10 %)	225	353	252	4,2	2,9	4,0	185
OPPMÅLINGSFORRETNING: Saksbehandlingstid (10 %)	30	21	50	5,1	5,5	3,8	160

4.13.3 Økonomiske rammer

Plan, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphøveleg
301 Plansaksbehandling	3 999	3 732	266	3 823	175	4 483
302 Byggje-, delings- og seksjoneringsaker	-284	362	-646	287	-571	537
303 Kart og oppmåling	1 001	867	134	1 023	-23	1 263
335 Rekreasjon i tettstad	1 209	1 649	-440	1 654	-444	1 404
360 Naturforvaltning og friluftsliv	480	776	-296	440	40	1 775
365 Kulturminnevern	38	-96	134	200	-162	200
Plan, byggesak, oppmåling, kulturminner, natu	6 443	7 291	-847	7 427	-984	9 661

Funksjon 301 Plansaksbehandling har eit netto meirforbruk på 0,2 mnok. Det er brukt 0,2 mnok meir til omdisponering av del av stilling frå funksjon 321 og eit engasjement. På den andre sida er bl.a. konsulentutgifter redusert med 0,2 mnok. I funksjon 301 er det i 2016 eit mellombels netto meirforbruk på 0,2 mnok.

Funksjon 302 Byggesaksbehandling og eigarseksjonering har eit netto mindreforbruk på 0,6 mnok. Gebyrinntektene er auka med 0,5 mnok, medan sjukelønsrefusjonen vart 0,2 mnok lågare. Det er ein nedgang i driftsutgifter og indirekte kostnader knytt til sjølvkost på tilsaman 0,3 mnok.

Funksjon 303 har ingen vesentlege avvik frå budsjett.

Funksjon 335, rekreasjon i tettstad, har eit mindreforbruk på 0,4 mnok i lønsutgifter. Kommunen mottok i underkant av 0,1 mnok i refusjon frå fylket for området rundt Kabuso.

Funksjon 360, naturforvaltning og friluftsliv hadde i underkant av 0,2 mnok høgare lønsutgifter der 0,1 mnok er refundert av fylket.

I funksjon 365 er det eit underforbruk på 0,2 mnok som var midlar sett av til kulturminneplan.

4.14 Kultur

4.14.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld ei rekkje funksjonar:

231 – Aktivitetstilbod barn og unge

370 – Bibliotek

373 – Kino

375 – Museum

377 – Kunstformidling

380 – Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg

381 – Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg

383 - Musikk- og kulturskule

385 – Andre kulturaktivitetar, tilskot andre sine kulturbygg

386 – Kommunale kulturbygg

Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne

Kulturavdelinga rekrutterer støttekontaktar etter vedtak gjort i avdeling for Stab og forvaltning. Det er registrert ca. 120 støttekontaktar i kommunen, og det er auke i tal søknader om å få tildelt støttekontakt. Tenesta er lovregulert. Kulturavdelinga arbeider for integrering gjennom ulike aktivitetar knytt til lag/organisasjonar tilrettelagt for den enkelte brukar, samt fellesaktivitetar.

Bibliotek

Bibliotek er ei lovpålagt teneste for kommunane og er ein viktig del av kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Biblioteket er eit kulturelt senter og fungerer som ein viktig møtestad. Kvam bibliotek har 3,2 årsverk og er organisert med hovudbibliotek i Norheimsund og avdelingar i Ålvik og Strandebarm. Kvam sel i tillegg ei 10 % stilling til Jondal. Avtalen vert avslutta våren 2017.

Kino

Kvam herad har kinosal i Ungdomshallen i Norheimsund sentrum, med filmframvisingar fleire gonger i veka. Tilbodet rettar seg både mot barn og vaksne. Kvam kino samarbeider med skulane, Kvam filmklubb og Senioruniversitet for å gje eit så breitt tilbod som mogleg. Kinobesøket er aukande, og det er nye tekniske utfordringar knytt til digitaliseringa og formidling.

Museum

Hardanger og Voss museum organiserer Hardanger fartøyvernsenter, Kabuso, Ingebrikt Vik museum og Kvam bygdemuseum, som mellom anna omfattar Borgstova i Vikøy prestegard og Storeteigen i Øystese. I Kvam har me også eigne museum som Ålvik industriarbeidarmuseum og Vikøy skulemuseum. I dag er det selskapet Bygdagnist som driv på Storeteigen og grendeutvalet i Vikøy som har aktivitetar i den gamle skulen i Vikøy.

Kunstformidling

Kvam herad yter tilskot til ulike lag og organisasjonar i kommunen og har tilsett pianist i deltidstilling.

Idrett

Kvam herad eig og driv mange idrettsanlegg i kommunen, men det er også anlegg som vert eigd og drive av private lag og organisasjonar. Kvam herad har ikkje eigen idrettskonsulent, men ansvaret for idrett er fordelt i mellom samfunn og utvikling og teknisk. Drifta av anlegga er det teknisk etat og idrettslaga som står for. Kvam herad har også eit godt samarbeid med idrettsrådet, som mellom anna set opp prioriteringsliste for spelemidlar. Den offentlege badinga vert drifta av idrettslaga i Ålvik og Strandebarm. Løypepreparering vert gjennomført fleire stadar i kommunen. Kvam herad bidreg med

tilskot både på Kvamskogen og på Sjustete. Kvam herad bidrar med offentlege midlar som vert nytta til drift og vedlikehald av ulike idrettsanlegg. Kvam herad er også rådgjevar for spelemiddelsøknader og legg til rette søknadane. Kvam herad tek seg også av oppdateringa av anleggsregisteret.

Kulturskule

Alle kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod (opplæringslova § 13-6). Kvam kulturskule driv med ordinær undervisning innan estetiske fag og er eit kulturelt ressurscenter i heradet. Kulturskulen samarbeider med grunnskulen og frivillige organisasjonar med fokus på elevar under 20 år, og både lærarar og elevar er aktive og viktige aktørar i kulturlivet. Kulturskulen har også ansvaret for Den kulturelle skulesekken, UKM (Ung Kultur Møtes), Barnas verdsdag og Fleire fargar

Andre kulturaktivitetar, tilskot til andre sine kulturbygg

Leiar kulturavdelinga er løn under denne funksjonen. I tillegg ligg det her inne tilskot til andre.

Kommunale kulturbygg

Reinhald og FDV av eigne kulturbygg som Norheimsund kino og Ingebrigt Vik museum.

4.14.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat 2016
Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne	Vidareutvikla møteplassar og stimulera til kulturtilbod for alle i kommunen, -der ein har fokus på inkludering og integrering for alle aldersgrupper		Støttekontakttenesta på kulturavdelinga har rekruttert, organisert, gjort avtalar og følgt opp vedtak om støttekontakttimar gjort på forvaltarkontoret. Aukande tal søknader om støttekontakt. Følgjekort Den kulturelle spaserstokken har gitt kulturtilbod til eldre på institusjonar
Tiltak for barn og unge	Vidareutvikla møteplassar og stimulera til kulturtilbod for alle i kommunen, -der ein har fokus på inkludering og integrering for alle aldersgrupper	Samarbeid med lag/organisasjonar, privatpersonar og ulike kulturinstitusjonar for å gjennomføra ulike tiltak/arrangement.	Ferieklubben (6-10 år) Ferie for alle (11-16 år) Ung Fritid (frå 5.klasse) Kulturkort (5.-10.klasse) vart gjennomført i 2016.

Bibliotek	Ferdigstillt bibliotekplan Satsingsområde i 2016 «Formidling til alle»		Bibliotekplan er under arbeid, men vart ikkje ferdigstilt. Besøktal og utlåna auka Satsinga har skjedd i samarbeid med Hardanger-biblioteka og Voss bibliotek, Nasjonal-biblioteket, Fritt Ord, Grannehjelpa, Kvam turlag og vidaregåande skular. 64 ulike arrangement er gjennomført med godt oppmøte.
Kino	Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge, og få rusta opp kinobygget i Norheimsund	Samarbeid med skulane, Ungdomsbasen, Den kulturelle skulesekken, Kvam senioruniversitet, Kvam Filmklubb og ulike lag/org. Tilbod til barn og unge med Opplevingskort og Trivselsleiar kort	Auka kinobesøk i 2016 (7726 besøkjande) Kinoen har fått ny nettside og nytt billettsystem .
Kunstformidling			Kvam har gjeve tilskot til kunstutstillingar gjennom Harding Puls, tilskot til Messen, ulike festivalar og arrangement.
Idrett/frivilligheit	I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.	Kulturkontoret skal samarbeida med Grannehjelpa, Kvammaveko, ulike lag/organisasjonar og interne kommunale avdelingar	<ul style="list-style-type: none"> • Ålvik Rock fekk kulturprisen i 2016. • Fleire arrangement i «Kvammaveko» • VIRKA – inspirasjonsdag for eldre

Idrett/frivillighet	I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg.	Fortsetja å gje tilskot til lag og organisasjonar i Kvam. Gratis leige av idrettshallar Samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Frivillig-undersøkinga • Planstrategi har inkl. «frivilligplan» • Gratis leige av idr.hallar • Tilskotsordningar for lag og organisasjonar (driftstilskot, nærmiljø, underskotsgaranti, faste tilskot) • Hjelp til søknader og søknads-ordningar • Faste og regelmessige møte med idrettsrådet • Plan for utvikling av Haugamyrr er laga
Idrett/friluftsliv	Få ein oppdatert plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, jf. kommunal planstrategi 2011 – 2015, oppstart i 2014	Oppstart av arbeidet med kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Vedteke planprogram for arbeidet med kommunedelplanen Kartleggja og verdsetja friluftsområder i Kvam Kartleggja nærmiljøanlegg og uteområde for ulike brukargrupper	<ul style="list-style-type: none"> • Planprogram for kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er vedteke • Arbeidet med planen er komen godt i gang i 2016 • Arbeidet med kartlegging og verdsetjing av friluftsområder i Kvam er komen godt i gang • Oversikt over nærmiljøanlegg og uteområder er ein del av planarbeidet
Friluftsliv	I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.	Fortsetja å gje tilskot til prosjekt og lag for vidare drift.	<ul style="list-style-type: none"> • Lag og organisasjonar har fått tilskot til utbetringar av leikeplassar, nærmiljøtiltak, friluftsområde og turveggar • Samarbeider med næringslaget/reiselivet om søknad om støtte til merking av turveggar.

<p>Kulturskulen</p>	<p>Få fleire gitarar med i kulturskulen</p>	<p>Nye aktivitetar som musikkproduksjon og komponering/arrangering med digitale verktøy</p>	<p>UKM (Ung Kultur Møtes) vart arrangert i Norheimsund idrettshall 17. januar 2016. 22 unge kunstnarar vart plukka ut til å representera Kvam herad på fylkesfestivalen.</p> <p>Fleire fargar vart gjennomført våren 2016 med 29 unge deltakarar frå grunnskulen samt elevar frå danseklassen på Øystese Gymnas som kulturskulen samarbeidde endå tettare med dette året.</p> <p>Barnas verdsdag i Hardanger vart arrangert i Norheimsund den 12. november 2016, og hadde om lag 1100 besøkjande. Hausten 2016 hadde Kvam kulturskule 325 ordinære elevar og draumestipendet vart utdelt til hardingfelespelaren Kjersti K. Vågen.</p> <p>DKS (Den Kulturelle Skulesekken) vart på nasjonalt og regionalt nivå slått saman med Rikskonsertane og heiter no Kulturtanken. I Kvam har lærarar i kulturskulen vore meir delaktig i DKS-prosjekt i 2016.</p>
----------------------------	---	---	--

Utvalde nøkkeltal

Statistikk frå biblioteket

Aktivitet	2016	2015	Endring
Utlån Norheimsund	28 665	29 800	-4 %
Utlån Strandebar	7 587	6 025	26 %
Utlån Ålvik	4 925	4 399	12 %
Samla utlån	41 177	40 232	2 %
Arrangement	64	58	10 %
Besøk på arrangement	1 703	1 623	5 %

Kommunebarometeret

Kultur

2,5 % vekt i barometeret

	Rapporterte nøkkeltall			Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
PRIORITERING: Netto driftsutgifter til kultur, andel av totale netto driftsutgifter (15 % vekt innen sektoren)	3,6	3,6	3,6	3,2	3,0	3,0	174
IDRETT: Netto driftsutgifter til idrett per innbygger (10 %)	678	697	732	3,2	3,2	3,4	115
BARN OG UNGE: Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge (10 %)	301	292	211	1,5	1,5	1,4	336
BIBLIOTEK: Netto utgifter til bibliotek, per innbygger (10 %)	365	353	329	3,0	2,7	2,3	178
BIBLIOTEK: Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (10 %)	5,6	4,6	5,2	3,6	2,9	3,4	124
BIBLIOTEK: Besøk i folkebibliotek per innbygger (5 %)	5,7	5,5	3,8	4,0	3,8	2,8	180
KINO: Kinobesøk per innbygger (5 %)	0,7	0,7	0,9	1,7	1,9	2,0	164
SYSSELSATTE: Ansatte kulturarbeidere i kommunen (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforskning) (10 %)	6,3	5,2	5,0	3,2	2,6	2,6	175
MUSIKKSKOLE: Antall timer per elev (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforskning) (5 %)	13	14	13	2,6	3,5	2,7	214
MUSIKKSKOLE: Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole (10 %)	33	34	30	3,4	3,8	3,4	137
FRITIDSSENTER: Antall besøk i året, per 1.000 innbyggere 6-20 år (5 %)	1155	957	1266	1,3	1,2	1,4	207
FRIVILLIGE: Driftstilskudd til lag og foreninger, per innbygger (5 %)	400	380	360	1,5	1,4	1,3	200

4.14.3 Økonomiske rammer

Kultur	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
231 Aktivitetstilbod born og unge	437	230	206	510	-73	510
370 Bibliotek	2 616	2 234	382	2 644	-29	2 629
373 Kino	340	374	-34	461	-121	441
375 Museèum	1 448	858	591	1 301	148	2 801
377 Kunstformidling	577	544	33	590	-13	590
380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	247	3 852	-3 604	-505	752	-485
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	1 582	-837	2 419	2 561	-980	2 361
383 Musikk- og kulturskular	3 843	3 623	220	4 253	-410	4 403
385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	2 850	2 695	155	1 961	889	2 214
386 Kommunale kulturbygg	45	295	-250	764	-719	764
Kultur	13 985	13 867	117	14 539	-554	16 227

Funksjon 231, aktivitetstilbod for barn og unge har eit mindreforbruk på 0,1 mnok. Kommunen fekk eit øyremerka tilskot på 0,3 mnok der 0,2 mnok vart nytta til engasjement.

Funksjon 370 Bibliotek hadde 0,1 mnok høgare lønsutgifter enn budsjettert, som vart dekkja inn av tilsvarande lågare driftsutgifter.

Funksjon 373 Kino har eit mindreforbruk på 0,1 mnok. Det er brukt 0,1 mnok meir på kjøp av filmar og 0,1 mnok meir til løn, samstundes har billettinntektene auka med 0,3 mnok i høve budsjett og kommunen mottok 0,1 mnok i refusjon til digitalisering.

Museum på funksjon 375 har brukt 0,2 mnok meir enn budsjettert. Det gjeld intern fordeling av løn på under 0,1 mnok og 0,1 mnok meir i overføring til private.

Det er ingen vesentlege budsjettavvik i funksjon 377, kunstformidling.

Funksjon 380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg har eit meirforbruk på 0,8 mnok. Det er motteke 1,1 mnok meir i spelemidlar enn budsjettert, medan det er utbetalt 1,8 mnok meir enn budsjettert til ulike idrettslag.

Funksjon 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg har eit netto mindreforbruk på 1 mnok som følgje av intern omfordeling av reinhaldarane og FDV. I 2016 fekk Kvam herad forsikringsoppgjær på 1,5 mnok vedkomande brannskade i Norheimsund idrettshall, det er registrert ei tilsvarande utgiftsside. Verken oppgjæret eller utgiftsida er natuleg nok budsjettert.

Musikk- og kulturskular på funksjon 383 har eit netto mindreforbruk på 0,4 mnok. Lønsutgiftene vart 0,3 mnok lågare enn budsjettert. Det vart kjøpt 0,1 mnok meir av private og motteke 0,2 mnok meir i øyremerka tilskot.

Funksjon 385 Andre kulturaktivitetar fekk eit meirforbruk på 0,9 mnok. Den skuldast i hovudsak utbetaling av Bulyst-midlar til private med 1 mnok. Inntekta er ført på funksjon 325.

Funksjon 386, kommunale kulturbygg, har eit midreforbruk på 0,7 mnok som følgje av intern omfordeling av reinhaldarane og FDV.

4.15 Kyrkja

4.15.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 390 – Den norske kyrkja, 392 – Andre religiøse føremål og 393 – Gravplassar og krematorium, som kommunen yter tilskot til.

Mesteparten av tilskotet vert utbetalt til Kyrkjeleg fellesråd i Kvam. Andre religiøse organisasjonar får òg tilskot, der storleiken avheng av storleiken på tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd.

Kommunen hadde i 2016 slått av kyrkjegardar.

4.15.2 Økonomiske rammer

Kyrkje	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, oppheveleg
390 Den norske kyrkja	4 101	3 951	150	4 100	1	4 100
391 Kyrkjer	0	0	0	0	0	0
392 Andre religiøse føremål	251	167	84	245	6	245
393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	1 266	1 029	236	1 092	173	1 092
Kyrkje	5 617	5 147	470	5 437	180	5 437

Funksjon 390, tilskot til den norske kyrkja vart utbetalt i tråd med budsjett.

Funksjon 393 gravplassar og krematorium har eit netto meirforbruk på 0,2 mnok som gjeld intern fordeling av lønsutgifter til kyrkjegardslått.

4.16 Samferdsel

4.16.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 330 – Samferdsleverksemder/transporttiltak, 332 – Kommunale vegar.

Tenesteområdet samferdsle omfattar ansvaret for vedlikehald og sikring av om lag 110 km kommunale vegar fordelt på heile kommunen. I dette inngår også ansvaret for 3 grusvegar, 20 bruer og 43 ferister. Arbeidsoppgåvene knytt til vegnettet er mellom anna kantklypping, spyling, tømning av sandfangkummar og drenerør, grøfting, hogst langs vegane og å reparera hol i vegen med oljegrus. I tillegg kjem kosting, utsetjing av brøytestikker, montering av autovern, oppgåver knytt til sikring mot ras og flaum, samt klargjering og planlegging for asfaltering av kommunale vegar og anlegg. Om vinteren driv avdelinga med brøyting, strøing og skraping. For å klara vinterdrifta, er brøyting av ein del av vegnettet sett ut til private (14 brøyteentreprenørar), som har avtale med kommunen. Kvam herad fungerer vidare som underleverandør knytt til NCC sin brøyteavtale for gangvegen til Vikøy og Norheimsund sentrum. Oppdraget som underleverandør for NCC varar i utgangspunktet ut 2019, men der kontrakten inneheld ein opsjon for eitt år ekstra. Til drift av veg og anlegg, har avdelinga 5 stillingar. I tillegg kjem ein oppsynsmann som òg har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt i kommunen.

4.16.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Kartlegging	Plan for kommunale vegar	Kartleggja kommunalt vegnett og få ein status på dette	Kvammapakken har teke mykje ressursar, og det har vist seg vanskeleg å gjennomføra dette kartleggingsarbeidet med eigne ressursar. Det er utarbeida ein oversikt over kommunale vegar og avtalar i mellom anna Ålvik. Kvam herad har delteke i arbeidet med å utarbeida ei felles vegnorm for Hordaland. Denne vart ferdig i 2016, og vert sendt til politisk handsaming i 2017.
Utstyr	Fornyng utstyr	Utskifting av ein del av maskinpark for bl.a. å utføra eiga drift og bl.a. ivareta brøytekontraktar	Det er ikkje gjennomført investeringar i brøytereiskapen i 2016.
Utstyr	Fornyng av utstyr	Tilretteleggja betre for vedlikehald av eigen maskinpark	Som ledd i tilrettelegging av den kommunale eigedommen på Sandven, er det kjøpt inn løftebukk og utstyr for hjulomlegging. I tillegg er det etablert ein ny vaskehall på området.
Risikoreduserande tiltak	Bekkeinntak	Oppgradera ein del utsette bekkeinntak	Førebels ikkje utført.

Risikoreduserande tiltak	Rassikring	Rassikring av kommunale vegar	I arbeidet med Melstveitvegen, Torpevegen og Skutlabergvegen er det utført mykje arbeid knytt til rassikringa av kommunale vegar.
Risikoreduserande tiltak	Overvatn	Større fokus på overvatn og sikring knytt til dette etter utført ROS-analyse	Problemstillingar og utbetningsforslag vert teke opp i arbeidet med nye kommunedelplanar for vatn og avlaup.
Planlegging	Strategi	Utarbeida strategi for drift av veg og anlegg	Er ikkje gjennomført grunna tidsmangel.
Internkontroll	Gjennomgang av rutinar	Gjennomgang av interne rutinar	Det har ikkje vore nokon full gjennomgang av avdelinga sine rutinar.
Internkontroll	HMS	Gjennomgang av HMS rutinar	HMS vert teke opp som eige tema på driftsmøte kvar 14. dag.

4.16.3 Økonomiske rammer

Samferdsel	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
330 Samferdsleverksemder / transporttiltak	91	0	91	0	91	0
332 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak	7 013	11 418	-4 405	7 391	-378	7 571
Samferdsel	7 104	11 418	-4 314	7 391	-287	7 571

I funksjon 330 ligg det inne 0,1 mnok til utarbeiding til fylket for utarbeiding av samfunnsplan som ikkje var budsjettert i 2016.

I funksjon 332 var det eit mindreforbruk på 0,4 mnok. Driftsutgiftene vart 1,4 mnok lågare enn budsjettert, mellom anna på grunn av redusert kjøp av snøbrøyting. Mindre snøbrøyting medførte òg at kommunen sine inntekter på snøbrøyting vart 0,8 mnok lågare.

4.18 Bustad

4.18.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 265 – Kommunalt disponerte bustadar, 283 – Bistand til etablering og oppretthalding av eigen bustad, samt 315 – Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak.

I funksjon 265 ligg utleige av alle kommunale eigedomar som trygdebustadar, omsorgsbustadar og andre kommunale bustadar. Bustadane som Kvam herad eig sjølve, er utleigd til personar med spesielle behov eller flyktningar.

I 2016 disponerte Kvam herad totalt 238 bueiningar. Av desse eig kommunen 193. Desse er fordelt på:

- 168 trygde- og omsorgsbustadar
- 25 utleigebustadar

Omsorgsbustadane og trygdebustadane er lokalisert i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm.

Bruk av framleigeavtalar er i stor grad avvikla, og talet på framleigeavtalar redusert frå 15 til 5 i 2016. Attståande framleigeavtalar skuldast i stor grad behov for bustadar til flyktningar.

Ut over dette disponerer Kvam herad i tillegg 24 privateigde bueiningar.

Kommunen vidareformidlar husbanklån (funksjon 283) og Husbanken sine tilskotsordningar.

I 2015 vart det utbetalt kr 10,7 millionar i startlån til 14 ulike låntakarar. I budsjettframlegget ligg det inne eit låneopptak og vidareformidling av dette på 10 mnok.

Funksjon 315 gjeld ei kommunegeologstilling i Kvam. Denne inngår i eit interkommunalt samarbeid, der Kvam er vertskommune, og der stillinga vert delfinansiert med vidaresal til dei andre deltakarkommunane. Deltakarane i det interkommunale samarbeidet er Kvam, Fusa, Ullensvang, Ulvik, Jondal, Eidfjord og Kvinnherad. Opphavleg deltok også Masfjorden og Modalen kommune i det interkommunale samarbeidet, men desse gjekk ut av samarbeidet ved årsskiftet 2015/2016. I Kvam har kommunegeologen jobba med radonkartlegging, rådgjeving i plan- og byggesaker, uromeldingar, skredhendingar, overvatn, flaumkartlegging m.m. Vidare har arbeidet vore fokusert rundt oppfølging av bestillingar frå samarbeidande kommunar, nettverksarbeid, opplæring, m.m.

4.18.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak i budsjettår	Resultat
Vedlikehald	Redusera vedlikehalds- etterslep	Betra kvaliteten på bustadane me har gjennom auka vedlikehald både utvendig og innvendig	Ved skifte av bebuarar har kommunen prøvd å få oppgradert bustadane til dagens standard. Grunna avgrensa midlar har dette likevel vorte avgrensa til å prioritera dei dårlegaste bustadane. Trygdebustadar i Hatlevegen er utbetra og malt. Kommunen har starta arbeidet med å måla trygdebustadane i Rokabrekka. Det er laga nytt tak over fellesarealet på trygdebustaden i Rokabrekka.

Bustadbehov	Dekkja behov for kommunale bustadar	Sikra behovet for kommunale bustadar ved kjøp av eksisterande bustadar	Kommunen har kjøpt eit bustadhus ved Movatnet hausten 2016, med overtaking i februar 2017.
Bustadbehov	Dekkja behov for kommunale bustadar	Byggja nye tilpasse bustadar, gjerne modulbygg med 12 - 16 bustadar for små gjennomgangsbustadar	Kommunen har kome i gong med bygging av to modulbustadar på Sandven.
Bustadbehov	Dekkja behov for bustadar til vanskelegstilte	Hjelpe Kvam Bustadstifting med planlegging og bygging av fleire bustadar	Kommunen har bistått Kvam Bustadstifting i arbeidet med å etablera ein ny, større og fleksibel bustadbygning på Sæland i Norheimsund.
Bustadbehov	Dekkja behov for kommunale bustadar	Hjelpe NAV si flyktningavdeling med tilrettelegging av bustadar og informasjon om korleis dei skal kunna bu godt i norske hus	Avdelinga har bistått NAV i arbeidet med å finna og inngå leigekontraktar til bruk for flyktningar. Det er gjennomført ein runde med bustadskule for nye flyktningar i kommunen.

4.18.3 Økonomiske rammer

Bustad	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
265 Kommunal disponerte bustader	-8 451	-8 912	461	-8 326	-124	-8 726
283 Bistand til etabl. av eigen bustad	125	5	121	26	100	3
315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	85	743	-658	130	-45	129
Bustad	-8 241	-8 165	-76	-8 171	-69	-8 594

Funksjon 265 har eit mindreforbruk på 0,1 mnok i 2016. Tap på husleige krav vart på 0,3 mnok meir enn budsjettert på funksjonen. Inntektene vart 1,3 mnok høgare enn budsjettert då del av inntekta ved ein feil vart budsjettert på funksjon. 265. Eit statleg tilskot til ekstra vedlikehald er budsjettert med 0,8 mnok på funksjon 265, men motteke som rammetilskot.

Funksjon 283 har eit meirforbruk på 0,1 mnok. Det er motteke 0,1 mnok mindre i rente på utlån.

Mindreforbruket i funksjon 315 gjeld høgare refusjonar frå andre kommunar, elles ingen vesentlege budsjettavvik.

4.19 Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft

4.19.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 320 – Kommunal næringsverksemd, 321 – Konsesjonskraft, kraftrettar og anna kraft for vidaresal, 325 – Tilrettelegging og stønad for næringslivet, 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.

Kvam herad disponerer årleg eit kraftvolum på 167,6 GWh. 60,9 GWh er konsesjonskraft. Det meste kjem frå Bjølvo kraftverk (37,9 GWh) og Samnanger (BKK, 21,7 GWh). Kommunen disponerer òg 106,7 GWh årleg frå Bjølvo kraftverk som heimfall. Ishavskraft sel krafta til kommunen.

Innanfor funksjon 325 ligg òg ansvar for prosjektarbeid, kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift, reiseliv og turistveg, internasjonalt arbeid m.m. Kommunen mottek òg om lag 4 mnok i konsesjonsavgift som vert sett av på eit næringsfond. Fondet kan brukast til ulike næringsstiltak.

Landbruksforvaltninga organiserer veterinærvakt som vert refundert av staten.

Landbrukskontoret i Kvam tek seg av saker innanfor landbruksforvaltninga

- Søknader om produksjonstilskot, 185 stk.
- Søknader om sjukeavløysing
- Søknader om regionalt miljøprogram
- Søknader om spesielle miljøtilskot i landbruket
- Søknader om tidlegpensjon
- Søknader om organisert beitebruk
- Skrivning av fråsegner
- Motorisert ferdsle i utmark
- Hjorteviltutvalet
- Hjortejakt
- Skogsvegar
- Skogkultur
- Skogavgift

Det vert leigd inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang. Kontoret er og førstelinje for søknader til Innovasjon Norge

4.19.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Salsstrategi kraft (HST-010/16)	Policy: Maksimera utbytte, men redusera risiko for svingingar i inntektene til eit akseptabelt nivå	Selja kraft i spotmarknad, men vurderer å inngå faste kontraktar dersom det vert vurdert lønsamt	Krafta vart seld i spotmarknaden i 2016, men det vart inngått fastprisavtalar for 2017.
Ivareta kraftrettar	Sikra kommunen sine rettार knytt til produksjon av kraft	Medlemsskap i LVK Delta på LVK sine samlingar	Gjennomført

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat 2016
<i>Skapa nye lokale arbeidsplassar.</i>	<i>Verdiskaping igjennom samarbeid. Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar.</i>	<i>Kvam herad skal vera med å bidra til nye arbeidsplassar og skal derfor bidra både økonomisk og med menneskelege ressursar ved omstillinga på Tine meierier.</i>	Saman med Tine og Hordaland fylkeskommune er det etablert eit prosjekt for å sjå på nye produksjonar i bygningane til meieriet.
	<i>Kvam herad har som mål å skapa like mange nye og lønsame arbeidsplassar som samanliknbare kommunar</i>	<i>Gjennomføra kommunedelplan for næring og kompetanse.</i>	206 nye foretak vart registrert i Kvam i 2016.
<i>Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi.</i>	Skapa ein god sentrumsnær, samlokalisert offentleg vidaregåande skule som er attraktiv for ungdom, som har eit godt rykte og som kan trekkja til seg ungdom frå naboregionar. Kvam må gje ungdom ein kompetanse som næringslivet lokalt treng.	Ta initiativ overfor skular, grunneigarar og fylkeskommune. Bidra til å skapa eit attraktivt samfunn for ungdom også på kveldstid.	Etablert god kontakt med Hordaland fylkeskommune for å finna tomt og sjå på romprogram.
Styrka det etablerte og utvikla det særeigne	Sikra eksisterande industri og næring og leggja til rette for at næringa kan vera levande innan sitt felt.	Kvam herad skal sikra naudsynt areal gjennom arbeid med kommuneplanen. Opparbeida næringsareralet som er regulert i Sandvenhagen.	Det er fleire tomter under utvikling i Sandvenhagen. Rykkje transport er etablert i nytt bygg og god prosess med BIR A/S om ny avfallsstasjon.
Skapa opplevingar og innhaldsrik fritid.	Profesjonalisera Kvam som opplevingskommune.	Kvam herad skal bidra med kurs gjennom det regionale prosjektet «Kompetansepakke for reiselivet»	Prosjektet er etablert, med støtte frå Kvam herad. Kursa er ikkje komne i gong endå.
	Utvikla og byggja arena for kultur og aktivitet. Utgreia om eit samarbeid med den nye vidaregåande skulen er mogleg.	Leggja til rette, delfinansiera, bidra med kompetanse	I planlegginga av den nye vidaregåande skulen er dette eit sentralt punkt for Kvam herad.

	Utvikla og byggja Hardangerbadet som eit attraktivt mål og folkehelseiltak	Leggja til rette, delfinansiera, bidra med kompetanse.	Det vart arbeidd med å få til ei løysing på hotelldelen i 2016. Dette ser ut til å verta avklara våren 2017.
Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi	Det skal vera mogleg å etterutdanna seg i Kvam. Arbeidstakarar som ynskjer å auka kompetansen sin bør ha moglegheit til etterutdanning spesielt på område der næringsliv og kommunen manglar kompetanse	Kvam skal synleggjera moglegheit for etterutdanning og kompetanseheving spesielt gjennom <i>Stiftelsen for høgskoleutdanning i Hardanger</i> .	Kvam deltek og støttar opp under <i>Stiftelsen for høgskoleutdanning i Hardanger</i> . Det er etablert fjernstudie i Næringshagen i Hardanger. Bruken av tilbodet må opp om det skal kunna fortsetja.
Skapa gnist og kreativ framtidsetta næring	Få fleire arbeidsplassar til å flytta til Kvam. Leggja til rette for at større firma kan ha kontor plass i Kvam både på heiltid og deltid.	Leggja til rette - støtta opp med aksjekapital til Næringshagen i Hardanger.	Næringshagen i Hardanger fekk endeleg status som næringshage i SIVA-systemet i juni 2016. Kvam herad vil følgja opp satsinga m.a. med aksjekjøp.
	Inspirera til å tenkja nytt og å skapa verdiar.	Alle elevar i grunnskulen skal gjennom tre program i Ungt Entreprenørskap	Også i 2016 fekk alle elevane på utvalgte trinn dette tilbodet. Det er òg gjennomført elevbedrift for dei elevane som ynskjer det i ungdomsskulen.
	Kvam skal vera gründervenleg og gje nøyaktig og nødvendig informasjon til dei som ynskjer å etablere bedrift i Kvam.		Saman med dei andre kommunane i Hardanger har ein etablert Team Hardanger som er eit samarbeid om førstelinjetenesta i kommunane. Det er òg halde etablerarkurs og utlysing av regionale etablerarstipend. I 2016 fekk Kvam 3 av 9 stipend.

4.19.3 Økonomiske rammer

Næringsforvaltning og konsesjonskraft	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
320 Kommunal næringsverksemd	-12	-214	202	-1 423	1 412	-1 423
321 Kraftinntekter	15 635	966	14 669	16 221	-586	532
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	2 753	3 974	-1 221	3 855	-1 102	2 649
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsliv	175	415	-240	324	-149	324
Næringsforvaltning og konsesjonskraft	18 552	5 140	13 412	18 977	-426	2 082

Avviket på funksjon 320 Kommunal næringsverksemd med 1,4 mnok skuldast ei feilbudsjettering, der midlane skulle lege på funksjon 265.

Funksjon 321 Kraftinntekter har eit netto mindreforbruk på 0,6 mnok betre enn budsjettert. Inntekta på heimfallskraft kjem i skjema 1A, og vart 1,7 mnok betre enn budsjettert.

Utgiftene til kjøp av heimfallskraft vart 0,4 mnok høgare enn budsjett, der utgiftene til skatt auka med 0,5 mnok, men kjøp av kraft vart 0,1 mnok lågare.

Inntektene frå konsesjonskraft vart 1 mnok betre enn budsjettert.

På funksjon 325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet vart det eit mindreforbruk på 1,1 mnok. Kommunen fekk 1,3 mnok i Bulyst-midlar som ikkje var budsjettert. Kjøpsutgiftene vart 0,3 mnok høgare til m.a. konsulentkjøp. Det vart utbetalt 0,1 mnok mindre i næringstilskot enn budsjettert.

Funksjon 329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsliv har eit netto mindreforbruk på 0,1 mnok. Det vart eit mindreforbruk på 0,2 mnok som følgje av permisjonar. Det er brukt 0,1 mnok meir i kjøp av tenester frå Ullensvang.

4.20 Brann og ulukkesvern

4.20.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 338 – Førebygging av brannar og andre ulukker og 339 – Beredskap mot brannar og andre ulukker.

Kvam brann- og redningsteneste (KVBR) er ei avdeling under teknisk eining. Avdelinga har eit mannskap på totalt 53 personar, 9 bilar og er lokalisert på dei 4 brannstasjonane i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Oma. Tenesteområdet omfattar ansvaret for det akutte rednings- og beredskapsarbeidet i kommunen, feiartenesta, branntilsyn og førebyggjande arbeid. I tillegg har avdelinga inngått avtale om «First responder». Dette er ein avtale som er inngått med Norsk Luftambulansse, og som gjeld livreddande førstehjelp fram til ambulansen er på staden.

Organiseringa av tenesta og kompetansekrav til mannskapet er i stor grad bestemt av dimensjoneringsforskrifta, og vert følgt opp av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB).

Det er ikkje krav til kontinuerleg vaktmannskap i kommunen, men for Norheimsund og Øystese er det krav til fast vaktordning. Vaktordninga vert gjennomført med vaktlag som går vakt kvar 5. veke, medan overbefal går vakt kvar 4. veke. Intervallforskjellen medfører at overbefalet sirkulerer mellom heile mannskapsstyrken, og vert dermed betre kjent med den totale styrken i avdelinga.

For Oma og Ålvik er det ikkje krav til vaktordning, og mannskapet her har derfor ikkje krav til responstid ved utkalling. For å sikre tilgjengelege resursar, vert det derfor likevel sett vaktlag ved behov i feriar og høgtider.

I Ålvik er brann- og redningstenesta organisert i eit samarbeid med industrivernet ved Elkem Bjølvefossen. Mannskapet er derfor tilsett ved Bjølvefossen, men rykker og ut til hendingar utanfor bedrifta sitt område.

4.20.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Organisering	Organisasjons-gjennomgang	Gjennomføra ein organisasjons-gjennomgang av avdelinga	Arbeidet med vurdering av krav til brannstasjonar vart starta i 2016. Vidare vart det utarbeidd mandat for prosjekt knytt til organisasjons-gjennomgang av Kvam Brann og Redning. Dette prosjektarbeidet vil halda fram i 2017.
Kompetanse	Laga utdanningsprogram	Sikra nødvendig kompetanse gjennom eit utdanningsprogram i samarbeid med Lindås, Meland, Fjell og Sund kommuner	Manglande utrykningskompetanse måtte prioriterast under årets kursmidlar. Arbeidet med felles utdanningsprogram har derfor ikkje vorte gjennomført i 2016

Utstyr	Fornyning av utstyr	Leggja til rette for ein planmessig fornyning av maskinparken, samt sikra at denne vert billegare og meir føremålstenleg enn den eksisterande	Det er gjennomført ei kartlegging knytt til fornyingsbehov av maskinparken. Uttrykingskøretøy har vorte ustyr med nytt digitalt naudnett samt tilhøyrande GPS/kartsystem. Redningsbil i Ålvik har vorte bytta ut i samarbeid med Elkem Bjølvefossen.
Førebygging	Styrka det brannførebyggjande arbeidet i kommunen	Styrka det førebyggjande arbeidet, særleg knytt opp mot eldreomsorga	Ny brannførebyggjande forskrift tok til å gjelda frå 1.1.2016. Politisk handsaming om «Endra brannførebyggjande arbeid» vart vedteke av HST i mai 2016. Prosjektet «Branntryggleik for risikoutsette grupper» er tenkt starta opp i april 2017, og er tenkt over i driftfase i løpet av 2018.

4.20.3 Økonomiske rammer

Brann og ulykkesvern	Rekneskap 2015	Rekneskap 2015	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/ budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavelag
338 Førebyggjing av brannar og andre ulukker	643	928	-285	918	-275	918
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	7 991	6 110	1 881	6 690	1 301	6 690
Brann og ulykkesvern	8 635	7 038	1 596	7 608	1 026	7 608

Funksjon 338 hadde eit mindreforbruk på 0,3 mnok då utgiftene til feiing vart lågare.

Funksjon 339 hadde eit meirforbruk på 1,3 mnok over budsjett i 2016. Lønsutgiftene vart 0,6 mnok høgare på grunn av for lågt budsjetterte faste tillegg (0,3), høgare utgifter til utrykning (0,2) og lågare sjukelønsrefusjon (0,1). Grunna manglande fakturering frå Elkem Bjølvefossen ASA for brann- og ulykkesvern i 2014 og 2015, vart det i 2016 eit meirforbruk på 0,7 mnok.

4.21 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde

4.21.1 Om tenestene

Funksjon gjeld lønsutgifter til leirskuletilbod i regi av Hardanger Fartøyvernssenter og betaling av låneavdrag til Jondalstunnelen og tilskot til Hordalandsdiagonalen. Stilling på leirskulen sto vakant i 2016.

4.21.2 Økonomiske rammer

Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	Rekneskap 2016	Rekneskap 2016	Endring 2016-2015	Budsjett 2016, justert	Avvik rekneskap/budsjett 2016	Budsjett 2016, opphavsleg
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	1 914	1 701	212	1 799	115	2 006
Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	1 914	1 701	212	1 799	115	2 006

Kommunen mottok 0,1 mnok meir i refusjonar til leirskule, men avdraget til Jondalstunnelen vart 0,1 mnok lågare enn budsjettet. Tilskotet til Hordalandsdiagonalen på 0,3 mnok er ført her (budsjettet på funksjon 100).

4.22 Fellestema: Kommunale bygg

4.22.1 Om tema

Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar er samla under avdelinga for FDV-Bygg i teknisk eining. Arbeidet innanfor temaområdet «Kommunale bygg» omfattar dei kommunale formålsbygga (samla meir enn 70 000 m²) for alle tenesteområda, og der utgiftene er fordelt på dei enkelte rammeområda. Dei kommunale formålsbygga omfattar mellom anna rådhus, barnehagar, skular, institusjonar, legesenter, helsestasjonar, offentlege toalett og museum.

Når det gjeld forvaltingsansvaret, så omfattar dette ansvaret for ein best mogleg bruk av egne bygg og utleige av ledige lokalar. Driftsansvaret omfattar mellom anna reinhald, internkontroll, renovasjon, tele- og straumabonnement, uteområda rundt bygga og flaggheising på offentlege flaggdagar. Vedlikehaldsansvaret omfattar registrering, planlegging og gjennomføring av vedlikehaldsoppgåver. Av ressursomsyn vert vedlikehald prioritert høgast for pleieinstitusjonar, barnehagar og skular.

Ut over dette, omfattar tenesteområdet òg ansvaret for gjennomføring av investeringsprosjekt knytt til nye eller eksisterande bygg. Prosjekta vert gjennomført med egne eller leigde ressursar, og omfattar alt frå små prosjekt til større utbyggingsprosjekt som barnehageprosjektet i Kvam. I løpet av 2015 har avdelinga for FDV-Bygg vore involvert i nærare 40 ulike prosjekt.

Til avdelinga høyrer 36 faste årsverk, der reinhald utgjer den klart største med 26 faste årsverk.

4.22.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak	Resultat
Vedlikehald	Redusera vedlikehaldsetterslep	Redusera vedlikehaldsetterslepet på eldre bygningsmasse	Det er lagt nytt tak på Øystesehallen, samt på ein fløy av Tørvikbygd skule.
Vedlikehald	Vedlikehaldsvenlege bygg	Sikra god standard på nye bygg	Omsynet til vedlikehaldsvenlege bygg har vorte vektlagt i alle kommunale prosjekt, t.d. barnehage-prosjektet, Ålvik skule og i planlegginga av tilbygg til Øystese-heimen.
Planlegging	Vedlikehaldsplanar	Laga gode oversiktlege vedlikehaldsplanar	Arbeidet med kartlegging av kommunale bygg er starta, men prosjekt-midlane er overført til 2017.
Ressursutnytting	Organisering av FDV Bygg	Mest mogleg effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar	I 2016 vart vedlikehaldssonane for Øystese og Norheimsund slått saman og lokalisert saman med kommunalteknikk VAV på Sandven.

			Organisasjonsendringa og plassering av tenestene legg til rette for betre samarbeid og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar innanfor teknisk eining.
Samarbeid	Dialog og samspel med brukarar	Sikra god dialog og samspel med brukarar av dei kommunale bygga	Det er arbeida med å få meldingar og avviksmeldingar frå brukarar inn i kommunen si digitale arbeidsbok, samt redusera talet på munnlege varsel gjennom telefon eller direktekontakt.
Bygningsmasse	Sal av bygningar	Redusera heradet sin bygningsmasse der ein ikkje har noverande eller framtidige eigarbehov	Salsprosessen for Soltorp og Steinsdalen skule er starta opp.
Organisering og arbeidsmetodar	LEAN	Gjennomføra ein organisasjonsgjennomgang av avdelinga, samt sikra kontinuerleg forbetring i effektivitet og arbeidsmetodar	Ut over samanslåing av vedlikehaldssonane i Norheimsund og Øystese, samt plasseringa av den samanslåtte avdelinga saman med avdelinga for kommunalteknikk VAV på Sandven, er det meldt inn oppstart av eit LEAN-prosjekt knytt til FDV-bygg sine arbeidsrutinar. LEAN-prosjektet skal både sjå på handteringa av innkomne avviksmeldingar og gjennomføring av vedlikehaldsoppdraga.
Internkontroll	IK-prosjektgjennomføring	Slutføra arbeidet med internkontroll knytt til prosjektgjennomføring	Arbeidet med internkontroll for prosjektgjennomføring er i stor grad fullført, men der endeleg slutføring avventar implementering av nytt digitalt kvalitetssystem i Kvam herad.

4.23 Fellestema: Sosiale utgifter

Dei sosiale utgiftene inkluderer

- pensjon (56,2 mnok i 2016 mot budsjettert 55,7 mnok)
- premieavvik på pensjon (0,1 mnok mot budsjettert -2,7 mnok)
- sikringsfond (0 mot budsjettert 0,1 mnok)
- overføring frå premiefond (-3,4 mnok mot budsjettert 0)
- gruppelivsforsikring (0,7 mnok, som budsjettert)
- arbeidsgjevaravgift (63,6 mnok mot budsjettert 60,3 mnok)
- arbeidsgjevaravgift av premieavvik (0 mnok mot budsjettert -0,4)
- redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon (-3,8 mnok mot budsjettert -2,3)

